



Biologisk mangfold i Surnadal kommune

Supplerande naturtypekartlegging

 **MILJØFAGLIG
UTREDNING AS**

Gaarder, G. & Stenberg, I. 2009. Biologisk mangfold i Surnadal kommune. Supplerande naturtypekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009:33. ISBN 978-82-8138-362-3.

Biologisk mangfald i Surnadal kommune

SUPPLERANDE NATURTYPEKARTLEGGING

Forsidebilde: Rik sumpvegetasjon på sørsida av Søya, ved Mariøya sør for Myrvang (lokalitet 511). Den regionalt sjeldsynte sumpskogsplanta langstorr veks her. Elles førekjem fleire raudlista lavartar, og det er ein god del gammal oreskog. Foto: Geir Gaarder

Miljøfaglig Utredning AS

Rapport 2009:33

| | |
|---|---|
| Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS | Prosjektansvarleg: Geir Gaarder |
| | Prosjektmedarbeider(e): Ingvar Stenberg |
| Oppdragsgjevar: Møre og Romsdal fylke, miljøvern- delinga, Surnadal kommune | Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse (Fylkesmannen), Bodli Gjeldnes (Surnadal kommune) |
| Referanse: Gaarder, G. & Stenberg, I. 2009. Biologisk mangfald i Surnadal kommune. Supplerande naturtypekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009-33: 1-28 + vedlegg. ISBN 978-82-8138-362-3. | |
| Referat: Det er utført ei supplerande kartlegging av naturtypar i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke, på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke og Surnadal kommune. Oppdraget har i nokon grad omfatta ein sjekk av kvaliteten på allereie registrerte lokalitetar, men hovudsakleg kartlegging av nye lokalitetar. Informasjon om lokalitetane er lagt inn i databasen Natur2000. I Surnadal kommune har vi kartlagt 112 lokalitetar; i alt 10 myrlokalitetar, ein lokalitet i rasmark og berg, 3 fjell-lokalitetar, 12 kulturlandskapsmiljø, to lokalitetar i ferskvatn/våtmark, 78 skogsmiljø og 7 havstrandmiljø. 24 lokalitetar har fått verdien svært viktig A (flesteparten er rike edellauvskogar), 48 har fått verdien viktig – B og 41 har fått verdien lokalt viktig – C. Berre eit fåtal av undersøkte lokalitetar var registrert i tidlegare naturtypekartlegging (Aune 2005). Eit par lokalitetar i brakkvassmiljøa ved utløpet av Surna har fått vesentleg oppjustert verdien, elles vart det ikkje funne indikasjonar på store veikskaper ved det gamle data-settet (men ofte vel kortfatta omtaler). Det vart gjort ei samanlikning med MiS-kartlegginga i kommunen (m.a. vart 37 MiS-figurar sjekka). Det var store avvik mellom resultatane, og MiS-dataene er vurdert som lite eigna til bruk i naturtypekartlegginga. Det er i tillegg ein klar tendens til at dei mest verdifulle naturtypelokalitetane er fanga dårleg opp i MiS-kartlegginga. Resultatane frå den supplerande kartlegginga har medført ein vesentleg auke i talet på verdifulle naturtypar i Surnadal kommune, og kunnskapen om det biologiske mangfaldet her har vorte ein god del betra. Det er likevel klart at det framleis står att mykje å finne og at ei rekke verdifulle naturtypelokalitetar framleis ikkje er kjent i kommunen. | |
| 4 emneord: Biologisk mangfald Surnadal Naturtypar Registrering | |

Forord

Miljøfaglig Utredning AS har utført ei supplerande kartlegging av naturtypar i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke.

Utredninga er utført på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke i samarbeid med Surnadal kommune. For Fylket har Kjell Lyse vore kontaktperson, medan Bodil Gjeldnes har vore kommunal kontakt. Prosjektet har vore gjennomført i samarbeid med Rindal og Halså kommunar, der respektive Vebjørn Knarrum og Erlend Snøfugl har vore ansvarlege. Alle får med dette ein takk for samarbeid og hjelp med framskaffing av eldre data. I tillegg skal Perry G. Larsen har takk for bidrag under kartlegging av nokre lokalitetar. Takk også til Tore Gjul i Surnadal kommune for m.a. framskaffing av MiS-data frå kommunen og til Asbjørn Børset i Møre og Romsdal fylke for utarbeiding av oversiktskart.

Prosjektansvarleg for Miljøfaglig Utredning har vore Geir Gaarder. I tillegg har Ingvar Stenberg, Kvanne i Surnadal, delteke både under feltarbeid og med skriving av faktaark og rapport.

Tingvoll/Kvanne, 24/10 2009

Miljøfaglig Utredning AS

Geir Gaarder

Ingvar Stenberg

Innhald

| | |
|--|----|
| Forord..... | 4 |
| Innhald | 5 |
| 1 Innleiing..... | 6 |
| 2 Metode..... | 8 |
| 2.1 Generelt | 8 |
| 2.2 Verdisetting..... | 8 |
| 2.3 Forklaring av ord og uttrykk..... | 9 |
| 3 Resultat..... | 11 |
| 3.1 Vurdering av gamle lokalitetar | 11 |
| 3.2 Samanlikning og nytte av utført MiS-kartlegging..... | 12 |
| 3.3 Nye lokalitetar | 18 |
| 3.4 Raudlisteartar..... | 22 |
| 4 Oppsummering og oppfølgjande arbeid | 25 |
| 5 Skriftlege kjelder | 27 |
| VEDLEGG FAKTAARK FOR REGISTRERTE LOKALITETAR..... | 28 |


1 Innleiing

I Stortingsmelding nr. 58 om bærekraftig utvikling (Miljøverndepartementet 1997) bestemte Stortinget at «alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av år 2003». Direktoratet for naturforvaltning (DN) har utarbeidet ei handbok til hjelp for kommunane i kartleggingsarbeidet (Direktoratet for naturforvaltning 1999, seinast supplert i 2007).

Surnadal kommune fekk slutført første gongs kartlegging i 2005, sjå Aune (2005) for opplysningar om arbeidet. Som for dei andre kommunane som har gjennomført prosjektet, har arbeidet i Surnadal kommune i etterkant vorte kvalitetssjekka av Fylkesmannen og DN. Dette har skjedd utan noko kontroll i felt.

For mange kommunar har ikkje naturtypekartlegginga vore av tilfredsstillande kvalitet, og for ein del kommunar har det vore nødvendig å avvise heile datasettet. Dette gjeld ikkje for Surnadal kommune, men Møre og Romsdal fylke fann det likevel ønskeleg å få gjennomført ein feltkontroll av nokre lokalitetar, samtidig som det vart supplert med undersøking av nye område. Surnadal kommune var samtidig også interessert i ei supplerande kartlegging. Tilsvarande var situasjonen i Halså og Rindal, noko som førte til eit felles prosjekt for desse tre kommunane (kommunane var også saman om kartlegginga fyrste gong). Kartlegginga har vorte finansiert gjennom direkte tilskot frå Møre og Romsdal fylke, bidrag frå dei tre kommunane, samt at dei også fekk overført skjønnsmidlar frå kommunal- og regionaldepartementet til prosjektet. For Rindal og Surnadal kjem i tillegg noko midlar frå Direktoratet for naturforvaltning, øremerka for utvalte bekkeløfter.

Målsettinga med denne rapporten er å gi ein kortfatta oversikt over resultatane frå dette prosjektet for Surnadal kommune sin del, samt nokre råd om korleis ein skal gå fram for å få ei enda betre naturtypekartlegging i kommunen. Resultatane frå dei fleste undersøkte lokalitetane er samtidig lagt inn i den nyaste versjonen av databasen Natur2000, og resultatane skal derifrå kunne overførast direkte til Naturbase. På figur 1 på neste side er alle nye lokalitetar vist på eit grovt oversiktskart (utarbeidd av Asbjørn Børset i Møre og Romsdal fylke, miljøvernavdelinga).



2 Metode

2.1 Generelt

Direktoratet for naturforvaltning (2007) si handbok i kartlegging av biologisk mangfald har vore ei sentral rettesnor for korleis arbeidet har vorte lagt opp. Handboka sine metodar for kva for naturtypar som skulle registrerast, verdsettast og presenterast, har vore styrande.

Handboka deler norsk natur inn i 7 hovudtypar og har valt ut 56 naturtypar innanfor disse som skal prioriterast i kartlegginga. Den same hovudinndelinga og dei same prioriteringane av naturtypar er brukt i dette prosjektet. Også handboka sitt verdsettingssystem er brukt, samt at alle lokalitetar er lagt inn i ein egen database. Som databaseverktøy er *NaturkartDA sin base Natur2000* brukt (denne er grunnlagt på programmet FileMakerPro). I tillegg er lokalitetane avgrensa på kart, medan Møre og Romsdal fylke i neste omgang har teke ansvar for å digitalisere dei.

Som grunnlag for prosjektet vart det motteke ein eldre, tidlegare nytta versjon av Natur2000 i prosjektet, der Aune (2005) hadde lagt inn sine data (versjonen var ikkje heilt oppdatert i høve til data som har ligge inne i Naturbasen).

Prioritering av feltinnsatsen vart gjort på basis av ulike kriterium. Det eine var tidlegare evaluering frå DN og Møre og Romsdal fylke om kvaliteten på eksisterande data, der det for nokre lokalitetar vart sett som ønskjeleg med nytt feltarbeid (som følge av for kortfatta skildringar, dårleg grunngeving av verdi eller gamle data). Einskilde av desse vart sjekka, men ikkje mange (sjå nærare omtale i kapittel 3.1). I tillegg har Allskog ganske nyleg utført ei MiS-kartlegging (Miljøregistrering i Skog) i kommunen, og det var eit ønskje å sjekke om dette kunne nyttast i naturtypekartlegginga (sjå nærare omtale i kapittel 3.2.). Det vart elles teke direkte kontakt med Allskog v/Ola Bakken angående erfaringane han hadde med denne kartlegginga. Kommunen var elles m.a. interessert i at vi såg nærare på m.a. bekkekløfter og attraktive areal for hyttebygging.

Under feltarbeidet har det vorte samla inn belegg av raudlisteartar og andre regionalt sjeldne artar. Disse er oversendt Botanisk Museum i Trondheim eller Oslo. Namnebruk for artane er basert på vanleg, gjeldande namnsetting og systematikk for dei ulike artsgruppene.

2.2 Verdisetting

Alle lokalitetar er verdsett etter Direktoratet for naturforvaltning (2007) sitt system, som deler inn lokalitetane i **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I tillegg kjem område som er **lokalt viktige (C)**.

Det er satt opp 5 kriterium for verdisseting av lokalitetane:

- Storleik og kor godt utforma dei er (verdien aukar med storleiken og kor godt utforma dei er)
- Grad av tekniske inngrep (tekniske inngrep reduserer verdien)
- Førekost av raudlisteartar (verdien aukar med tal og trugsmåla)
- Preg av kontinuitet (verdien aukar med miljøet sin alder)
- Sjeldsynte utformingar (nasjonalt og regionalt)

Førekost av raudlisteartar er ofte eit vesentlig kriterium for å verdisetse ein lokalitet. Ny norsk raudliste kom hausten 2006 (Kålås m.fl. 2006). Der er IUCNs kriterium for raudlisting av artar (IUCN 2005) brukt i raudlistearbeidet, og dette har m.a. ført til at ein del artar med store førekostar, men som der det er dokumentert at dei går attende, har vorte ført opp på raudlista. De nye raudlistekategoriene med rangering og forkortingar er (med engelsk namn i parentes) :

- RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
- CR – Kritisk truga (Critically Endangered)
- EN – Sterkt truga (Endangered)
- VU – Sårbar (Vulnerable)
- NT – Nær truga (Near Threatened)
- DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles vises det til Kålås m.fl. (2006) for nærare forklaring av inndeling, metodar og utval av artar for den norske raudlista. Der er det også kortfatta gjort reie for kva for miljø artane lever i og viktige typar trugsmål.

2.3 Forklaring av ord og uttrykk

Her følgjer korte forklaringar på nokre del ord og uttrykk som er brukt.

Biologisk mangfald: Dette er mangfaldet av alt levande. Uttrykket skal både omfatte variasjonen av naturtypar, av artar og mellom artar (genetisk variasjon). Det vert ofte fokusert sterkt på å ta vare på mangfaldet av artar, men det er viktig å få med seg at vi også må ta vare på variasjonen av naturtypar, sjølv om disse ikkje alltid er spesielt artsrike eller inneheld truga artar, og at vi ikkje berre må ta vare på levedyktige førekostar av ein art, men også den naturlege, genetiske variasjonen til arten.

Naturtype: Naturtypar er eit praktisk, forvaltningsretta verktøy for å kunne dele inn naturen i einingar eigna for grensesetting og kartlegging. Direktoratet for naturforvaltning (2007) skriv det slik i si rettleiing for den kommunale kartlegginga: "Naturtypene er et slags felles multiplum der en prøver å fange opp alle de viktigste variasjoner på økosystemnivå". Inndelinga er biologisk basert, men er utan ein einskapleg naturfagleg basis. Fagleg grunnlag og vinkling på kartlagde naturtypar varierer difor, og systemet er planlagt revidert.

Raudliste: Se eiga oversikt i kapittel 2.2. Raudlister er ingen fasit for status til artsmangfaldet og dei femner ikkje om heile variasjonsbredda til det biologiske

mangfaldet. Dei har likevel vist seg å få svært stor gjennomslagskraft i miljøforvaltninga i dei seinare åra, m.a. fordi dei er oversiktlege, konkrete, dei rangerer artene og dei gjør det mogeleg å samanlikna artar og område.

Signalart: Ein art som indikerer miljø med høye naturverdiar.

Vegetasjonstypar: Dette er plantesamfunn som stiller ganske like krav til næring og fukt, og kor same artar går att der disse tilhøva førekjem.



Figur 2. Velutvikla, rike hasselkratt på Grønneset, mellom Kvanne og Stangvika. I den sørvestvendte fjordlia nordafor Kvanne er det fleire stader artsrike og velutvikla rike hasselkratt med førekomst av fleire kravfulle og dels raudlista karplanter. Hasselkratta har i liten grad vore sjekka for marklevande sopp hittil, men bør kunne vere vekseplass for fleire raudlisteartar i denne organismegruppa også. Foto: Geir Gaarder

3 Resultat

3.1 Vurdering av gamle lokalitetar

I Surnadal kommune var det frå før registrert verdifulle naturtypar på 98 lokalitetar (Aune 2005). Av disse var det 19 A-lokalitetar, 31 B-lokalitetar, 29 C-lokalitetar og 19 uprioriterte. Noko av målsettinga med dette prosjektet var å sjekke opp tidlegare naturtypekartlegging i kommunen, men dette skjedde i liten grad. Grunnen er i fyrste rekke følgjande faktorar:

1. Det var i utgangspunktet berre eit avgrensa tal lokalitetar som Møre og Romsdal fylke såg på som for dårleg dokumenterte (DN hadde i si evaluering med ein del fleire, men Fylkesmannen sin gjennomgang i etterkant vurderte at fleire lokalitetar hadde tilstrekkeleg dokumentasjon, sjølv om dette ikkje alltid kom fram av omtalene).
2. Dei fleste av lokalitetane som Møre og Romsdal fylke såg på som for dårleg dokumenterte ligg ganske avsides til og er relativt arbeidskrevjande å kontrollere. Dette gjeld fleire lokalitetar med rik fjellvegetasjon (i Trollheimen) og fleire myrlokalitetar (opp mot snaufjellet). Prosjektansvarleg vurderte nykartlegging av lettare tilgjengelege lokalitetar som meir kostnadseffektivt.
3. Eit par lokalitetar ligg innafør etablerte naturreservat. Det vart ikkje sett på som rett prioritering av ressursane å bruke tid på å sjekke innafør reservatgrenser i dette prosjektet.

Som ein følge av dette vart svært få tidlegare kartlagde lokalitetar kontrollerte under den supplerande undersøkinga i 2008. Det vart gjort ei eiga vurdering av lokalitetane som låg inne i datasettet på førehand, men vi fann ikkje grunnlag for å bruke mykje ressursar på å sjekke dei opp att på ny. Det er opplagt at nye undersøkingar i felt ville ført til at omtrent alle lokalitetar kunne omtalast meir utfyllande, men ei grov vurdering tilsa at t.d. naturtypar og verdisetting i hovudsak var korrekte også ut frå dagens metodikk. Som påpeika av Møre og Romsdal fylke i si evaluering så kan det nok førekome kjente data som nokre lokalitetar kunne vorte supplert med, men eigen erfaring med eldre datakjelder er at dei svært sjeldan gjer ny, viktig informasjon (det vert mest einskilde artsfunn og da oftast grovt stedfesta).

Kontroll av lokalitetar nær det oppretta naturreservatet ved utløpet av Surna i Surnadalsfjorden førte der til eit par viktige avvik frå Aunes (2005) verdivurdering. Her vart verdien vesentleg heva for eit brakkvassmiljø (frå lokalt viktig – C til svært viktig – A) og for nokre havstrandmiljø (frå utan særleg verdi til lokalt viktig – C og viktig B). Det fyrste tilfellet gjaldt Aune (2005) sin lokalitet 423 – Omfløddøra og det andre Aune (2005) sin lokalitet 419 – Røtet. For Omfløddøra var årsaken nye artsfunn som heilt endra forståing av naturtype og verdi (lokaliteten viste

seg å vere fylkets best utvikla pusleplantesamfunn med fleire til dels høgt raudlista artar), og for Røtet anna oppfatning av metodikk og kvalitet på miljøet (frå å vera vurdert som omtrent heilt øydelagt til å vera vurdert som framleis delvis intakt og av ein storleik som klart tilsa at miljøet var verdifullt).

Sjølv om oppjusteringa av verdiane knytt til våtmarksmiljøa i utosen til Surna er viktige nok, så endrar dei ikkje hovudinntrykket av tidlegare kartlegging for å vere i hovudsak korrekt, om enn med gjennomgåande noko tynne omtaler (kvalitet på avgrensinga har i liten grad vorte vurdert).



Figur 3. Omflødøra, rett på oversida av brua som kryssar Surna nede ved utosen. Dette er det best utvikla pusleplantesamfunnet som er kjent frå Møre og Romsdal, og hausten 2007 vart det gjort fleire interessante og uventa funn her, t.d. vart raudlistearten dvergsivaks (NT) funne her som ny for fylket. Foto: Geir Gaarder

3.2 Samanlikning og nytte av utført MiS-kartlegging

Surnadal kommune gjennomførte MiS-kartlegging (Miljøverdiar i skog) eit par år før den supplerande naturtypekartlegginga (dvs omtrent samtidig med førre naturtypekartlegging). Det var eit ønskje frå oppdragsgjevar at det vart gjort ei vurdering av om og korleis resultatata frå denne kartlegginga kunne samkjørast med naturtypekartlegginga. Sidan målsettinga med begge typar kartlegging er omtrent den same, er det da også eit overordna mål for styresmaktene at desse skal samkjørast. T.d. er det utarbeidd ein eigen vegledar i korleis dette bør gjerast (NIJOS & DN 2004).

Vi fekk tilgang på MiS-dataene (både kart og eigenskapsfiler) frå kommunen. Det vart brukt fleire dagar i felt på å sjekke ein god del av desse utvalte MiS-figurane, samt skogsområda rundt. Vi fekk difor eit relativt godt samanlikningsgrunnlag, sjølv om ikkje absolutt alle MiS-figurar og på langt nær alt anna relevant skogareal er naturtypekartlagt i kommunen. For øvrig var heller ikkje MiS-kartlegginga heil-dekkande i kommunen. Slik vi har skjønnt det, så skal all produktiv skog sør for Surna ha vorte MiS-kartlagt, medan skog i kommunen på nordsida av Surna (noko som også inkluderar heila Bøverdalen og Åskard/Hammesfjorden) berre fekk MiS-kartlegging på eit fåtal eigedomar der grunneigarane hadde særskilt ønskje om det.

I tabell 1 nedanfor er det gjort ei kortfatta vurdering av alle MiS-figurar som vart sjekka under naturtypekartlegginga, i alt 37 kartfigurar. I tabell 2 er det gjort nokre kortfatta kommentarar til einskilde spesielt verdifulle naturtypar i skog som vart funne sør for Surna (der MiS-kartlegginga skulle vere heildekkande) utan at det var MiS-figurar tilknytt dei.

Tabell 1. Oversikt over MiS-figurar i Surnadal kommune som vart vurdert i høve til naturtypemetodikken. Dei fyrste 17 lokalitetane ligg alle nord for Surna (dels i sjølve Surnadalen og dels i Bøverfjorden og Hammesfjorden/Åsskard), medan dei siste 20 lokalitetane ligger på sørsida (både i hovuddalføret med sidedalar, på sørsida av Surnadalsfjorden og mellom Kvanne, Stangvika og Brøskje).

| MiS-figur | MiS-miljø | Merknader i høve til naturtypekartlegginga som vart gjort |
|-----------|---|---|
| | Nord for Surna | |
| 13 | 12 – gamle tre, 13 holtre | Undersøkt m.a. 04.04.2009. Del av naturtypelokalitet 598 (Brøskjåa-Høgla) rik edellauvskog av verdi A som dekkjer vesentleg større areal (går over fleire eigedomar i lia). |
| 12 | 12 – gamle tre. | Undersøkt m.a. 04.04.2009. Del av naturtypelokalitet 598 (Brøskjåa-Høgla) rik edellauvskog av verdi A som dekkjer vesentleg større areal (går over fleire eigedomar i lia). |
| 31 | 9 – rik bakkevegetasjon (kommentar: rikt hasselkratt.stor furu som overstandere | Undersøkt 12.05.2008. Ordinær, nokså fattig lågurtskog med litt myske. Ingen raudlisteartar. Ingen andre kravfulle artar i feltsjiktet. Ikkje lungenever-samfunn. Vurdert ikkje å vere nokon naturtypelokalitet (kunne truleg fått C-verdi i landskap med lite hassel). |
| 32 | 9 – rik bakkevegetasjon (kommentar: rikt hasselkratt .liten konfliktgrad. høg naturverdi) | Undersøkt 12.05.2008. Blåbærskog til ordinær lågurtskog. Knapt førekomst av myske. God bestand av hasselrurlav. Delar er avgrensa som naturtypelokalitet 508 (Settemsdalen ved Tverrbekken) rikt hasselkratt med verdi C. Parti i nedkant ikkje inkludert (pga. at det er for uthogd), medan like velutvikla hasselkratt mot aust vart inkludert. |
| 33 | 9 – rik bakkevegetasjon (kommentar: flommark. grov or. en del dødt. nøkkelbiotop) | Undersøkt 11.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 504 (Settemsdalen – ved skytebanen) gråor-heggeskog med verdi B. Isolert sett vurdert ikkje å vere av så høg verdi, men inkludert i verdifull lokalitet mot aust (naboeigedom). |
| 34 | 9 – rik bakkevegetasjon (kommentar: eldre lauvukse- | Undersøkt 11.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 502 (Ørahaugen sør) med verdi A. Inkludert i naturtypelokalitet, som er vesentleg utvida innafør same eigedom mot aust, der |

| MiS-figur | MiS-miljø | Merknader i høve til naturtypekartlegginga som vart gjort |
|-----------|--|---|
| | sjon med grov osp. styggbratt. mye fin furu) | dei største verdiane vart vurdert å ligge utafor avgrensa MiS-figur. MiS-figur isolert sett har kanskje C-verdi, basert på avstandsvurderinga (egna for hakkespetter, soleksponering gir potensial for insekt på død ved). |
| 201 | 2 – liggande daud ved | Undersøkt 12.05.2008. Eldre bjørkedominert skog (bregnerik mark). Svakt utvikla lungenever-samfunn. Mellomborealt preg og fuktig. Ikkje avgrensa som naturtypelokalitet, mogleg C-lokalitet. Kanskje potensial for t.d. soppmygg. |
| 202 | 2 – liggande daud ved | Undersøkt 12.05.2008. Sett på nært hald bl.a. med kikkert. Bratt li. Eldre bjørkedominert skog med noko død ved.. Dårleg utvikla lungenever-samfunn i området. Kanskje potensial for soppmygg. Ikkje avgrensa som naturtypelokalitet (kanskje svak C-verdi). |
| 203 | 3 – rikbarkstre og 5 – eldre lauvuksesjon | Undersøkt 12.05.2008. Sett på nært hald bl.a. med kikkert. Bratt li. Eldre bjørkedominert skog med noe dødt. Dårleg utvikla lungenever-samfunn i området. Kanskje potensial for soppmygg. Ikkje avgrensa som naturtypelokalitet (kanskje svak C-verdi). |
| 204 | 1 – ståande daud ved, 2 – liggande daud ved, 5 – eldre lauvuksesjon, 6 – gamle tre | Undersøkt 12.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 509 (Slettahaugan aust) gammal ospeskog av verdi B. Naturtypelokaliteten under litt tvil utvida noko mot sør for å fange opp heile det fuktige søkket og einskilde element og kravfulle artar på sørsida. |
| 205 | 4 – tre med hengelav | Undersøkt 12.05.2008. Eldre, noko eksponert bjørkeskog av ordinær karakter. Ikkje funne indikasjonar på spesielle kvalitetar eller artar, bortsett frå ein del gubbeskjegg. Ikkje vurdert som verdifull naturtype. |
| 206 | 5 – eldre lauvuksesjon | Undersøkt 18.05.2008. Ikkje vurdert å vere av særskilt verdi. Uthogd område utan særleg rik vegetasjon. |
| 207 | Ikkje oppført | Undersøkt 18.05.2008. Det meste av arealet vurdert å være uthogd (for ei stor del ei litt eldre hogstflate der det står att noko hassel), men kantsonar mot aust inkludert i naturtypelokalitet 523 (Åsskard aust) rik edellauvskog av verdi C, som strekkjer seg vidare inn på naboeigedomen i aust. |
| 208 | 9 – rik bakkevegetasjon | Studert på avstand 18.05.2008 og da vurdert å vere lite interessant. Truleg ei eldre hogstflate der det står att ein del hassel. Store verdier verkar ikkje sannsynleg. |
| 209 | 5 – eldre lauvuksesjon | Undersøkt 18.05.2008. Ein vesentleg utvida lokalitet på same eigedom kartlagt som nr 525 (Åsskard nord) rik edellauvskog av verdi B. Det edellauvskogsprega feltsjikt dekker der mykje av arealet, samt at det er gamal ospeskog med innslag av grove læger i øvre delar. |
| 210 | 9 – rik bakkevegetasjon | Overfladisk sjekka 18.05.2008 og da vurdert som lite interessant. Det står att striper med litt gammal skog i området, men ingen kvalitetar vart sett som tilsa verdifull naturtype. |
| 211 | 9 – rik bakkevegetasjon | Undersøkt 18.05.2008. Samsvarar i grove trekk med naturtypelokalitet 527 (Fossbekken nedre) med rik edellauvskog av verdi C. |
| | Sør for Surna | |
| 15 | Naturverdi B. Eldre lauvtre. | Kantsonar i aust undersøkt 25.10.2008. Eit rikt, lite parti vart påvist, men ikkje registrert (kan ev. klassifiserast som verdi C). Vidare mot vest verka skogen ganske ordinær (ikkje spesielt gammal eller rik og med avgrensa potensial for kravfulle og raudlista artar). |

| MiS-figur | MiS-miljø | Merknader i høve til naturtypekartlegginga som vart gjort |
|-----------|--|--|
| 21 | Naturtypeverdi B. Bratt skråning ned mot Vindøla. Rik bakkevegetasjon. | Undersøkt 18.10.2008. Samsvarar stort sett med naturtypelokalitet 547 (Bankaren aust) rik edellauvskog av verdi C. |
| 22 | Naturtypeverdi A. I bratt skråning ned mot Vindøla. Spreidd liggande daud ved. Rik bakkevegetasjon. | Noko overfladisk undersøkt 18.10.08. Under tvil ikkje rekna som spesielt verdifull naturtype (ikkje gammal nok skog, ikkje rik nok). |
| 23 | Naturtypeverdi A. Bratt skråning ned mot Vindøla. Stort lauv. Mest or ned mot elva. Også noko osp og alm. | Undersøkt m.a. 21.10.08. Samsvarar delvis med naturtypelokalitet 548 (Vinddøla nordside) rik edellauvskog av verdi B og litt ligg innafor naturtypelokalitet 549 (Gammelsæterdalen sør) med rik edellauvskog av verdi A. Naturtypelokalitetane er skilt pga. granplantefelt, medan lokalitet 549 er vesentleg utvida mot aust og dels nordaust for å fange opp gammal blandingsskog med både grove almetre, grov osp og fleire høgt raudlista artar. |
| 26 | Naturtypeverdi A. I bratt skråning ned mot Vindøla. Alle sorter lauv. Stadvis rasmark. Spreidd store seljer med lungenever. Rik bakkevegetasjon. | Undersøkt 18.10.2008. Samsvarar i nokon grad med naturtypelokalitet 552 (Vinddølfloin nord) gråor-heggeskog av verdi A. Noko avvik i grenser, der det nok kan vere grunn til å tru at begge kartleggingane har vore noko mangelfulle. |
| 41 | Naturtypeverdi B. Bratt frodig li. Lauvblanding. Stadvis mange liggande daud ved. | Delvis undersøkt (langs stien) 26.10.2007. Ikkje kartlagt som naturtypelokalitet, men skogen vurdert som såpass gammal, rik og med til dels godt utvikla lungenever-samfunn på trea, slik at dette helst er ein lokalitet med verdi C eller B. |
| 42 | Naturtypeverdi B. Bratt frodig li. Lauvblanding. Forekomst av liggande daud ved. | Delvis undersøkt (langs stien) 26.10.2007. Ikkje kartlagt som naturtypelokalitet, men skogen vurdert som såpass gammal, rik og med til dels godt utvikla lungenever-samfunn på trea, slik at dette helst er ein lokalitet med verdi C eller B. |
| 55 | Naturtypeverdi B. Bratt li med blandingslauv. Spreidd liggande daud ved. | Undersøkt 02.11.2008. Samsvarar delvis med naturtypelokalitet 578 (Engellia) av verdi B. Litt endringar av grenser, med utviding mot sør (rik eldre skog også der) samt mot aust (for å få med bekkeløfta som er vurdert å vere ein viktig del av verdiane). Litt reduksjon i vest, da skogen verka meir ordinær der. |
| 56 | Naturtypeverdi A. Bratt li med blandingslauv. Stadvis svært grov bjørk. | Delvis undersøkt 02.11.2008. Ikkje funne spesielle kvalitetar som tilsa naturtype (under litt tvil), men mest halvrik, ordinær eldre lauvskog. |
| 57 | Naturtypeverdi B. Bratt frodig li med Blandingslauv. | Undersøkt 02.11.2008. Mindre parti i vest inkludert i naturtypelokalitet 577 (Hallvardtrøin) gammal bjørkeskog av verdi B. Resten vurdert å vere mest ordinær eldre lauvskog og furuskog utan spesielle kvalitetar. |
| 58 | Naturtypeverdi B. Bratt frodig li Med blandingslauv. En del svært stor | Undersøkt 02.11.2008. I stor grad inkludert i naturtypelokalitet 577 (Hallvardtrøin) gammel bjørkeskog av verdi B. Denne utvida noko mot vest, da den frodigaste (og dels mest daudved-rike) skogen ligg vest for MiS-figuren. |

| MiS-figur | MiS-miljø | Merknader i høve til naturtypekartlegginga som vart gjort |
|-----------|---|--|
| | bjørk. | |
| 60 | Naturtypeverdi B. Blandingslauv. På grensa til eldre lauv. | Undersøkt 19.05.2007 og 18.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 531 (Brøskjahagan nord) rik edellauvskog av verdi A. Vesentleg utvida m.a. mot vest, da det innafor MiS-figuren er mest rasmark, medan dei rike hasselkratta ligg lenger ned i lia. |
| 61 | Naturtypeverdi B. Eldre lauvtre. | Undersøkt 19.05.2007 og 18.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 531 (Brøskjahagan nord) rik edellauvskog) av verdi A. Vesentleg utvida m.a. mot vest for å fange opp meir av dei rike hasselkratta. |
| 62 | Naturtypeverdi A. Sørvendt li med blandingslauv. Store seljer. Einskilde med neverlav. Mykje hasselkratt. Einskilde store seljer med lengenever og skrubbenever. Førekost av alm og hassel. | Delvis undersøkt 18.05.2008 (det mest av lokaliteten ligg innafor Brøskjalia naturreservat). Areal utafør reservatet ligg innafor naturtypelokalitet 519 (Brøskja sør) rik edellauvskog av verdi A. Naturtypelokaliteten vesentleg utvida mot sørvest for å fange opp meir av den rike edellauvskogen (med rike hasselkratt og gamle almetre), litt også innafor hyttetomtene da dei dels ligg i rike hasselkratt. |
| 69 | Naturverdi B. Eldre lauvtre | Undersøkt 15.05.2008. Inkludert i naturtypelokalitet 514 (Grønneset - 3) rik edellauvskog av verdi B. Dei største verdiane vart vurdert å ligge noko lenger mot søraust, da den rikaste lauvskogen veks der (meir berglendt innafor MiS-figuren). |
| 70 | Naturverdi B. Blandingslauv. | Undersøkt 15.05.2008. Ikkje registrert som naturtype, men under tvil (kan truleg klassifiserast som rike hasselkratt med verdi C). Ordinær lågurtskog med få edellauvskogsartar i feltsjiktet (myske, eitt funn av breiflangre). Ikkje alm. Ganske ung skog (yngre optimalfase). Prega av tidlegare beiting. |
| 82 | Naturverdi B. Ospoholt. Kan hogge anna lauv. | Undersøkt 02.11.2008. Samsvarar i grove trekk med naturtypelokalitet 579 (Røen sør) rik edellauvskog) av verdi B. Naturtypelokaliteten er litt utvida for å fange opp heile den rike lauvskogen mot aust og nord. |
| 83 | Naturverdi B. Mest gråor. Spreidd orheggeskog. | Undersøkt 09.11.2008. Samsvarar delvis med naturtypelokalitet 575 (Røsåa) gråor-heggeskog av verdi A, men denne litt utvida både mot nord og sør for å fange opp mest mogeleg av ravina med eldre oreskog. |
| 111 | Naturverdi A. Flekker med høgstaude. Or i nedre delar. | Undersøkt 25.10.2008. Ein liten kantsone i nord inkludert i naturtypelokalitet 576 (Hardangen aust) rik edellauvskog av verdi C (det meste av lokaliteten ligg utafør). Resten vurdert å vere ordinær litt eldre og berre middels rik bjørkeskog utan særskilt naturtypeverdi. |
| 113 | Naturtypeverdi B. Bratt li med blandingslauv. | Undersøkt 18.05.2008. Samsvarar i grove trekk med naturtypelokalitet 530 (Tromsen) med bjørkeskog med høgstaude av verdi C. Så vidt litt utvida mot sør for å fange opp frodig rasmarksskog og bergveggar der. |

Tabell 3. Kommenterar til eit par naturtypar av verdi A sør for Surna som ikkje vart fanga opp i MiS-kartlegginga. "Nr" står for naturtypenummer.

| Nr | Namn | Kommentar |
|-----|----------------------|---|
| 551 | Gammelsæterdalen sør | Avgrensa som gammal lauvskog (men med fleire kvalitetar) 21.10.2008. Førekost av fleire til dels høgt raudlista artar og store mengder av verdifulle element som gamle og grove tre og dautt trevirke av ulike treslag. (Også sjølve Gammelsæterdalen – lok 550 har vesentlege naturverdiar). |
| 511 | Myrvang | Avgrensa som gråor-heggeskog 15.05.2008. Mykje grov og gammal gråor både som flommarksskog og i små raviner. Kanskje den mest verdifulle og best utvikla oreskogen som er att i kommunen, med førekost av fleire raudlisteartar og andre regionalt sjeldsynte og kravfulle artar. |
| 580 | Motrøa vest | Avgrensa som m.a. rik sumpskog 02.11.2008. Ein del rike hasselkratt, innslag av alm og gamle boreale lauvtre, men verdien ikkje minst knytt til det som kanskje er fylkets største førekost av varmekjær kjeldelaufskog, ein kritisk truga vegetasjonstype. |

Samla sett er det relativt stor avvik mellom resultatane frå MiS-kartlegginga og Naturtypekartlegginga. Det finst døme på lokalitetar som er fanga opp i begge undersøkingane og der det berre er mindre skilnader på grenser og truleg også mindre skilnader på verdivurderingane. Det motsette ser derimot ut til å vere hovudregelen. Hovudtrekka ser slik ut vurdert med grunnlag i naturtypekartlegginga:

- MiS-kartlegginga har fanga opp relativt mykje eldre bjørkeskog i mellomboreal (og dels sørboreal) vegetasjonssone. Dette er miljø som oftast har fått låg verdi (enten ikkje vorte fanga opp i det heile eller vurdert som lokalitetar av lokal verdi) i naturtypekartlegginga, og det er gjort få funn av raudlisteartar i slik skog i kommunen.
- MiS-kartlegginga har i nokon grad fanga opp hasselkratt, men dette ser ofte ut til å vere relativt fattige kratt (dårleg utvikla lågurtvegetasjon). I naturtypekartlegginga har desse enten ikkje vorte vurdert som særskilt verdifulle, eller dei har fått låg verdi (helst lokalt viktige). Hasselkratt med rik vegetasjon (feltsjikt med alm-lindeskogsartar) har i mindre grad vorte fanga opp i MiS-kartlegginga, medan dei har fått til dels høg verdi i naturtypekartlegginga. I andre kommunar i fylket har det vorte funne mange til dels høgt raudlista artar i rike hasselkratt, medan dei fattige kratta normalt har få artar (med unntak av dei mest fuktige i ytre fjordstrøk).
- Gammal blandingsskog som er høgt vurdert i naturtypekartlegginga ser ofte ut til ikkje å ha vorte fanga opp i MiS-kartlegginga. Dette gjeld m.a. lokalitetar med innslag av grove og gamle læger av ulike lauvtre, ikkje minst osp. Lokalitetane har hatt til dels store konsentrasjonar av raudlisteartar.
- For flommarksskog og rik sumpskog (varmekjær kjeldelaufskog) er data-materialet noko tynt, men for begge typar er lokalitetar som er vurdert høgt i naturtypesamanheng ikkje fanga opp i MiS-kartlegginga.

Samla sett så vert avvika vurdert som alt for store til at ein direkte bruk av MiS-resultata i naturtypekartlegginga kan anbefalast. MiS-figurane kan vere med å gje ei rettesnor for kor det finst verdifulle naturtypar, men skilnadene i grensesetting og verdivurderingar er store, og det finst mange verdifulle skogslokalitetar som ikkje er fanga opp i MiS-kartlegginga. Spesielt uheldig er den klåre trenden i at mange av dei aller meste verdifulle naturtypelokalitetane er fanga svært dårleg opp, eller ikkje i det heile, i MiS-kartlegginga.

3.3 Nye lokalitetar

Samla sett så har vi fått inn data for 113 naturtypelokalitetar i Surnadal kommune. Tre av desse låg også inne i dei gamle datasetta (Omfløddøra, lokalitet 542 her og nr 423 hos Aune 2005, samt Tangen og Tangen nord, lokalitet 538 og 539 her og nr 419 hos Aune 2005 og da med namnet Røtet). Resten, dvs 110 stykkar, er truleg heilt nye. Sidan 19 av Aune (2005) sine lokalitetar var uprioriterte, så fører dette til at 190 verdisette lokalitetar skal ligge inne for kommunen på grunnlag av desse to datasetta. I tillegg har ein Jordal (2007) sitt supplement på 9 lokalitetar i kommunen, dvs i alt 199 verdisette lokalitetar i Surnadal kommune.

Våre 113 lokalitetar omfattar 10 myrlokalitetar, ein lokalitet i rasmark og berg, 3 i fjellet, 12 kulturlandskapsmiljø, to i ferskvatn/våtmark, 78 skogsmiljø og 7 havstrandmiljø. Ein stor del lokalitetar i skogsmiljø har sin årsak både i at skog skulle prioriterast i nokon grad, og at kommunen har store skogareal og mykje biologisk verdifull skogsnatur. Myr, fjell og kulturlandskap vart ikkje prioritert, men nokre førekomstar vart meir tilfeldig oppdaga, samt at Ingvar Stenberg har hatt eldre notat frå fleire slike lokalitetar. Når det gjeld verdifordelinga så var det 24 lokalitetar med verdi A, 48 med verdi B og 41 med verdi C. Talet på lokalitetar med A-verdi (svært viktig) må seiast å vere noko uventa høgt (det var flest rike edellauvskogar) og indikerar at kommunen framleis har store naturverdiar som hittil ikkje er kartlagt..

Tabell 3. Oversikt over nye registrerte naturtypar i Surnadal kommune. Verdi og namn er dei same som vi har brukt på faktaarka.

| Nr | Områdenamn | Naturtype | ID | Verdi |
|-----------|-------------------------------|------------------|-----|-------|
| 156610500 | Svartvatnet nord | Gammel lauvskog | F07 | C |
| 156610501 | Svartvatnet SV | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610502 | Ørahaugen sør | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610503 | Ørahaugen SV | Gråor-heggeskog | F05 | C |
| 156610504 | Settemsdalen - ved skytebanen | Gråor-heggeskog | F05 | B |
| 156610505 | Heggem | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610506 | Kallset aust | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610507 | Heggemsnes NV | Rik edellauvskog | F01 | B |

| Nr | Områdenamn | Naturtype | ID | Verdi |
|-----------|------------------------------|--|-----|-------|
| 156610508 | Settemsdalen ved Tverrbekken | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610509 | Slettahaugan aust | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610510 | Holman sør | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610511 | Myrvang sør | Gråor-heggeskog | F05 | A |
| 156610512 | Grønneset - 1 | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610513 | Grønneset - 2 | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610514 | Grønneset - 3 | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610515 | Grønneset - 4 | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610516 | Grønneset - hyttetomt | Slåttemark | D01 | C |
| 156610517 | Ura | Gammel lauvskog | F07 | C |
| 156610518 | Rønnan | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610519 | Brøskja sør | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610520 | Brøskja aust | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610521 | Skaråkeren | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610522 | Brøskjahagan | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610523 | Åsskard aust | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610524 | Åsskard nordaust | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610525 | Åsskard nord | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610526 | Fossbekken øvre | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610527 | Fossbekken nedre | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610528 | Baklia vest | Gammel lauvskog | F07 | C |
| 156610529 | Hyllbekken | Store gamle trær | D12 | C |
| 156610530 | Tromsen | Bjørkeskog med høgstauder | F04 | C |
| 156610531 | Brøskjahagan nord | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610532 | Svealia: Gammelveghola | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610533 | Svealia: Asplia | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610534 | Svealia: Stor-fagerlia | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610535 | Svealia: Småmyra nord | Store gamle trær | D12 | B |
| 156610536 | Svealia: Fleskhaugan | Gråor-heggeskog | F05 | A |
| 156610537 | Honstad | Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti | E03 | C |
| 156610538 | Surnadalsøra: Tangen nord | Brakkvannsdelta | G07 | B |
| 156610539 | Surnadalsøra: Tangen | Brakkvannsdelta | G07 | B |
| 156610540 | Surnadalsøra: Tangen sør | Strandeng og strandsump | G05 | C |

| Nr | Områdenamn | Naturtype | ID | Verdi |
|-----------|------------------------------------|---|-----|-------|
| 156610541 | Surnadalsøra: Tangen aust | Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti | E03 | B |
| 156610542 | Surnadalsøra: Omfløddøra | Undervannseng | G02 | A |
| 156610543 | Surnadalsøra: Omfløddøra sør | Undervannseng | G02 | C |
| 156610544 | Surnadalsøra: Midtgardsøran | Undervannseng | G02 | A |
| 156610545 | Gjengstøa aust | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610546 | Ranesbekken - nedre del | Bekkekløft og bergvegg | F09 | B |
| 156610547 | Vinddøla: Bankaren aust | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610548 | Vinddøla: nordsida | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610549 | Vinddøla: Gammelsæterdalen vest | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610550 | Vinddøla: Gammelsæterdalen | Bekkekløft og bergvegg | F09 | B |
| 156610551 | Vinddøla: Gammelsæterdalen sør | Gammel lauvskog | F07 | A |
| 156610552 | Vinddøla: Vinddøfløin nord | Gråor-heggeskog | F05 | A |
| 156610553 | Vinddøla: Bolldalen | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610554 | Vinddøla: Vinddøfløin aust | Gammel lauvskog | F07 | A |
| 156610555 | Vinddøla: Kobben vest | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610556 | Folldalen: Skjoralia aust | Bekkekløft og bergvegg | F09 | B |
| 156610557 | Folldalen: Folla sørsida | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610558 | Folldalen: Skjoralia | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610559 | Brattset - beitemark | Naturbeitemark | D04 | C |
| 156610560 | Brattset - gammel lauvskog | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610561 | Brattset - Øygard - flaummarksskog | Gråor-heggeskog | F05 | A |
| 156610562 | Øygard sør | Bekkekløft og bergvegg | F09 | B |
| 156610563 | Øygard aust | Beiteskog | D06 | B |
| 156610564 | Bøverdalen øverst | Bekkekløft og bergvegg | F09 | A |
| 156610565 | Vardfjellet sør | Beiteskog | D06 | A |
| 156610566 | Bæverfjord | Gråor-heggeskog | F05 | B |
| 156610567 | Henrikholmen | Gråor-heggeskog | F05 | B |
| 156610568 | Bjøråa | Gråor-heggeskog | F05 | C |
| 156610569 | Furuhaug | Gråor-heggeskog | F05 | B |
| 156610570 | Møkkelgjerdet aust | Kalkskog | F03 | B |
| 156610571 | Møkkelgjerdet nordaust | Rikmyr | A05 | C |
| 156610572 | Gartlia: Breimyra aust | Kalkskog | F03 | A |
| 156610573 | Gartlia: Sjøflotthaugen sør | Kalkskog | F03 | A |

| Nr | Områdenamn | Naturtype | ID | Verdi |
|-----------|-------------------------------|---|-----|-------|
| 156610574 | Glærum vest | Rikt strandberg | G09 | C |
| 156610575 | Røsåa | Bekkekløft og bergvegg | F09 | A |
| 156610576 | Hardangen aust | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610577 | Hallvardtrøin | Gammel lauvskog | F07 | B |
| 156610578 | Engellia vest | Bekkekløft og bergvegg | F09 | B |
| 156610579 | Røen sør | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610580 | Mottrøa vest | Rik sumpskog | F06 | A |
| 156610581 | Strengen sørvestside | Kalkrike områder i fjellet | C01 | C |
| 156610582 | Strengen: Klåberget | Kalkrike områder i fjellet | C01 | B |
| 156610583 | Holtasætra: Raudberget | Ultrabasisisk og tungmetallrik mark i lavlandet | B03 | C |
| 156610584 | Honstadknykjen nordside | Kalkrike områder i fjellet | C01 | A |
| 156610585 | Holden: Kruslia vest | Rikmyr | A05 | A |
| 156610586 | Gråura | Rikmyr | A05 | B |
| 156610587 | Brattslættkjølen: Setra | Rikmyr | A05 | C |
| 156610588 | Brattslættkjølen: Storslættet | Rikmyr | A05 | C |
| 156610589 | Fossåa | Rikmyr | A05 | C |
| 156610590 | Fossåa: Joslettet | Rikmyr | A05 | C |
| 156610591 | Holden | Naturbeitemark | D04 | B |
| 156610592 | Holtan | Naturbeitemark | D04 | C |
| 156610593 | Røv | Slåttemark | D01 | B |
| 156610594 | Vang | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610595 | Haltbakkan | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610596 | Sjøflot sør | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610597 | Sjøflot vest | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610598 | Mogstad: Brøskjåa-Høgla | Rik edellauvskog | F01 | A |
| 156610599 | Skjenna | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610600 | Halten | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610601 | Søya ved Gjerstad | Gråor-heggeskog | F05 | B |
| 156610602 | Hyldbakkan | Naturbeitemark | D04 | C |
| 156610603 | Søya ved Haugen | Erstatningsbiotoper | D14 | C |
| 156610604 | Holtaelva | Gammel lauvskog | F07 | C |
| 156610605 | Stenberg Utigard | Rik edellauvskog | F01 | B |
| 156610606 | Møkkelgjerd | Naturbeitemark | D04 | C |

| Nr | Områdenamn | Naturtype | ID | Verdi |
|-----------|------------------|----------------------------|-----|-------|
| 156610607 | Engjamyra | Kystmyr | A08 | B |
| 156610608 | Grønnesåsen nord | Kystmyr | A08 | C |
| 156610609 | Salen øst | Rikmyr | A05 | C |
| 156610610 | Rabban vest | Rik edellauvskog | F01 | C |
| 156610611 | Rabban øst | Gammel fattig edellauvskog | F02 | C |
| 156610612 | Sagelva | Gammel fattig edellauvskog | F02 | C |

3.4 Raudlisteartar

Aune (2005) oppsummerte førekomst av raudlisteartar (virvelldyr var ikkje inkludert) og hadde da med 18 artar, der heile 15 artar var sopp. Talet vart auka noko under edellauvskogsundersøkingar i Kallsetlia i 2004 (Gaarder & Fjeldstad 2005), og nokre nye kjem og fram gjennom Jordal (2007) sitt supplement.

Raudlisteartar som ligg inne på Artskartet til Artsdatabanken (Biodiversitetsdata gjort tilgjenglig av m.a. Bergen museum, Naturhistorisk museum, og Vitenskapsmuseet, Nedlasta gjennom Artskart, www.artskart.artsdatabanken.no, 2009-05-05) omfattar i alt nærare 400 registreringar av raudlisteartar for kommunen (unnateke fugl, pattedyr og fisk). Mange av desse er nok dobbelttoppføringar, men eint par hundre funn er gjort tidlegare.

I den supplerande kartlegginga har vi fanga opp i alt 222 funn av raudlisteartar (for nokre artar er det da telt med delfunn innafor same naturtypelokalitet), dei fleste under feltarbeidet i 2008 (og 2007). Vi har ikkje rekna nøyaktig på dette, men det inneber nok helst ei dobling av raudlistefunn for kommunen. Artane omfattar ein sterkt truga art, 10 sårbare artar og 22 nær truga artar. Dei fordeler seg på 7 karplanteartar, der to pusleplantar er nye for kommunen (ein ny for fylket), 10 sopp, der 9 er nye for kommunen, 16 lav der berre ein er ny for kommunen, og 2 mosar der begge er nye for kommunen. Av interessante funn vil vi trekkja fram pusleplantane ved utløpet av Surna, med artar som firling og dvergsivaks. Lokalitetane der er dei mest artsrike og interessante av dette miljøet som er kjent i fylket. Andre funn av særleg interesse var råtevedmosar, med mange nye lokalitetar for fakkeltvebladmose, dei fleste langs Vinddøla (men også funne nær Kvanne) og av stammesigd. For førstnemnde art er førekomstane langs Vinddøla dei viktigaste som er kjent i fylket (og utafor Austlandet). For sistnemnde er dette ny norsk nordgrense (den gamle var i Nordfjord, slik at også denne er ny for fylket). Stammesigd står samtidig på Bernkonvensjonens lister over truga artar og er freda mot innsamling i Noreg.

Tabell 4. Oversikt over nye raudlistefunn gjort under vår naturtypekartlegging i Surnadal.
 *-inneber at arten er ny for kommunen. Eit par av funna er enda ikkje sjekka av fagfolk og er difor litt usikre.

| Norsk namn | Latinsk namn | Raudlistestatus | Funn |
|------------------------|-----------------------------------|-----------------|------|
| Karplanter | | | |
| *Firling | <i>Crassula aquatica</i> | EN | 2 |
| Huldregras | <i>Cinna latifolia</i> | NT | 1 |
| Engmarihand | <i>Dactylorhiza incarnata</i> | NT | 3 |
| *Dvergsivaks | <i>Eleocharis parvula</i> | NT | 3 |
| Fuglereir | <i>Neottia nidus-avis</i> | NT | 1 |
| Kvitkurle | <i>Pseudorchis albida</i> | VU | 2 |
| Alm | <i>Ulmus glabra</i> | NT | 48 |
| Sopp | | | |
| *Indigoraudskivesopp | <i>Entoloma euchroum</i> | NT | 2 |
| *Musserongvokssopp | <i>Hygrocybe fornicata</i> | NT | 1 |
| *Skifervokssopp | <i>Hygrocybe lacmus</i> | NT | 4 |
| *Svartdogga vokssopp | <i>Hygrocybe phaeococcinea</i> | NT | 1 |
| *Raud honningvoks-sopp | <i>Hygrocybe splendidissima</i> | NT | 14 |
| *- | <i>Hygrocybe subpapillata</i> | VU | 1 |
| *Almekullsopp | <i>Hypoloxyn vogesiacum</i> | VU | 1 |
| *Narrepiggsopp | <i>Kavinia himantia</i> | NT | 6 |
| Vedalgekølle | <i>Multiclavula mucida</i> | NT | 10 |
| *- | <i>Oligoporus lateritius</i> | VU | 1 |
| Lav | | | |
| Gubbeskjegg | <i>Alectoria sarmentosa</i> | NT | 4 |
| Hvithodenål | <i>Chaenotheca gracilentia</i> | NT | 2 |
| Langnål | <i>Chaenotheca gracillima</i> | NT | 15 |
| Gråstobeger | <i>Cyphelium inquinans</i> | VU | 1 |
| Skorpefiltlav | <i>Fuscopannaria ignobilis</i> | VU | 9 |
| Olivenfiltlav | <i>Fuscopannaria mediterranea</i> | VU | 1 |
| Bleik kraterlav | <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | 13 |
| Almelav | <i>Gyalecta ulmi</i> | NT | 25 |
| Rotnål | <i>Microcalicium ahlneri</i> | NT | 1 |
| - | <i>Opegrapha vermicellifera</i> | VU | 1 |
| Flatragg | <i>Ramalina sinensis</i> | NT | 1 |
| *Rustdoggnål | <i>Sclerophora coniophaea</i> | NT | 2 |
| Blådoggnål | <i>Sclerophora farinacea</i> | VU | 10 |
| Bleikdoggnål | <i>Sclerophora pallida</i> | NT | 13 |
| Kystdoggnål | <i>Sclerophora peronella</i> | NT | 5 |
| Hasselrurlav | <i>Thelotrema suecicum</i> | NT | 9 |

| Norsk namn | Latinsk namn | Raudlistestatus | Funn |
|--------------------|----------------------------|-----------------|------|
| Moser | | | |
| *Stammesigd | <i>Dicranum viride</i> | VU | 3 |
| *Fakkeltvibladmose | <i>Scapania apiculata</i> | VU | 11 |
| | | | |
| Totalt | 24 artar og 43 funn | | |

Dei fleste funna er gjort i skogsmiljø, og ikkje minst knytt til gammal alm (som også er raudlista) lever det ei rad raudlista lav, sopp og dels moser i Surnadal. Nokre artar er også funne på andre treslag, både bjørk, gråor, selje og furu. I tillegg fleire artar på marka i rik lauvskog, samt nokre knytt til kulturlandskap, brakkvatn og myr.



Figur 4. Eit eksemplar av orkidéen fuglereir (NT) som veks opp mellom trinna i ei trapp opp til ei hytte på Brøskje utanfor Stangvika. Arten veks i rike, lågurtprega edellauvskogar og oftast i miljø som har mange andre kravfulle og dels raudlista artar. Foto: Geir Gaarder

4 Oppsummering og oppfølgjande arbeid

Våre undersøkingar peikar i retning av at dei gamle datasetta for Surnadal kommune (Aune 2005) er av middels til ganske god kvalitet, men datagrunnlaget vårt er nokså tynt, ettersom få av dei gamle lokalitetane har vore sjekka opp på ny. Vi fann einskilde klare avvik, der vi meiner verdiane er klart større enn Aune (2005) sine vurderingar. Elles verkar områdeskildringane generelt noko kortfatta.

Vi har betre datagrunnlag for å vurdere nytten av MiS-kartlegginga. Vår konklusjon er at nytten av dette arbeidet for verdivurdering av naturmiljø er liten. Det er store avvik, og MiS-resultata ser i fyrste rekkje ut til å fange opp naturmiljø av relativt låg verdi, medan dei mest verdifulle skogsmiljøa er fanga dårlegare opp. Vi kan difor ikkje tilrå at MiS-resultata vert nytta som grunnlag for å lokalisere og verdivurdere naturmiljø i kommunen. I avgrensa grad kan dei vere til hjelp ved naturtypekartlegging, som ei rettesnor for einskilde typar interessante skogsmiljø.

Våre kartleggingar førte til noko betre dekning av kommunen. Særleg talet på verdifulle skogsmiljø har auka vesentleg (tredobling omtrent), medan det er meir moderat auke i tal på lokalitetar for andre hovudnaturtypar. Det er vanskeleg å kome med ei kortfatta oppsummering av verdiane, men det er grunn til å peike på m.a. følgjande;

- Det vart funne mange nye lokalitetar med rik og/eller gammal edellauvskog og gammal lauvskog (inkludert blandingsskogar og gammal ospeskog)
- Det vart funne fleire nye lokalitetar med oreskog, både flaummarksskog og i lisider og nokre nye med kalkrik skog
- Det vart funn nokre nye brakkvassmiljø

Det vart funne ein del raudlisteartar knytt til m.a. gamle almetre, gammal og/eller daud osp og gråor og finkorna substrat i brakkvatn, der nokre førekomstar er viktige regionalt og dels også nasjonalt. Kommunen kan enno ikkje seiast vera systematisk eller særleg grundig kartlagt. Det relativt store talet på svært verdifulle miljø vi har funne, gir ein klår indikasjon på at det bør vere enno meir nytt å oppdaga. Nedanfor har vi kome med einskilde døme på miljø og/eller lokalitetar som absolutt kunne vore verdt å få kartlagt betre;

- Andersen (1994) si oppsummering av elvebredds-biller langs Surna viser at vassdraget tidlegare har hatt store verdiar i så måte (knytt til opne sand- og grusbankar langs elva). Dette burde å vore meir systematisk sjekka opp på nytt, både dei gamle lokalitetane og potensielle andre. Også nedre delar av Bøvra burde ha vore sjekka på same måte.
- Det burde ha vore gjort eit skikkeleg søk etter marklevande sopp knytt til rike hasselkratt og kalkrik furuskog i kommunen. Særleg lovande hassel-

kratt finst frå Stangvika og ut forbi Brøskjehagan, samt både furuskog og hasselkratt ovafor Garte og Møkkelgjerdet.

Det har vore utført ein god del kartlegging av artsmangfald og verdifulle naturmiljø i Surnadal kommune opp gjennom åra. Kommunen har både vore av interesse for fagfolk frå Universitet og museumsmiljø og kommunen har sjølv hatt lokale folk med god fagkompetanse. Slik sett er kunnskapen om det biologiske mangfaldet her minst like høgt som i dei fleste andre kommunar i fylket.

Surnadal kommune er ein relativt stor og ikkje minst variert og biologisk rik kommune. Sjølv om mykje har vore gjort, så er det likevel klart at tal verdifulle naturtypar er ein god del høgare enn det som no er kjent, sjølv om ein del av dei mest verdifulle bør vere kjent. Det er opplagt mange mindre rikmyrer og rike fjellområde som står att å kartlegge, og sjølv innafor skogsmiljøa reknar vi med at langt frå alle verdifulle førekomstar er kartlagt enno. Dette gjeld både for typar som rik edellauvskog og gammal lauvskog og det spørst om det ikkje finst fleire miljø også med gråor-heggeskog, gammal furuskog og rik sumpskog, kanskje også bekkekløfter og kalkskog. Også for kulturlandskapsmiljø som naturbeitemarkar står det nok enno att fleire lokalitetar vi ikkje har oppdaga, og kanskje finst det ei og anna artsrik slåtteeing nokon stad også. Som nemnt ovanfor burde det i tillegg har vore kartlagt meir systematisk flaummarksmiljøa langs Surna, og på Nordmarka kan det hende det finst fleire små fisketomme vatn med salamandre. Vi meiner det er liten tvil om at det ikkje er vanskelig å kome over 300 verdifulle naturtypelokalitetar i kommunen, og sannsynlegvis må ein over 500 før ein kan sjå på Surnadal kommune som godt dekt.

5 Skriftlege kjelder

Andersen, J. 1994. Elvebreddfaunaen i Ottavassdraget. (inkludert 1 side om Surna). Notat, 8 s.

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar i Surnadal kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtypar. Verdsetting av biologisk mangfald. DN-håndbok 13-1999, revidert i 2007.

IUCN 2005. Guidelines for using the IUCN Red List categories and criteria. April 2005. www.iucn.org/webfiles/doc/SSC/RedList/RedListGuidelines.pdf

Jordal, J. B. 2007. Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007, basert på eksisterende informasjon. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga. Rapport 2007:02. 110 s.

Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Raudliste 2006 – 2006 *Norwegian Red List*. Artsdatabanken, Norway.

Miljøverndepartementet 1997. St. Meld. 58, 1996-97. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling.

NIJOS & DN 2004. Bruk av data innsamlet ved MiS-kartleggingen som grunnlag for identifisering, avgrensing og dokumentasjon av områder som kan inngå i Naturtypekartleggingen. 17 s. + vedlegg.



Figur 5. Gammal, tidlegare styva almetre i Svelia. Her vart skogen rundt hogd ut for nokre år sidan (truleg mykje gran). Det vart teke omsyn under hogsten til almetrea, som vart spart. Dette er eit positivt døme på omsynsfull skogsdrift i kommunen. Likevel er trugsmåla langt frå over for naturverdiane knytt til gamle almetre i kommunen. Andre stader er det ikkje sikkert at slike omsyn vert teke, og attveksing av gran rundt trea vil alltid vere negativt. I tillegg fører høg bestand av hjort mange stader til både manglande forynging av treslaget og at sjølv ganske grove tre blir hardt skadd eller drept av hjortegnag. Foto: Geir Gaarder



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospesholt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 11.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i Settemsdalen, rett på nordsida av Svartvatnet, på sørsida av dalen. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa av fattig og ung skog på sørsida, og fattig, eldre furuskog og berghamre på nordsida.

Naturtypar: Det er snakk om litt eldre osp som står i og i kanten av ei sørvendt ur. Vegetasjonen er ganske fattig, med mest blåbærskog, med overgang mot svakt utvekla lågurtskog.

Artsmangfald: Det meste interessante var funn av skorpefiltlav (VU) på to ospetre. I tillegg vart

Lok. nr. 500 Svartvatnet nord forts.

arter som vanleg blåfjellslav og kystfjellslav funne. Av karplanter var det forutan osp, nokre små hasselbusker, samt sparsamt med liljekonvall.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi som lokalt viktig - C. Grunngevinga er særleg førekomsten av skorpefjellslav og dei gamle ospetrea.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjellslav | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefjellslav | VU | | | 11.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Kystvrenge | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfjellslav | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|-------------------|-----|
| Gammel lauvskog | Gammelt ospenholt | 80% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 11.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på høgda mellom Settemsdalen og Åskardfjorden, litt sørvest for Svartvatnet. Lokaliteten er dels skarpt avgrensa, mot granplantefelt i nordaust, myrdrag i nord og dels sør, samt ny hogstflate i vest, men det er også parti med meir diffuse grenser mot meir fattig,

Lok. nr. 501 Svartvatnet SV forts.

furudominert skog.

Naturtypar: Som naturtype er gammal ospeskog viktigast. I tillegg er det noko hassel her, og særleg i søndre del er det ganske rike, velutvikla hasselkratt. Vegetasjonstypar er mest blåbærskog, men også ein god del lågurtskog.

Artsmangfald: Det vart gjort eit par funn av skorpefiltlav (VU), både i nordre og sørlege delen av området. Elles var ikkje lungenever-samfunnet særleg godt utvekla, berre med eit fåtal vanlege arter. På hassel i sørlege del var det lokalt ein del hasselrurulav (NT). Gubbeskjegg (NT) vart funne sparsomt på furu i midtre delar. Ospelægrene bør kunne ha nokre kravfulle og kanskje raudlista vedbuande sopp. Nå vart det gjort eit par funn av ospekjuka og eit av storpora ospekjuka. På morken ospelåg vart mogelege noko kravfulle råtevedmoser funne (ev. Lophozia ascedens). Ein dvergspett (VU) vart høyrtdrommande oppe på åskollen i nordvest.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig - B. Grunngevinga er ikkje minst den gode førekomsten av grov, gammal og dels daud osp. Funn av fleire raudlistearter er med på å styrke verdien, og kanskje skulle den ha vore sett høgare.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift. Særleg negativt er hogst av osp og hassel, samt planting av gran, men heller ikkje hogst av furu og andre lauvtrearter er heldig for naturverdiane.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ospekjuka | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Storporet ospekjuka | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gubbeskjegg | NT | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefiltlav | VU | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefiltlav | VU | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfiltlav | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Thelotrema succicum | NT | | | 11.05.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|----------------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 70% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 5% |
| Rik sumpskog | Varmekjær kildelauvskog | 5% |
| Kalkskog | Lågurtkalkskog i kyststrøk | 10% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospesholt | 10% |

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lok. nr. 502 Ørahaugen sør forts.

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 11.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. Vestre del av lokaliteten inneheld det meste av MiS-figur 34 (oppgeve som ein svært bratt lokalitet med grov osp og fin furu).

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Åsskardfjorden, i ein liten sidedal under Ørahaugen. Mykje av lokaliteten er noko diffust og/eller usikkert avgrensa. I aust vert det gradvis fattigare, men det er også velutvikla hasselkratt i lågurtskog aust for traktorvegen som nå er brukt som grense. Grensa mot nord er ikkje sjekka i marka, men her antek eg at den går oppe på kanten av åsryggen. Mot sør er dels ein traktorveg brukt, dels fattigare skog, men fleire stader kunne nok grensa vorte trekt enda litt meir mot sør. Dette gjeld også i sørvest, der meir flat mark med ung til middelaldrande skog ikkje er trekt med, sjølv om den lokalt kan innehalde edellaauvskogsartar. I vest er eit eldre steinbrot brukt som grense, men oppe i lia er det gammal osp-furuskog (en nokså fattig).

Naturtypar: Rike hasselkratt med velutvekla lågurtvegetasjon pregar særleg austre del av lokaliteten, men det er også ein del slik i vestre delar. Frå det vesle søkket med traktorvegen i austre del av området og vestover er det mykje ganske rik edellaauvskogsvegetasjon i feltsjiktet, dels nokså tørr med preg av alm-lindeskog, men også noko meir typisk og litt meir frisk gråor-almeskog. Ved rota av skråningen i vestre del er det fleire rike fuktsig, der artsmangfaldet vitnar om varmekjær kildelaauvskog. I den bratte lia i vest er det også ein del rik lågurtfuruskog med høgt innslag av liljekonvall og/eller varmekjære edellaauvskogsartar (som skoggrønnaks og svarterteknapp).

Artsmangfald: Lokaliteten har ein ganske rik og velutvikla edellaauvskogsflora, og er nok av dei beste lokalitetane i kommunen utanfor reservata. Alm (NT) er derimot nokså sparsamt og berre 10-15 tre vart sett. Det er store mengder myske. I tillegg vart det funne m.a. lodneperikum, skogsvingel (ein del), skoggrønnaks (lokalt mykje), svarterteknapp, vårerteknapp og skogstorr. I den varmekjære kildelaauvskogen vaks ein del av den regionalt sjeldsynte og truga slakkstorren (4. kjente lokalitet i Surnadal, noko som gjer kommunen truleg til den viktigaste for arten nord for Stadt), saman med m.a. mykje sumphaukeskjegg. Elles kan nemnast skogsvinerot, brunrot, kranskonvall, storklokke og til dels store mengdar liljekonvall i den bratte lia. Lavfloraen er ikkje spesielt rik, men både lengst aust, og i delar av den vestre lia var det noko hasselrurlav (NT). Elles kan nemnast vanleg blåfjelllav, lungenever og skrubbenever. Ein dvergspett (VU) vart høyrst, men det kan vere av same paret som austover mot Svartvatnet.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Blåbærskog (A4)

Gråor-almeskog (D5)

Slakkstarr-svartor-utf (E5b)

Verdisetting: Lokaliteten blir samla sett vurdert til å ha ein ganske klar verdi som svært viktig - A. Den er stor, nokså variert, artsrik, med funn av fleire raudlistearter og stort potensial for fleire slike, også ganske høgt raudlista og regionalt lite vanlege arter. Det er langt mellom tilsvarandre rike lokalitetar i fjordliane på Nordmøre.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift. Ikkje berrre er det negativt med hogst av alm, osp og hassel, men det er også klare verdier knytta til gammal furu her, samt at hogst av bjørk og gråor lett kan øydeleggje verdiar knytt til marka.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|


Lok. nr. 502 Ørahaugen sør forts.

| | | | |
|---------------------|----|------------|-------------------|
| Hassel | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Storklokke | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Sumphaukeskjegg | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Myske | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Slakkstarr | | 11.05.2008 | Vitenskapelige |
| Skogstarr | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skogsvingel | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Kystfiltlav | | 11.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Thelotrema sueticum | NT | 11.05.2008 | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|----------------|-----|
| Gråor-heggeskog | Flommarksskog | 80% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 11.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Åsskardfjorden, i nedre del av ein liten sidedal under Ørahaugen. Lokaliteten vert avgrensa av ein skogsveg i sør. I aust er det storsteina ur og ein stikkveg til eit steinbrot på oversida av denne. I vest er det også dels storsteina ur og dels har det

Lok. nr. 503 Ørahaugan SV forts.

vore hogd noko nyleg. I nord er det litt diffus grense mot grov ur/fattigare skog og uthogd skog. *Naturtypar*: Dalen har i øvre og midtre del frodig gråor-heggeskog, dels langs små bekkesig. Nedre del får meir sumpskog og dels litt åpen sump/myr. I nord er det inkludert eit mindre parti med edellauvskog i lokaliteten.

Artsmangfald: Ei ganske stor flerstamma alm (NT) står i den sørvendte lia, saman med m.a. mykje myske, samt noko vårerteknapp og skoggrønnaks. Noko myske finst også i gråor-heggeskogen, samt meir typiske artar som firblad, strutseveng og skogstjerneblom. I dei sumpprega partia i vest veks det gulldusk. Elles er det litt lav på trea frå lungenever-samfunnet, også på gråor, med artar som vanleg blåfiltlav, kystvrenge og lungenever.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Det er litt vanskeleg å setje verdi på lokaliteten. Den har ein klar verdi som lokalt viktig - C, men burde kanskje ha litt høgare verdi også. Dei nye inngrep er likevel med på å grunnkje at ein held på C-verdien. Lokaliteten er tross alt både liten og utan så mange kravfulle og raudlista artar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gulldusk | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Firblad | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid 11.05.2008. Lokaliteten inkluderer MiS-figur 38 (oppgeve som flaummark med grov or), som omfattar vestlegaste del (den grøvste ora og det best utvikla flaummarksmiljøet står aust for MiS-figuren).

Lokalisering: Lokaliteten ligg langs Settemselva rett på vestsida av skytebanen i Settemsdalen. Den er skarpt avgrensa mot skytebanen i nord, mot ikkje flaumpåverka skog i sør, og dels hogstflate i nordvest.

Naturtypar: Det er snakk om ein ganske typisk flaummarksskog med gråor. Elveløpet deler seg i

Lok. nr. 504 Settemsdalen - ved skytebanen forts.

to, og mykje av lokaliteten ligg ute på ein holme i elva. Det er restar av eit lite elveløp på nordsida av elva, men nokon kroksjø kan ein ikkje snakke om.

Artsmangfald: Lokaliteten er ikkje spesielt artsrik, men inneheld typiske arter for gråor-heggeskog som strutseving og skogstjerneblom. Det var innslag av litt vrenger på dei eldste gråortrea, særleg lodnevrengje.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien viktig - B, sidan det er snakk om eldre gråor-heggeskog som fortsatt har intakt flaumpåverknad.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Strutseving | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

11.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid 11.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Bøfjorden, ovafor garden Heggem i ytre delar.

Lokaliteten grenser dels skarpt mot granplantefelt i aust, kraftline og hage m.v. i sør, dels noko meir diffust mot mindre hasselrik og dels yngre skog i vest og nord.

Naturtypar: Det er stort sett snakk om brukbart utvekla lågurtskog med sterk dominans av hassel i busksjiktet og eit ufullstendig utvekla tresjikt.

Artsmangfald: Lokaliteten er ikkje særleg artsrik, men det er mykje myske på marka. Av størst

Lok. nr. 505 Heggem forts.

interesse er ein god førekomst av hasselrurlav (NT), som her veks på mange ti-tals hasselkratt. Ein spette vart høyr, kanskje kvitryggspett.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien viktig - B, sidan det er snakk om eit ganske stort område med hasselkratt og mykje av ein raudlisteart, sjølv om lokaliteten elles verkar ganske fattig.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la miljøet få ligge i fred, inkludert dei fleste former for skogsdrift. Særleg flatehogst og treslagsskifte til gran er negativt, men også hogst av gamle lauvtre. Ekstensivt husdyrbeite og litt forsiktig gjennomhogst av hassel kan vere positivt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 11.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Thelotrema succicum | NT | | | 11.05.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 50% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 30% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospeholt | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

12.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg litt aust for Kallset, ut mot Halsafjorden. Lokaliteten grenser dels

Lok. nr. 506 Kallset aust forts.

skarpt mot granplantefelt i sør og bekkekløft i aust, meir gradvis mot fattigare skog i nord, og meir usikkert (vart ikkje sjekka skikkeleg) mot noko meir fattig og berglendt skog i vest.

Naturtypar: Det er ein god del edellauvskog av frisk, vestleg type (med mykje ramslauk og noko storfrytle), dels med litt alm, og ofte jamnt med hasselkratt. Det er også innslag av meir lågurtprega skog, dels med hassel og dels med boreale lauvtre som bjørk og osp.

Artsmangfald: Det er snakk om ein ganske velutvikla edellauvskogsflora med mykje myske og ramslauk, samt innslag av m.a. vårerteknapp, skogsvingel, lundgrønnaks, skogfaks, og så vidt breiflangre, svarterteknapp og vårmarihand. I tillegg meir vanlege høgstaude- og lågurtartar. Av lav er lungenever-samfunnet rimeleg velutvikla, om enn utan funn av raudlisteartar. M.a. kystnever og sølvnever er ganske vanlege. På gamle almetre vart det gjort eit par funn både av almelav (NT) og bleik kraterlav (VU). Skrukkeøre vart funne på ein almelåg, elles var det lite spesielle moser og sopp å finne.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien viktig - B, sidan det er snakk om ein ganske velutvikla edellauvskog. I tillegg finst det fleire raudlisteartar her.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la miljøet få ligge i fred, inkludert dei fleste former for skogsdrift. Ekstensivt husdyrbeite er truleg positivt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårmarihand | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvingel | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfyllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystnever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfyllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gyalecta flotowii | VU | | | 12.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Gyalecta flotowii | VU | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

24.10.2009

Lok. nr. 506 Kallset aust forts.

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 60% |
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 40% |

Tilstand

Feltsjekk

12.05.2009 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg litt aust for Kallset og nordvest for Heggemsnes, ut mot Halsafjorden. Lokaliteten grenser dels skarpt mot berghammer i aust, meir diffust mot fattigare skog i nord, kraftlinje/fattigare/meir påverka skog i sør, samt diffust mot fattigare skog i vest

(ikkje sjekka skikkeleg).

Naturtypar: Det er ein del edellaauvskog av frisk, vestleg type (med ein del ramslauk og noko storfrytle), dels med litt alm, og ofte jamnt med hasselkratt. Dels er det også innslag av litt lågurtskog.

Artsmangfald: Det er snakk om ein ikkje spesielt artsrik edellaauvskog, men det er i det minste mykje ramslauk og myske. I tillegg kjem ein del vårerteknapp og sparsame funn av svarterteknapp og skogsvinerot. Lavfloraen er ikkje meir enn middels rik, men *Gyalecta flotowii* (VU) vart funne på ei grov alm. I tillegg var det restar av narrepiggssopp på ei anna alm.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien viktig - B, sidan det er innslag av ein sårbar lavarter og stadvis ganske rik flora.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la miljøet få ligge i fred, inkludert dei fleste former for skogsdrift. Ekstensivt husdyrbeite er truleg positivt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystnever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

12.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. Mykje av lokaliteten ligg innafør MiS-figur 32 (oppgjeve som rikt hasselkratt). Det kan diskuteras kva som er beste grnser her, men det verkar ikkje riktig å trekke med ein del av bakkemyra i nedkant, slik som det er gjort på MiS-figuren.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i den sørvendte lia til Settemsdalen, like aust for Tverrbekken. Lokaliteten grenser nokså skarpt mot bakkemyrer i nedkant og fattigare skog inntil bekken. Grense mot nord (i overkant) er ikkje nærare undersøkt og difor usikker. Det er også vanskeleg grense

Lok. nr. 508 Settemsdalen ved Tverrbekken forts.

mot aust, sidan det er flekkar med granplantefelt her (dels trekt mot det nå), men det kjem att meir hasselkratt austafor dei.

Naturtypar: Det er snakk om ganske velutvikla hasselkratt av fattig lågurtttype til blåbærtype. Tresjiktet er spredte, middelaldrande tre av bjørk og furu.

Artsmangfald: Lokaliteten er ganske artsfattig og varmekjære artar vart ikkje sett i feltsjiktet (lokalt elles i lia vaks det myske i slike rike hasselkratt). Av størst interesse var god forekomst av hasselrurlav (NT) som veks i mange hasselkratt. Lungenever-samfunnet mangler.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi lokalt viktig - C, sidan det er ganske mykje av ein raudlisteart her og litt storleik på lokaliteten.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la miljøet få ligge i fred, inkludert dei fleste former for skogsdrift. Ikkje minst er treslagsskifte til gran negativt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|----------------|
| Thelotrema succicum | NT | | | 12.05.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|------------------------|-------|
| Gammel lauvskog | Gammelt ospeholt | 70% |
| Gammel barskog | Gammel furuskog | 20% |
| Gammel lauvskog | Gammel bjørkesuksesjon | 10% |

Tilstand

Feltsjekk

12.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. Lokaliteten inneheld MiS-figur 204 (oppgjeve å ha både gammal lauvskog, gamle tre og daudt trevirke), men er utvida noko mot sør for å fange opp hele søkjet her, med innslaget av gammal skog på sørsida.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på høgda sør for Åsskard og på ryggen aust for Slettahaugan.

Lokaliteten grenser nokså skarpt mot fattigare/tørrare skog i sør (dels ungsskog mot eigedomsgrensa), mot yngre skog i vest og mot fattigare skog utan osp i nord (og dels aust).

Naturtypar: Det er i all hovudsak blåbærskog i lokaliteten, med berre svake overganger mot lågurtskog, samt tendensar til røsslyngfuruskog oppe på knausane. Kvalitetane er særleg knytt til gammal osp, men det er også innslag av gammal og del lavrik furuskog her.

Lok. nr. 509 Slettahaugan aust forts.

Artsmangfold: Karplantefloraen er ordinær og utan varmekjære artar. Furu er nok vanlegaste treslag, men det er også mykje osp her. I tillegg noko småvaksen bjørk, samt einskilde tre av selje og rogn. Det er eit middels godt utvekla lungenever-samfunn på ospetrea, med vanlege artar som lungenever og vanleg blåfjiltlav, samt også pute glye og eit par funn av skorpefjiltlav (VU). På furu veks det noko gubbeskjegg (NT). På ein furugadd i sør vart rotnål (NT) funne. På ein ospelåg vart anten ospekjuge eller ospekvitkjuge funne, medan stor ospeildkjuge vaks på eit par levande tre. I tillegg *Antrodia sinuosa* på ein furulåg.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig - B, sidan det er snakk om ein litt større lokalitet med gammal ospeskog, og det også finst fleire raudlisteartar her.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Gubbeskjegg | NT | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Pute glye | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Vanlig blåfjiltlav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Skorpefjiltlav | VU | | | 12.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Lungenever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Grynfjiltlav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Kystfjiltlav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkingar |
| Rotnål | NT | | | 12.05.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospenholt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

12.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 12.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i lia sørvest for Åsskard litt sør for Holman. Lokaliteten grenser nokså skarpt mot skog utan gammel osp på alle kantar (det er i praksis noko slik skog innafør avgrensa lokalitet også, om den er plassert riktig på kartet).

Naturtypar: Det er i all hovudsak blåbærskog i lokaliteten, med lokal overgang mot lågurtskog. I praksis er det snakk om ein furuskog i overgang mellom eldre optimalfase og aldersfase, med innslag av spredte gamle ospetre. Også eit par ganske grove og gamle einerbusker står her.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ordinær. Eit knippe med hasselkratt finst innafør området. På desse veks einiske artar i lungenever-samfunnet, som grynfiltlav og puteglye. På osp veks m.a. lungenever, vanleg blåfiltlav og skorpefiltlav (VU).

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig - B, sidan ein sårbar lavart veks her. Også

Lok. nr. 510 Holman sør forts.

innslaget av nokre grove daude ospetre er med på å trekke verdien noko opp.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, inkludert for alle former for skogsdrift. Særleg negativt er hogst av lauvtre og planting av gran, medan forsiktig gjennomhogst av furu ikkje treng å skade verdiane så mykje.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefjelllav | VU | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfjelllav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gammelgranlav | | | | 12.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|-----------------|---------------|-----|
| Gråor-heggeskog | Flommarksskog | 75% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 25% |

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 15.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg rett på sørsida av Søya, rundt 2 km ovafor utosen ved Kvanne.

Lokaliteten grenser skarpt mot elva i nord. Det er generelt noko meir diffus grense/uregelmessig overgang mot fattigare furuskog og myr i sør og aust.

Lok. nr. 511 Myrvang sør forts.

Naturtypar: Det er primært snakk om ein ganske velutvikla gråor-heggeskog. På flata langs elva har denne karakter av flaummarksskog, men i tillegg er det også gråor i terrassekantane, som lisodeutforming. Dels er det åpne fuktig i kantane, samt at det er nokre småbekker og litt åpne sumpparti nede på flata (særleg i vest).

Artsmangfald: Flaummarksskogen har typiske høgstauder som strutseving og skogstjerneblom. I sumper veks sennegras, og lokalt i vestre del også langstorr. Også vegetasjonen i lisidene er frodig, men uten funn av spesielt kravfulle artar. Når det gjeld lav, så er lungenever-samfunnet ganske godt utvikla til å vere ein oreskog. Både lungenever, skrubbenever og fleire vrangeartar er vanlege. I tillegg vart puteglye funne, og på ein steinblokk i skogen også olivenfiltlav (VU). Elles vart det gjort fleire funn av langnål (NT) på morkne høgstubber av gråor, samt enkeltfunn av dverggullnål og vortenål.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Lokaliteten vurderast å få ein ganske klar verdi som svært viktig - A.

Hovudgrunngevinga er at dette er ein ganske stor, intakt og variert lokalitet, med oreskog både på elvesletta og i terrassekanter med svake ravinetendenser. Sistnemnde type mangler stort sett andre stader i fylket, men kjem att med full tyngde rundt Trondheimsfjorden. I tillegg er funn av fleire typiske flaummarksskogsartar, inkludert regionalt sjeldsynte og nasjonalt raudlista artar, med på å underbygge verdien.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for verdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Det einaste unntaket er fjerning av litt planta gran i nordaustre del av lokaliteten. Sjølv furu bør ikkje hoggast her.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Strutseving | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstjerneblom | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langstarr | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sennegras | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Olivenlav | VU | | | 15.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Lungenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Glattvrenge | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynvrenge | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vortenål | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 15.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Langnål | NT | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe i lia ovafor Grønneset litt nordvest for Kvanne. Det er snakk om ei sørvendt lita li i ein liten dal. Det er ganske skarpe grenser mot ein enkel traktorveg i nedkant, litt meir diffus mot fattigare skog øvst i lia og mot aust.

Naturtypar: Hasselkratt i lågurtskog er dominerande. Dels er det nokså rik lågurtskog (med ein del myske) i nedre delar og dels fattigare med mest kvitveis og innslag av blåbær i øvre delar.

Artsmangfald: Lokaliteten er ikkje særleg artsrik, men har ein del av den typiske

Lok. nr. 512 Grønneset - 1 forts.

edellauvskogsplanta myske. I tillegg vart det så vidt funne breiflangre og brunrot. På nokre små bergvegger vaks skrubbenever.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten har ikkje høgare verdi enn lokalt viktig - C. Den er ikkje særleg stor eller rik, men har tross alt ein god del hassel og lokalt velutvikla lågurtpreg.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bredflangre | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe i lia ovafor Grønneset litt nordvest for Kvanne. Det er snakk om ei sørvestvest lside, samt ein liten dal som går opp mot nordaus, litt ovafor gardsbruket. På sørsida av dalen og mot aust er det ganske skarpe grenser mot fattigare skog. Dels er det grense mot granplantefelt i nord, medan det er meir diffuse grenser mot fattigare skog i vest og nordvest. I begge desse retningane er det registrert verdifulle lokaliteter nær ved, og kanskje burde alle ha

vore slege i saman.

Naturtypar: Rikt hasselkratt blir vurdert som mest logiske naturtype her, siden alm mangler. Mykje av feltsjiktet har rikt lågurtpreg med ein del edellauvskogsartar, sjølv om det innafor lokaliteter også finst noko fattigare utforminger av lågurtskog (nede i den vesle dalen og mot vest).

Artsmangfald: Det er mykje myske i området og lokalt, særleg eit parti i nordvest, er det også ein del lundgrønaks og sanikel. I tillegg vart brunrot, kransmynte og breiflangre funne sparsamt. På bergvegger veks lavartar som skrubbenever, grynfiiltlav og kystvrenge. Det er potensial for kravfulle marklevande sopp her.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil berre verdi lokalt viktig - C. Den er ikkje særleg stor men har ein god del hassel og eit velutvikla lågurtpreg med lokalt godt innslag av edellauvskogsartar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kransmynte | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bredflangre | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiiltlav | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------------|---------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 40% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 50% |
| Sørvendt berg og rasmark | Bergknaus og -flate | 10% |

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008. Ein liten MiS-figur (lok nr 69) er inkludert i nordvest, men lokaliteten er utvida vesentleg i høve til denne, som følgje av mykje rik skog også lenger sør.

Lok. nr. 514 Grønneset - 3 forts.

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe i lia ovafor Grønneset litt nordvest for Kvanne. Det er snakk om ei sørvestvest lside opp mot ein høg fjellvegg. Det er ganske skarpe grenser mot fjellet i overkant og mot eit granplantefelt i sør. Det er meir diffus grense mot litt fattigare skog i søraust og nordvest. Det er også noe diffus grense mot den meir kulturpåverka skogen inn til dyrka marka på garden.

Naturtypar: Det meste av skogen har edellauvskogspreg, og i øvre delar er det snakk om skog på rasmark med m.a. litt alm. I nedre delar dominerar hasselen. Det er lite trelaus rasmark, men innslag av litt rikare bergveggsmiljø.

Artsmangfald: I øvre delar av området vart det funne 5-10 almetre (NT), nokså småvokste, medan det som nemnt står ei stor alm i nedre delar. Elles er det mykje hassel, samt noko selje, bjørk og osp. I feltsjiktet er det mykje myske, men også ein del lundgrønaks, svarterteknapp og vårerteknapp, særleg inn mot bergrota i øvre delar. Lokalt er det mykje liljekonvall. I tillegg vart kransmynte, søtkirsebær og korsved funne. I berget og dels i bergrota veks det ein del bergasal, samt i berget m.a. bergfrue og smalkjempe. På steinblokker veks vanleg blåfiltlav.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi viktig - B, sidan det er snakk om ein middels stor og rimeleg godt utvikla edellauvskog med fleire av dei typiske artane for slik skog.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Eit unntak er at litt forsiktig rydding rundt den store alma i nedre delar nok er positivt. Fortsatt bruk av traktorvegen, i den standen den er nå, bør gå bra (så sant en ikkje hogger i særleg grad rundt den). For å ta vare på almetrea er det naudsynt at hjortebestanden ikkje er så liten om vinteren at dei omtrent ikkje gneg på trea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergfrue | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergasal | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kransmynte | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Smalkjempe | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Korsved | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønaks | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|--------------------|-----|
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 60% |
| Kalkskog | Frisk kalkfuruskog | 40% |

Tilstand

Feltsjekk

(siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg nede langs vegen rett søraust for innmarka på Grønneset, litt nordvest for Kvanne. Det er ein bratt og berglendt strekning her med rikare vegetasjon.

Lokaliteten grenser skarpt mot vegen i nedkant, mot granplantefelt i sør og meir diffust mot litt

Lok. nr. 515 Grønneset - 4 forts.

fattigare lågurtskog og dels granplantefelt i nord, samt mot litt fattigare skog i aust (der det kjem inn ein ny lokalitet høgare oppe i lia).

Naturtypar: Det meste av området har preg av rik lågurtskog, og for det meste er det snakk om lauvskog med mykje hassel. I tillegg er det også litt grunnlendt furuskog med lågurt- og kantsoneartar, samt nokre bergveggar som dels truleg er litt baserike.

Artsmangfald: Av edellauvskogsartar er det mykje myske, samt sanikel, svarterteknapp, kransmynte og krossved. I tillegg kjem lokalt mykje liljekonvall, smalkjempe og bergfrue. Det er eit potensial for kravfulle marklevande sopp her, både knytt til hassel og furu.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi viktig - B. Dette fordi det er innslag av tilsynelatande baserik furuskog her, ein sjeldsynt naturtype i regionen. Hasselskogen har isolert sett verdi lokalt viktig - C.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Dette inkluderer også hogst av furu, medan hogst av gran nær lokaliteten er ein stor fordel (og at denne vert erstatta av naturleg heimehøyrande treslag).

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergfrue | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kransmynte | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Smalkjempe | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Korsved | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Slåttemark

Utforming: Frisk fattigeng

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg rett på nedsida av vegen like sør for gardsbruket på Grønneset, litt nordvest for Kvanne. Det er snakk om ei lita hyttetomt, der det er nokre artsrike engsamfunn på oversida og dels nordsida av huset. Desse grenser skarpt mot andre miljø på alle kanter.

Naturtypar: Det ser ut til å vere friske engsamfunn, av basefattig til middels baserik type.

Artsmangfald: Naturengplantar er vanlege og dels dominerande. Dette omfattar m.a. noko harerug, litt smalkjempe, engfiol, prestekrage og blåklokke. Det er eit klart potensial for beitemarkssopp her, kanskje også raudlisteartar.

Verdisetting: Lokaliteten får inntil vidare under litt tvil berre verdi lokalt viktig - C, sidan den er liten og hittil uten funn av spesielt kravfulle artar. Betre undersøkingar kan lett gi grunnlag for høgare verdi.

Hensyn og skjøtsel: Naturverdiane er avhengig av at ein slår årleg og fjernar grasen, samt at det ikkje vert fysiske inngrep på enga (fjerning av jord, planting av buskar og hageblomar) eller

Lok. nr. 516 Grønneset - hyttetomt forts.

gjødsling.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Nedbygging og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Harerug | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Engfiol | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Legeveronika | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Smalkjempe | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rødknapp | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Blåklokke | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Prestekrage | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Engfrytle | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bråtestarr | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gulaks | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospesholt
Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

15.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 16.05.2008, ut frå eige feltarbeid 15.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg rett på nedsida av vegen ut til Stangvika, nedafor garden Ura. Den er skarpt avgrensa av vegen i overkant og sjøen i nedkant. Litt meir diffust mot fattigare skog i nord og tilsvarande diffust mot litt meir påverka skog (og eit naust) i sør).

Naturtypar: Kvalitetane i området er dels knytt til førekomst av gammal og dels daud osp, men også i nokon grad eit lokalt godt utvekla lågurtprega feltsjikt. Helst er det også kvalitetar knytt til gammal furuskog her. Det renn små bekkesig både i nord og sør.

Lok. nr. 517 Ura forts.

Artsmangfold: Lokaliteten er ikkje spesielt artsrik. Furu er nok viktigaste treslag, men det er også ein del osp. I tillegg kjem m.a. selje, bjørk og gråor. I feltsjiktet er det lokalt ein del myske og lokalt vart også lundgrønnaks funne. Både på bergveggar og lauvtre er det litt av vanlege artar i lungenever-samfunnet, som lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Lokaliteten har truleg eit godt lokalklima og er potensielt egna for varmekjære vedlevande insektartar.

Verdisetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig - C. Dette fordi den er ganske liten og hittil utan funn av spesielt kravfulle artar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Dette gjeld også hogst av furu.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Myske | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 15.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|------------------|-----|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 50% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 50% |

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 18.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg mellom Stangvika og Brøskja, litt oppe i lia. Det er snakk om eit parti med til dels bratt, sørvestvendt edellauvskog. Det er ganske skarp grense mot ein traktorveg i nedkant, og litt meir diffuse grenser mot gradvis fattigare skog i nord og aust (dels nokså skarp

Lok. nr. 518 Rønnan forts.

mot bergvegger i aust). I sør er grensa svært usikker, da den ikkje vart sjekka skikkeleg her. Sannsynlegvis burde arealet ha vorte utvide noko mot sør/søraust her.

Naturtypar: Under den brattaste hammaren er det rasmarksprega edellauvskog nedst, som gradvis går over i lågurtskog inn mot bergrota. I nordre del er det også noko almeskog nær traktorvegen, men i mindre grad rasmarksprega (nokre smådaler oppover lia her), med rik lågurtskog oppover i lia opp mot flatere partier ovafor, der det dels går over mot høgstaudemark.

Kulturpåverknad: Artsmangfald: Lokaliteten har ikkje så rik flora som nederst i lia mot Brøskja, men likevel ein del varmekjære artar. Ramslauk er dels dominerande i nedre delar, medan det er meir myske i øvre delar. I tillegg vart det funne sparsamt med skogstorr og kjempesvingel heilt nede ved vegen. For øvrig kan nemnast breiflangre, svarterteknapp, vårerteknapp, fjellfiol og skogsvinerot. Lungenever veks på fleire tre, og bleik kraterlav (VU) vart funne på ei grov alm nær antatt eigedomsgrense. Ein kvitryggspett vart hørt i øvre delar av området på

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi viktig - B. Dette fordi det er tydeleg tale om ein ganske rik edellauvskog, med nokre raudlisteartar. Den er likevel klart meir artsfattig og har dårlegare potensial for kravfulle og raudlista artar enn t.d. lokalitetane nærare Brøskja.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntak av fjerning av ev oppslag av platanlønn og gran. I tillegg er det ein fordel om hjortebestanden vert redusert så den ikkje beiter så mykje på almetrea i distriktet.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|--------------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hvitryggspett | NT | Beite- /jaktområde | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Tyrihjelm | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fjellfiol | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramslök | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kranskonvall | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bredflangre | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kjempesvingel | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gyalecta flotowii | VU | | | 18.05.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 18.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. I det minste nordre delar av lokaliteten har nok vore undersøkt tidlegare og inkludert i "Brøskjalia"-lokaliteten (vernegrensene vart litt trekt attende her i høve til det som var føreslege frå fagfolk). T.d. er slakkstorr tidlegare funne i dette området, men arten vart ikkje påvist i 2005 innafor sjølve reservatet, men veks derimot innafor lokaliteten omtala her. Lokaliteten samsvarar i nokon grad med MiS-figur 62, men den inkluderer også delar av naturreservatet. På den andre sida er naturtyperlokaliteten utvida litt samanlikna med søre delen av MiS-figuren, truleg mykje fordi det

her også er inkludert hyttetomter.

Lokalisering: Lokaliteten ligg mellom Stangvika og Brøskja, rett ovafor vegen nord for Rønnan og litt sør for Brøskja. Det er snakk om eit parti med ganske bratt, sørvestvendt edellauvskog. Det er skarp grense i nord mot eksisterande naturreservat (Brøskjalia). Det er også ganske skarp grense mot granplanting i sør, samt granplantefelt i aust. Mot vest er derimot grensa meir diffus og problematisk mot gradvis meir påverka mark, m.a. tilknytta nokre hytter. Det er uansett naturleg å ta med ein del av areala innafor hyttetomtene da det også der veks mykje edellauvskogsartar, og kanskje burde grensa ha vore trekt enda lenger ned i lia enn det som nå er gjort.

Naturtypar: Det er snakk om ein svært rik edellauvskog av alm-lindeskogstypen, stadvis med dominans av hasselkratt, men også med ein del alm. Det vert etter kvart litt fattigare i øvre delar. Fleire berghamre som tydeleg er baserike ligg innafor lokaliteten. Fleire små bekkesig kjem ned lia. Det er for det meste frisk mark, men også overgang mot rik lågurtprega mark, særlig i midtre og øvre delar i nord.

Artsmangfald: Området har ein svært rik edellauvskogsflora som er fullt på høgde med sjølve reservatet, og ein kravfull og sjeldsynt art som slakkstorr vart funne her, men manglar i sjølve reservatet. I tillegg vart fuglereir (NT) funne i nord, midt i ein trappoppgang til ei hytte (!). Ramslauk dominerar over store areal. I tillegg er det mykje myske. Også artar som lundgrønaks, svarterteknapp og vårerteknapp er ganske vanlege. I tillegg kan nemnast vårmarihand, skogstorr, skogsalat, kratthumleblom, stortviblad (fleire førekomstar i nordre del), storklokke, sanikel, småborre, krattfiol (lokalt noko), kjempesvingel, fingerstorr, liljekonvall, bergasal, lodneperikum (sparsam) og brunrot. Meir negative innslag var litt platanlønn og akeleier. I tillegg vart ein ubestemt laukplante funne. Av lav så vart det sett lokalt grynfiltlav og vanleg blåfiltlav, samt at både *Gyalecta flotowii* (VU) og *almelav* (NT) vart funne på fleire av dei styva almene. På eit tre i sør vart også narrepiggsopp (NT) funne. På bergvegger veks mykje putevrimose og *Anomodon*-artar, og det er tydeleg ganske kalkrik berggrunn i området. Det er stort potensial for kravfulle og raudlista marklevande sopp her.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig - A. Dette er ein av dei rikaste edellauvskogane på Nordmøre, fullt på høgde med reservatet rett på nordsida. Fleire raudlisteartar er funne og det er stort potensial for enda fleire slike.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntak av fjerning av ev oppslag av platanlønn og gran. I tillegg er det ein fordel om hjortebestanden vert redusert så den ikkje beiter så mykje på almetrea i distriktet. Hyttebygging er klart skadeleg for naturverdiane, inkludert opparbeiding av vegar til hyttene, plen og hagebed rundt dem m.v. Spreiing av framande artar frå hager kan også vere eit trugsmål.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og Nedbygging

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kratthumleblom | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergasal | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Krattfiol | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Lok. nr. 519 Brøskja sør forts.

| | | | |
|--------------------|----|------------|-------------------|
| Brunrot | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Storklokke | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Småborre | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Myske | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Kranskonvall | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Bredflangre | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Stortveblad | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Fuglereir | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Vårmarihand | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Fingerstarr | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Slakkstarr | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Kjempesvingel | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Narrepiggsopp | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Gyalecta flotowii | VU | 18.05.2008 | Vitenskapelige |
| Gyalecta flotowii | VU | 18.05.2008 | Vitenskapelige |
| Almelav | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | 18.05.2008 | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 80% |
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 18.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe i lia aust for Brøskja, ovafor den høge berghammaren. I kanten av berghammaren og dels på det litt flatare partiet innafor er det ganske rik vegetasjon. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot etablert reservat, samt anna naturtypelokalitet mot vest. Mot nord er det ei

Lok. nr. 520 Brøskja aust forts.

ganske klar grense mot fattigare mark, og mot sør dels anna lokalitet og dels granplantefelt. Derimot er det nokså diffus grense mot gradvis noko fattigare skog mot aust.

Naturtypar: For det meste er det nokså rik lågurtmark innafor lokalitet, dels med ein del edellaauvskogsplantar. I øvre, nordre del kjem det også inn litt fattigare overgang mot blåbærmark ut mot berghammaren, samt litt rik oreskog og høgstaudeprega rasmarksalmeskog inn mot ein mindre berghammar på austsida.

Artsmangfald: Lokaliteten er ikkje på langt nær så artsrik som edellaauvskogslia lengre nede, men har mykje hassel, og sparsamt med alm (NT) i nord. I feltsjiktet er det mykje myske, og lokalt i sør også ramslauk. I nordre del vart det funne litt lerkespore. På alm vart det i nord funne *Gyalecta flotowii* (VU). På ein ospelåg vart ospekjuke funne.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig - B. Det er særleg innslaget av ein sårbar art, samt noko alm m.v. i nordre del som gjev grunnlag for denne verdien, medan det er meir usikkert om dei rike hasselkratta mot sør kanskje er litt mindre verdifulle.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntak av fjerning av ev oppslag av platanlønn og gran.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | | NT | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lerkespore | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ospekjuke | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | | VU | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------------|---------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 80% |
| Sørvendt berg og rasmark | Bergknaus og -flate | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 18.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten omfatter mykje av sjølve den store berghammaren rett ovafor Skaråkeren og Brøskja, samt den skogkledte rasmarka på nedsida av denne. Lokaliteten grenser

Lok. nr. 521 Skaråkeren forts.

for det meste skarpt mot granplantinger i vest, ganske skarpt mot fattigare berg og anna naturtypelokalitet i aust, samt skarpt mot eksisterande naturreservat ("Brøskjalia") i sør.

Naturtypar: I rasmarka er det mest edellauvsogvegetasjon av alm-lindeskogtypen. Nedre delar av berghammaren er ganske kalkrik og har innslag av tilhøyrande artar av moser og planter.

Artsmangfald: Lokaliteten har ein rik flora av dels den same typen som i reservatet i sør, men det gjennomførte rasmarkspreget fører til noko redusert variasjon i miljø og artsomangfald. T.d. er det lite ramslauk her. Det er derimot mykje myske, samt artar som sanikel, vårerteknapp, svarterteknapp, lundgrønnaks, skogfaks og vårmarihand. Av treslag er det litt alm (NT), noko hassel, samt boreale treslag som selje, bjørk og rogn. I berget vart det lokalt i nord funne murburkne, samt oppe i bergskorter m.v. bergasal, bergfrue, fjellarve og gjeldkarve. I tillegg vaks det mykje putevrime på nedre delar og eit par stader også krusfellmose, ein ganske sjeldsynt moseart i fylket.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig - B, men får under litt tvil ikkje høgare verdi, som følgje av funn av få raudlistearter, samt avgrensa miljøvariasjon.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntak er fjerning av gran og ev platanlønn, der ikkje minst granplantefeltet i nedkant ville vore svært bra om vart fjerna. I tillegg bør ein redusere hjortebestanden slik at ikkje så mykje alm vert skada.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Murburkne | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fjellarve | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergfrue | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergasal | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Svarterteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gjeldkarve | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Småborre | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårmarihand | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fingerstarr | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogfaks | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Krusfellmose | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Putevrime | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|-------------------------|-----|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 80% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 15% |
| Rik sumpskog | Varmekjær kildelauvskog | 5% |

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 18.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i lia aust for Brøskjahagan og nord for Skaråkeren. I sør er det ganske skarp grense mot dyrka mark og ein traktorveg ovafor denne. Mot aust er det for det meste

Lok. nr. 522 Brøskjahagan forts.

nokså skarpe grenser mot fattigare mark oppe i berghammaren. Derimot er det diffuse og usikre grenser mot vest og dels nord, dels fordi desse ikkje har vorte sjekka detaljert, og dels fordi det er ein del granplantefelt her, der det både vanskeleg og tvilsamt om dei bør vere ein del av lokaliteten eller ligge på utsida. Det er m.a. mogleg at grensa burde ha vore trekt litt lenger ned i lia nokre stader, men kanskje også at delar av større plantefelt har havna innafor lokaliteten.

Naturtypar: Opp mot berghammarane er det rasmærksprega edellaauvskog av nokså frisk type. På dei litt meir småkuperte partia nedafor er det også for det meste frisk edellaauvskog, dels med fuktig, der det ein plass vart funne litt varmekjær kildelaauvskog.

Artsmangfald: Floraen er ikkje like rik som lenger sør i lia, men inneheld ein del edellaauvskogsartar. Det er litt alm (NT), m.a. nokre eldre styva tre i rasmarka. Elles er det ein del hassel og boreale treslag som gråor og selje, samt osp i rasmarka. Ramslauk er dominerande mange stader i feltsjiktet. Elles er det ein god del myske. Andre edellaauvskogsplanter var lundgrønnaks, vårmarihand og vårerteknapp. I tillegg vart slakkstorr funne med nokre tuer i eit fuktig i nord. På alm vart almelav (NT) registrert eit par stader, og *Gyalecta flotowii* (VU) ein stad. I tillegg litt lungenever på eldre tre nokre stader.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig - B, og får her under tvil også verdi svært viktig - A. Dette fordi den tross alt er ganske stor og inneheld nokre raudlista, kravfulle og sjeldsynte artar, samt har potensial for fleire. Granplantefelta er derimot med på å redusere verdien.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntak er fjerning av gran og ev platanlønn, der ikkje minst granplantefelta innafor lokaliteten absolutt burde har vorte fjerna. I tillegg bør ein redusere hjortebestanden slik at ikkje så mykje alm vert skada.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Strutseving | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fjellfiol | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårmarihand | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Slakkstarr | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | | | 18.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Almelav | NT | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Lok. nr. 522 Brøskjahagan forts.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 20% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 60% |
| Andre områder | | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 25.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. MiS-figur 207 ligg delvis inne i lokaliteten, men det meste av dette arealet er ikkje inkludert, da skogen i denne figuren er vurdert som for uthogd til å vere særleg interessant (ev som restaureringsbiotop).

Lok. nr. 523 Åsskard aust forts.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li omlagt 1 km aust for Åsskard kyrkje. Det ser ut til at han ligg på eit grensedele, noko bruken ber preg av. På vestsida går det opp ein skogsveg og det meste av den eldre skogen har vorte hoggen ut tidlegare. På austre del er det meir intakt eldre blandingsskog. Lokaliteten grenser noko diffust mot fattigare skog både i aust og nord, mot hogstflate/ungskog med fråver av gammal alm i vest, medan grensa i nedkant i sør ikkje vart sjekka skikkeleg (det står spredte almetre ned mot flata).

Naturtypar: Det er for det meste snakk om lågurtprega skog. Lokalt i aust ganske rik i overgang mot edellauvskog, medan den vert fattigare og i overgang mot blåbærskog i aust. Rikt hasselkratt her her rekna som hovudutforming, under tvil, men det er jamnt med hassel i lia.

Artsmangfald: Floraen er ikkje spesielt rik. Det finst ein del myske i feltsjiktet, og i vest vart det funne sparsamt med lundgrønnaks. I tillegg nokre spredte almetre (NT) i vestre og nedre del. På hasselstammer veks det ganske mykje hasselrurlav (NT).

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi som lokalt viktig - C. Det finst tross alt noko av ein raudlisteart, men miljøet verkar ikkje særleg artsrikt og er ein del påverka.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Særleg hogst av lauvtre som hassel og alm er negativt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Thelotrema succicum | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 25.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li i eit lite skar nordaust for Åsskard kyrkje. I nedre, vestre delar av lia her er det noko rik lauvskog. Denne vert skarpt avgrensa av ungskog/hogst ned til en skogsveg som går i lia. Det er også skarp grense mot grustak og bergrygg i vest, samt litt meir diffus mot gradvis fattigare vegetasjon i aust og nord (men nokså klare grenser her også).

Naturtypar: Det er for det meste frodig vegetasjon, dels litt rasmærksprega i lokaliteten. Det er mest høgstaudepreg på skogen, dels også overgang mot lågurtskog. I tillegg er det fleire små

Lok. nr. 524 Åsskard nordaust forts.

fattige til middels rike bergvegger.

Kulturpåverknad: Artsmangfald: Floraen er ikkje spesielt rik. Myske og høgstauder som skogsvinerot er vanlege. I tillegg vart det funne litt skogsvingel lokalt i vest, samt ei plante av taggbregne. På bergvegger og lauvtre er det noko av lungenever-samfunnet, men berre dei vanlege artane vart funne, som lungenever og vanleg blåfiltlav.

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi som lokalt viktig - C. Den er ganske liten og uten funn av raudlisteartar så langt.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Særleg hogst av lauvtre som hassel og alm er negativt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Taggbregne | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvingel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 40% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospenholt | 30% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 30% |

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 25.05.2008, ut frå eige feltarbeid same dag. MiS-figur 209 ligg innafør lokaliteten, men det er eit vesentleg større areal med rik edellauvskog her enn det som er avgrensa i den figuren.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li under ein fjellrygg nord for Åsskard kyrkje. I nedkant vert den avgrensa skarpt av ungskog og plantefelt (inkludert av lerk) ned mot ein skogsbilveg. I vest er det skarp grense mot granplantefelt. I aust og nord dels skarp mot bergveggar og dels litt diffus mot noko fattigare skog. Det er snakk om to grunne søkk opp mot fjellhammaren, delvis skilt av ein grunnlendt, fattigere rygg med furu og osp.

Naturtypar: Mykje av lokaliteten har ut frå artsmangfaldet alm-lindeskog (kysymre-almeskog er kanskje like riktig), men det er grunn til å rekne øvre delar meir som gråor-almeskog. I tillegg kjem det inn noko lågurtskog i øvre deler og opp mot ryggen mellom dei to søkka. Ut frå artsmangfaldet kan det sjå ut som om det kanskje er litt rikare berggrunn enn elles i området i det vestre, grunne søkket.

Artsmangfald: Av treslag er det noko alm (NT) i nedre delar, men ikkje bestandsdannande. I tillegg ein god del hassel, samt ei blanding av m.a. bjørk, osp og selje i tresjiktet. Floraen i feltsjiktet er til dels frodig, og særleg i det vestre søkket er det mykje ramslauk oppover lia. I tillegg er det mykje myske. Også artar som lodneperikum, lundgrønnaks og junkerbregne vart funne sparsamt, i tillegg til fleire typiske høgstaudeartar som skogsvinerot og storklokke. I vestre søkk var det også lokalt ein del taggbregne. På lauvtree var det berre sparsamt med lungenever-samfunnet. Derimot vart det på fleire av almetrea funne *Gyalecta flotowii* (VU) og bleikdoggnål (NT).

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Gråor-almeskog (D5)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig - B, og skulle kanskje hatt enda høgare verdi. Det er snakk om ein nokså velutvikla edellauvskog med innslag av gamle almetre, samt noko daudt trevirke av grov osp. Flere raudlisteartar førekjem også.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Dette gjeld m.a. alle former for hogst, unnateke hogst av framande treslag som gran og platanlønn. Det er viktig å halde stammen av hjort så langt nede at dyra sjeldent eller aldri gneg bark av almetrea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Taggbregne | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvinerot | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Storklokke | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | | | 25.05.2008 | | Vitenskapelige |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | | | 25.05.2008 | | Vitenskapelige |
| <i>Gyalecta flotowii</i> | VU | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Lok. nr. 525 Åsskard nord forts.

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospenholt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 26.05.2008, ut frå eige feltarbeid 25.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li langs Fossbekken ovafor Åsskard. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot bekken (litt areal nærast denne på andre sida er også inkludert) i nedkant, samt mot hogstflate mot vest. Det er litt meir diffuse grenser mot mindre ospelik skog mot nord.

Naturtypar: Det er snakk om ein blandingskog der verdiane primært ser ut til å vere knytta til gammal osp. Dels er det svakt utvekla lågurtskog og dels blåbærskog.

Lok. nr. 526 Fossbekken øvre forts.

Artsmangfold: Karplantefloraen er ganske ordinær. I tresjiktet er det mest furu og osp, samt noko småvaksen bjørk og einskilde tre av m.a. selje. I tillegg er det litt hassel i busksjiktet, men ganske små kratt. I nedre delar står det fleire almetre (NT). I feltsjiktet vart det ikkje funne artar av spesiell interesse. På ospetrea veks det litt av lav i lungenever-samfunnet, primært dei vanlege artane som lungenever og grynfiltlav, men det vart også gjort to funn av skorpefiltlav (VU). Lokaliteten er truleg ein god spettebiotop og har også potensial for kravfulle insekt knytt til daud, ståande osp.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien viktig - B, sidan det er ein del uvanleg storvaksen og dels daud osp her, samt at eit par raudlisteartar førekjem, og det er potensial for fleire slike.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Dette gjeld m.a. alle former for hogst.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefiltlav | VU | | | 25.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Skorpefiltlav | VU | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 26.05.2008, ut frå eige feltarbeid 25.05.2008.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li langs Fossbekken ovafor Åsskard. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot bekken i nedkant, samt mot hogstflate på oversida. Det er litt meir gradvise overganger mot fattigare skog oppover og nedover langs bekken (samt litt usikkert om lokaliteten er presist lagt inn på kartet).

Naturtypar: I nedkant av den vesle skrenten siste strekket ned til bekken er det frodig lauvskog med varmekjært preg. I praksis er det truleg mykje ein overgang mellom alm-lindeskog og gråor-

Lok. nr. 527 Fossbekken nedre forts.

almeskog. I tillegg er det litt bergvegger samt oreskog langs bekken.

Artsmangfold: Floraen er ikkje spesielt artsrik, men frodig. Det er litt alm i tresjiktet, samt gråor, bjørk og selje. I busksjiktet er det ein god del hassel. I feltsjiktet veks mykje myske, samt lundgrønnaks, ramslauk og høgstauder som skogsvinerot. På hasselstammer vart hasselrurlav (NT) funnet, samt at lungenever-samfunnet finst sparsamt på tre og bergvegger (berre vanlege artar som lungenever vart sett).

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Verdisetting: Lokaliteten får verdien lokalt viktig - C, sidan det er ein ganske liten, ikkje spesielt artsrik og klart negativt påverka lokalitet.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred for inngrep. Dette gjeld m.a. alle former for hogst, unnateke hogst av framande treslag som gran og platanlønn. Det er viktig å halde stammen av hjort så langt nede at dyra sjeldent eller aldri gneg bark av almetrea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Thelotrema succicum | NT | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospesholt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 25.05.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av Hamnesfjorden, rett på austsida av den gamle soknegrensa mellom Åsskard og Surnadal(?). Lokaliteten grenser til fattigare skog både i nord og sør. Det er også noko fattigare skog i aust og vest, men delar av bekkekløfta her vart under litt tvil ikkje inkludert i lokaliteten.

Naturgrunnlag: Det er svakt utvekla, skogkledt rasmark i den nordvendte lia, samt nokre mindre bergveggar. Miljøet ligg nokså skjerma. Fuktsig manglar. Berggrunnen verkar ganske kalkfattig.

Naturtypar og utforming: Eldre boreal lauvskog pregar miljøet, inkludert nokre eldre ospetre og

Lok. nr. 528 Baklia vest forts.

ei og anna eldre rogn og selje. Vegetasjonstypen er for det meste småbregneskog.

Artsmangfald: Boreale treslag som bjørk, osp, selje og rogn er vanlege, samt litt furu. Ingen spesielt kravfulle artar i feltsjiktet. Svakt utvikla lungenever-samfunn på trea, men dette inkluderer litt skorpefiltlav (VU).

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift.

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Verdisetting: Verdien vert berre sett til lokalt viktig (C), sjølv om ein sårbar art er påvist.

Førekomsten av arten var sparsom (berre funne på eit tre), og i tillegg er lokaliteten ganske liten og ikkje særleg godt utvikla.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene er om lokaliteten får ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Vanlig blåfiltlav | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefiltlav | VU | | | 25.05.2008 | | Vitenskapelige |
| Lungenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 25.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Store gamle trær

Utforming: Gammelt tre

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 25.05.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av Hamnesfjorden, i ei grenseline i Baklia. Det er snakk om ein punktførekost av ei gammal furu.

Naturgrunnlag: Treet står på fastmark, like ovafor ei lita myr, og har ung skog rundt seg.

Naturtypar og utforming: Furu er eit gammalt grensetre, og har fått stå i fred av den grunn. Det er for det meste røsslyngfuruskog her.

Artsmangfald: Ingen spesielle artar vart funne på treet.

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift.

Lok. nr. 529 Hyllbekken forts.

Framande artar:

Verdisetting: Sidan det ikkje vart funne spesielle artar på treet, verkar det korrekt berre å gje det verdi som lokalt viktig (C). Så gamle furutre er likevel sjeldsynte i lågareliggande delar av kommunen.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere om treet får stå i fred, med naturleg, glissen furuskog rundt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Bjørkeskog med høgstauder

Utforming: Ren høgstaudeutforming

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.05.2008. Lokaliteten ligg ytst på neset utafor Stangvika, der Surnadalsfjorden går innover mot aust. Lokaliteten er dels ganske tydeleg avgrensa mot fattigare skog og bergvegger i sør, mot sjøen i nord, men også litt diffust mot gradvis fattigare skog i aust (dårleg sjekka) og vest. MiS-figur 113 omfattar mykje av det same arealet (det er litt ulike grenser, særleg i vest, men her er avgrensinga diskutabel).

Naturgrunnlag: Det er til dels bratt berghammar med noko skogkledd rasmark i nedkant i sør. Elles ei slakt hellande skråning mot nordaust, dels med nokre fuktsig.

Naturtypar og utforming: Inn mot bergrota er det noko frodig høgstaudeskog, samt i nokre fuktsig på skråninga nedanfor. Elles mest småbregneskog og dels storbregneskog.

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag. I tillegg ein del selje og rogn, særleg i rasmarka, lokalt noko gråor i skråninga, også lokalt litt osp i skråninga, samt eit fåtal furutre. Ingen spesielt sjeldsynte artar i feltsjiktet, men fjellfiol vart funne, ein austleg art som er nokså sjeldsynt så langt vest. Lungenever-samfunnet var middels godt utvekla på lauvtree, og ingen spesielt sjeldsynte artar vart funne. På ei daud furu vart blodkjuke funne. Potensial for raudlisteartar er til stades, men ikkje spesielt godt.

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift.

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Storbregneskog (C1)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Verdisetting: Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sjølv om den er ganske stor. Ingen spesielt sjeldsynte eller raudlista artar er funne, og potensialet for slike verkar ikkje særleg godt. Skogen er ikkje spesielt gammal.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene er om lokaliteten får ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Fjellfiol | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |
| Blodkjuke | | | | 18.05.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|------------------|-----|
| Rik edellauvskog | Alm-lindeskog | 10% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 70% |

Tilstand

Feltsjekk

18.05.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå egne turar 19.05.2007 og 18.05.2008. Lokaliteten ligg ut mot neset utafør Stangvika, der Surnadalsfjorden går innover mot aust. Lokaliteten er dels ganske tydeleg avgrensa mot fattigare skog og bergvegger i aust. MiS-figurane 60 og 61 ligg innafør lokaliteten. Den er likevel utvida ein god del samanlikna med MiS-kartlegginga. Dels er det

tydeleg meir rike hasselkratt nordvest for figur 60, samt dels generelt mykje rike hasselkratt i lisida nedanfor figurane. Eit parti mellom dem er fattigare og kunne kanskje vore trekt ut (samt nokre mindre plantefelt med gran).

Naturgrunnlag: Det er til dels høge og bratte bergveggar i aust, med ein del rasmark nedanfor (dels åpen, dels skogkledt). Nedafor der att mykje velutvikla brunjordsprofilar på god berggrunn (amfibolitt og glimmerskifer). Nokre små berghamrar i den skogkledte lia, og eit par små fuktsgig.

Naturtypar og utforming: Mykje av lokaliteten er dominert av svakt utvikla til velutvikla rike hasselkratt, ofte med noko dårlegare utvikla tresjikt over. Inn mot berget i aust er det meir blanding med innslag av både furu, osp og ulike boreale treslag, samt sparsamt med alm (NT). Det er mest lågurtskog i området (både velutvikla og svakt utvikla), men også noko litt fattigare skog (bregnemark lokalt) hist og her, kanskje særleg inn mot berget. Rasmarka har lokalt rik skog, men er for det meste fattig.

Artsmangfald: Forutan hassel er viktige treslag bjørk, gråor, og lokalt osp samt litt planta gran. Også furu finst det litt av, og andre boreale treslag som selje og rogn. I feltsjiktet er det stadvis mykje myske, og lokalt også noko svarterteknapp, vårerteknapp, lundgrønaks, gullstjerne og ramslauk i hasselkratta. Oppe i rasmarka veks lokalt lerkespore og lodneperikum. Lungenever-samfunnet er nokså dårleg utvekla, mens det på eit par gamle almetre i rasmarka er funne bleik kraterlav (VU). På hassel veks det litt hasselrurlav (NT) i nordre del. Lokaliteten har ganske stort potensial for kravfulle marklevande sopp typiske for rike hasselkratt.

Trugsmål: Både skogsdrift og hyttebygging kan vere aktuelle trugsmål her. I tillegg kjem spreieing av innførte treslag som gran og platanlønn.

Framande artar: Det er planta nokre mindre bestand av gran i området. Platanlønn er i full spreieing sør for lokaliteten og truleg på veg inn.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebelegg) (D4c)

Lavurtskog (B1)

Småbregneskog (A5)

Lavurt-edelløvsskog (D2)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), både fordi den er ganske stor, velutvikla og med førekomst av einskilte raudlisteartar. Under noko tvil får den også verdi svært viktig, m.a. fordi potensialet for kravfulle og raudlista artar, særleg blant sopp, er godt, men den burde ha vore undersøkt på hausten for å få klarlagt dette betre.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Særleg skogsdrift på naturlege treslag, samt planting av framande artar er negativt. Hogst av allereie planta gran er positivt, men ein bør utvise særlege omsyn under skogsdrifta så ein ikkje øydelegg marka eller kjører ned for mykje hasselkratt. Ekstensivt husdyrbeite kan vere positivt, og normalt friluftsliv har liten innverknad på verdiane. Hyttebygging bør derimot ikkje skje i eller nær inntil lokaliteten.

Vernestatus

Kjente trusler

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Alm | NT | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Skogstjerneblom | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Tyrhjelm | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Vårkål | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Lerkespore | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Svarterteknapp | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |
| Vårerteknapp | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkingar |


Lok. nr. 531 Brøskjahagan nord forts.

| | | | |
|---------------------|----|------------|-------------------|
| Lodneperikum | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Myske | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Firblad | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Gullstjerne | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Ramsløk | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Vårmarihand | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Lundgrønnaks | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Hundekveke | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |
| Gyalecta flotowii | VU | 19.05.2007 | Vitenskapelige |
| Thelotrema suecicum | NT | 19.05.2007 | Vitenskapelige |
| Skjerfmoose | | 19.05.2007 | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

29.08.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 29.08.2008, saman med Ingvar Stenberg og Perry Larsen. Lokaliteten ligg i austre del av Svealia, ovafor Sætra. Det er ikkje heilt enkelt korkje å orientere seg i lia eller avgrense lokalitetar, og avgrensinga på kartet er basert på GPS-måling. Det er dels fattigare skog og noko gran i nedkant, medan det er diffus grense mot noko fattigare blandingsskog på andre kanter.

Naturgrunnlag: Berggrunnen er av glimmerskifer, noko som ofte gjev opphav til næringskrevjande vegetasjon. Lia er småkupert, med stadige skifter mellom små søkk, ryggar, hyller og bratte skråningar. Denne lokaliteten ligg dels i ei bratt sørskråning og dels eit lite søkk på oversida.

Naturtypar og utforming: I flekkar er det tydeleg edellauvskogsvegetasjon her, men på kantane går det raskt over til ordinær blåbærskog.

Artsmangfald: Det er blandingsskog med ein del hassel og noko gråor i søkket. Elles ei grov og gammal tidlegare styva alm (NT) i nedkant, samt noko bjørk. I feltsjiktet veks m.a. junkerbregne,

Lok. nr. 532 Svealia: Gammelvehola forts.

skogstorr og taggbregne. På alma veks almelav (NT) og bleikdoggnål (NT).

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift og spreiring av gran.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten er liten og ikkje spesielt godt utvikla. Den grove gamle alma vert likevel vurdert som såpass verdifull at samla verdi er satt til viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Særleg skogsdrift på naturlege treslag, samt granplanting er negativt. Forsiktig fjerning av gran i nærleiken vil vere positivt. Alma er nok for gammal til å ta opp at styvinga, men nydanning av styvingstre ville vore ønskjeleg.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Taggbregne | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Korsved | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg, Perry Larsen.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

29.08.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 29.08.2008, saman med Ingvar Stenberg og Perry Larsen. Lokaliteten ligg oppe i Svealia, ovafor Svean. Det er ikkje heilt enkelt korkje å orientere seg i lia eller avgrense lokalitetar, og avgrensinga på kartet er dels basert på GPS-måling. Det er noko fattigare skog både i aust og nord, dels meir uthogd skog i nedkant, samt gradvis meir fattig skog mot vest (her kunne nok arealet har vorte utvida noko).

Naturgrunnlag: Berggrunnen er av glimmerskifer, noko som ofte gjev opphav til næringskrevjande vegetasjon. Lia er småkupert, med stadige skifter mellom små søkk, rygger,

hyller og bratte skråninger. Denne lokaliteten ligg i eit ganske tydeleg søkk, med mindre bergveggar på begge sider.

Naturtypar og utforming: Søkket har for det meste frodig høgstaudeprega feltsjikt med innslag av fleire typiske edellauvskogsartar. Gråor-almeskog er nytta som utforming, men einskilde artar viser overgang mot alm-lindeskog.

Artsmangfald: Det er variert treslagsblanding med både alm (NT), gråor, rogn, bjørk og furu i lokaliteten. I feltsjiktet veks m.a. kjempesvingel, sanikel og skogstorr. På ei grov alm vart både almelav (NT), bleikdoggnål (NT) og truleg *Opegrapha vermicellifera* (VU) funnen. På marka voks signalartar som gullkremle og truleg tjæreraudskivesopp, samt på almelåg skrukkeøre. Også eit par vanlege artrar i lungenever-samfunnet veks på trea. Kvitryggspett (NT) vart registrert.

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift og spreining av gran.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten er ikkje særleg stor, men den er relativt artsrik med førekomst av kravfulle og dels raudlista artar frå ulike organismegrupper. Verdien vert difor sett til svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Særleg skogsdrift på naturlege treslag, samt granplanting er negativt. Forsiktig fjerning av gran i nærleiken vil vere positivt. Nydanning av styva almetre kan vere ønskjeleg.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hvitryggspett | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Junkerbregne | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Tyrhjelm | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brunrot | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kjempesvingel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrukkeøre | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Tjæreraudskivesopp | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gullkremle | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Opegrapha vermicellifera</i> | VU | | | 29.08.2008 | | Vitenskapelige |
| Bleikdoggnål | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg, Perry Larsen.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

29.08.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 29.08.2008, saman med Ingvar Stenberg og Perry Larsen. Lokaliteten ligg oppe i Svealia, ovafor Svean. Det er ikkje heilt enkelt korkje å orientere seg i lia eller avgrense lokalitetar, og avgrensinga på kartet er dels basert på GPS-måling. Det er ganske skarp overgang til fattigare skog i overkant, granplantefelt i aust, samt litt meir diffust mot mindre interessant skog i vest og sør.

Naturgrunnlag: Berggrunnen er av glimmerskifer, noko som ofte gjev opphav til næringskrevjande vegetasjon. Lia er småkupert, med stadige skifter mellom små søkk, ryggar, hyller og bratte skråningar. Denne lokaliteten ligg i ei bratt sørskråning.

Naturtypar og utforming: Det er primært snakk om ein gråor-almeskog her.

Artsmangfald: Forutan alm (NT) er det ulike boreale treslag som bjørk, rogn og gråor. På grove almetre vart både almelav (NT) og narrepiggsopp (NT) funne. I feltsjiktet veks m.a. skogstorr og myske. Lungenever veks på fleire lauvtre.

Trugsmål: Ingen kjente utanom skogsdrift og spreiring av gran.

Lok. nr. 534 Svealia: Stor-fagerlia forts.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten er liten og ikkje spesielt godt utvikla. Førekost av ganske grove almetre med tilknytt kravfulle gammelskogsartar gjer det likevel vanskeleg å setje verdien til noko anna enn viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Særleg skogsdrift med hogst av alm, samt granplanting er negativt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Narrepiggsopp | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg, Perry Larsen.

Litteratur



Naturtype: Store gamle trær

Utforming: Skjøttet/styv

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Svak

Feltsjekk

29.08.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 29.08.2008, saman med Ingvar Stenberg og Perry Larsen. Lokaliteten ligg oppe i Svealia, ovafor Svean. Det er ikkje heilt enkelt korkje å orientere seg i lia eller avgrense lokalitetar, og avgrensinga på kartet er dels basert på GPS-måling. Det er her snakk om ei ganske fersk hogstflate, men der det står att nokre grove og gamle almetre.

Naturgrunnlag: Berggrunnen er av glimmerskifer, noko som ofte gjev opphav til næringskrevjande vegetasjon. Lia er småkupert, med stadige skifter mellom små søkk, rygger, hyller og bratte skråningar. Denne lokaliteten ligg på ei brei hylle.

Naturtypar og utforming: Det er primært snakk om ein gråor-almeskog her.

Artsmangfald: Lokaliteten består i praksis av eit lite knippe med grove og gamle, sikkert tidlegare styva almetre ute på ei frodig hogstflate. På almetrea veks både almelav (NT) og bleikdoggnål (NT) (dels er desse noko skadd av fristillinga, men artane overlever truleg ei tid). M. a. skogstorr veks på marka.

Trugsmål: Om hogstflata veks att med tett skog som inneheld ein del gran vil både almetrea og raudlisteartane på dei verte utskygga og vil gå ut.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Sidan det er snakk om grove og gamle almetre med eit par typiske raudlisteartar på, så blir verdien viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Trea har best av å stå i eit halvøpe skoglandskap. Attveksing med tett skog er klart uheldig, særleg innslag av gran som raskt fører til for mykje skugge. Brå opning av skogen som ved flatehogst er også negativt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg, Perry Larsen.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Liskog/ravine

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|------------------|------------------|-----|
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 50% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 20% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 30% |

Tilstand

Feltsjekk

29.08.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 29.08.2008, saman med Ingvar Stenberg og Perry Larsen. Lokaliteten ligg oppe i Svealia, på Fleskhaugan ovafor Svean. Det er ikkje heilt enkelt korkje å orientere seg i lia eller avgrense lokalitetar, og avgrensinga på kartet er dels basert på

Lok. nr. 536 Svealia: Fleskhaugan forts.

GPS-måling. Den avgrensa lokaliteten grenser noko diffust mot fattigare skog både i sør, vest og nord, medan det er noko meir usikker grense mot aust. Det er ikkje usannsynleg at den burde ha vore utvida noko, både mot aust, vest og nord.

Naturgrunnlag: Berggrunnen er av glimmerskifer, noko som ofte gjev opphav til næringskrevjande vegetasjon. Lia er småkupert, med stadige skifter mellom små søkk, rygger, hyller og bratte skråningar. Denne lokaliteten ligg dels på ei skrånande hylle og omfattar dels nedre del av ei bratt li. Det er fleire fuktige sig her.

Naturtypar og utforming: I den bratte lia er det noko hasselrik lågurtskog, truleg overgang mot gråor-almeskog. I austre del finst det ei lita rikmyr, truleg med noko kjeldepreg. Rundt og nordvest for myra, på den skrånande hylla, står det gråordominert skog.

Artsmangfald: Det mest spesielle med lokaliteten er eit artsmangfald knytta til ganske kalkrik gråorskog i liside, eit sjeldsynt miljø. Vi gjorde her fleire funn av den sjeldsynte arten orerørsopp, samt eit par funn av den ganske sjeldsynte orekremle. I tillegg vedraudskivesopp (NT) på orelåg. I feltsjiktet veks m.a. skogstorr, sanikel og kjempesvingel. På gamle almetre (NT) vart både blådoggnål (VU), bleikdoggnål (NT) og almelav (NT) funne. I rikmyrssiaget veks både breiull og gulstorr.

Trugsmål: Skogsdrift er nok mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Gråor-heggeskog (C3)

Middelsrik fastmattemyr (M2)

Verdisetting: Lokaliteten får ut frå samla vurdering ein ganske klar verdi som svært viktig (A).

Fleire kravfulle og raudlista artar er funne, og potensialet for ytterlegare slike er god. Både førekomsten av gamle og grove almetre, samt ikkje minst den rike oreskogen er sjeldsynte element av høg naturverdi.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Alle former for skogsdrift, inkludert vedhogst, vurderast som klart negative.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hassel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Jåblom | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sanikel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gulstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bredmyrull | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kjempesvingel | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Indigorødskivesopp | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Orerørsopp | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Orerørsopp | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skarp orekremle | | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |
| Blådoggnål | VU | | | 29.08.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg, Perry Larsen.

Litteratur



Naturtype: Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti

Utforming: Betydelig flompåvirkede kroksjøer og dammer

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

26.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 26.10.2007. Lokaliteten ligg på Honstad, eit par kilometer vest for Røv. Den er ganske skarpt avgrensa mot andre miljø på sidane. I aust kunne ein kanskje teke litt meir av fuktsiget, men det viktigaste vart vurdert å få med seg sumpå her. Det gamle elveløpet mot nord veks att med oreskog, og denne vart vurdert som litt for ung til å bli med i lokaliteten.

Naturgrunnlag: Det ser mest ut til å vere grus og litt sand her, m.a. ikkje spesielt finkorna lausmassar. Gamle kart indikerar at Surna har gått meir regelmessig gjennom for ikkje så lang tid

Lok. nr. 537 Honstad forts.

tilbake. Nå er det berre i nedkant det er kontakt med hovudelva, medan ein bekk kjem ned i indre delar.

Naturtypar og utforming: Det er snakk om ei grunn evje med mindre grusører, samt sumpprega parti i indre delar.

Artsmangfald: Ingen spesielt sjeldsynte artar vart funne her (tidspunktet på året var ikkje det beste eigna).

Trugsmål: Attfylling og grusuttak er aktuelle trugsmål, og partiet ved nedkjørsla vart da også delvis øydelagt sommaren 2008.

Framande artar:

Verdisetting: Lokaliteten er ganske liten, ikkje spesielt godt utvikla og potensialet for sjeldsynte og kravfulle artar er ikkje spesielt stor. Verdien vert difor sett til lokalt viktig (C). Alle restar av kroksjøer, flaumløp m.v. langs Surna har normalt biologisk verdi som del av eit stort og (i det minste tidlegare) variert og artsrikt vassdragssystem.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å unngå alle former for fysiske inngrep, men gjerne sørge for at Surna på ny kan renne inn her år om anna.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Drenering/gjenfylling og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Brakkvannsdelta

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

26.10.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 26.10.2007, men også Aune (2005) har truleg nemnt lokaliteten (del av hans nr 419 - Surna: Røtet). Lokaliteten er ein rest av det store brakkvassdeltaet ved utløpet av Surna i Surnadalsfjorden. Lokaliteten grenser skarpt til utfylling av industriområde i nord og aust, mot utfylling (veg) i sør og delvis avsnørt med voll også mot sjøen i vest.

Naturgrunnlag: Mest truleg er dette ein kroksjørest frå ein gong elva har gått gjennom her. Det er ganske finkorna lausmassar her og dammen er grunn.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten omfattar ein større, delvis avsnørt brakkvassdam. I tillegg er det mindre areal med strandeng inntil, særleg i søraust.

Artsmangfald: Bortsett frå ein del trådtjønnaks i dammen vart det ikkje funne spesielle artar (tidspunktet på året var ikkje det beste eigna).

Trugsmål: Lokaliteten er ganske sterkt truga av attfylling, og har vorte delvis øydelagt av dette allereie.

Framande artar:

Verdisetting: Aune (2005) vurderte inngrepa nord for reservatet som så store at deltaretene der ikkje var føremålstenleg å verdisetjast. Dette blir her vurdert som feil bruk av naturtypemetodikken. Sjølv om det er store inngrep i området, så er det delar som ikkje er direkte berørt av fysiske inngrep enno, og samtidig har ein delvis intakt økologisk funksjon. Det gjeld også delvis denne brakkvassdammen med omliggande strandengrestar. Sidan slike miljø i tillegg er svært sjeldsynte i heile fylket, vert difor verdien her sett til viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er heilt klart at det ikkje vert gjort nokon form for inngrep meire, anna enn å rydde opp i eksisterande søppel og avfallsdumping.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Masseuttak/utfylling og

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Trådtjønnaks | | | | 26.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.



Naturtype: Brakkvannsdelta

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

26.10.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 26.10.2007, men også Aune (2005) har truleg nemnt lokaliteten (del av hans nr 419 - Surna: Røtet). Lokaliteten er ein rest av det store brakkvassdeltaet ved utløpet av Surna i Surnadalsfjorden. Lokaliteten grenser skarpt til utfylling av industriområde i aust og sør, stort sett mot kanal i nord og mot sjøen (innafor ein molo) i vest.

Naturgrunnlag: Det er finkorna lausmassar i området og restar etter gamle bekkefar og truleg dreneringskanalar.

Naturtypar og utforming: For det meste har lokaliteten saltenger og brakkvassenger. Mot vest er

Lok. nr. 539 Surnadalsøra: Tangen forts.

det også innslag av forstrand.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielle artar (tidspunktet på året var ikkje det beste eigna).

Trugsmål: Lokaliteten er ganske sterkt truga av utfylling, og har vorte delvis øydelagt av dette allereie.

Framande artar: Det veks rynkerose på vollen ut mot sjøen.

Verdisetting: Aune (2005) vurderte inngrepa nord for reservatet som så store at delatarestene der ikkje var føremålstenleg å verdisetjast. Dette blir her vurdert som feil bruk av naturtypemetodikken. Sjølv om det er store inngrep i området, så er det delar som ikkje er direkte berørt av fysiske inngrep enno, og samtidig har ein delvis intakt økologisk funksjon. Det gjeld også delvis desse strandengene. Sidan det er snakk om eit av dei største restareala med strandenger i eit av dei største brakkvassdelta i fylket, får det verdien som viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er heilt klart at det ikkje vert gjort nokon form for inngrep, anna enn å fjerne eksisterande voller og andre lausmassar, samt åpne opp meir i moloen på utsida.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Masseuttak/utfylling og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.



Naturtype: Strandeng og strandsump

Utforming: Hevdet med beite

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

God

Feltsjekk

26.10.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 26.10.2007. Lokaliteten er ein rest av det store brakkvassdeltaet ved utløpet av Surna i Surnadalsfjorden. Lokaliteten grenser skarpt til utfylling av industriområde i sør og vest, mot tørr furuskog i aust, og litt meir diffust mot meir påverka mark og småskog i nord.

Naturgrunnlag: Det er finkorna lausmassar i området og truleg restar etter eit gammalt bekkefar/dreningsbane i nord.

Naturtypar og utforming: Naturtype som strandeng og strandsump vart sett under tvil, da

Lok. nr. 540 Surnadalsøra: Tangen sør forts.

saltvasspåverknaden er liten no. Samtidig er dette ein del av deltaområdet, og vert litt påverka.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielle artar (tidspunktet på året var ikkje det beste eigna). Det var innslag av sumpplanter i svake søkk, samt ein kanalrest i nord. Naturengartar vart sett sparsamt på beitemarka.

Trugsmål: Sidan lokaliteten ligg innafor eit elles stort industriområde, er det helst truga av attfylling og forsøpling. Også opphør av beite er eit trugsmål, samt sterk gjødsling.

Framande artar:

Verdisetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C). Det vart ikkje funne spesielle artar her, og lokaliteten fell ikkje særleg godt inn under etablerte naturtypar, samtidig som den nok kan vere ein del negativt påverka (helst noko gjødsling, og avsnøringa frå øvrige delar av deltaet er også uheldig). Verdisettinga er noko usikker og ein skal ikkje utelukke at andre fagfolk vil kome med ein annan konklusjon.

Hensyn og skjøtsel: Naturverdiane er avhengig av at det framleis vert beita, der hest eller storfe nok er best eigna. Gjødsling bør ein unngå. Det er ønskjeleg at området i størst mogeleg grad kan oppretthalde naturleg kontakt med sjøen utanfor.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Gjengroing og Masseuttak/utfylling

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti

Utforming: Artsrik lavlandsform under gjengroing

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

26.10.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 26.10.2007. Lokaliteten er ein rest av det store brakkvassdeltaet ved utløpet av Surna i Surnadalsfjorden. Lokaliteten grenser skarpt mot dyrka mark på fleire kantar, samt mot vegen i vest (og forsåvidt også i nordaust).

Naturgrunnlag: Det er finkorna lausmassar i området og lokaliteten utgjer nedre del av ein gammal meanderrest frå ein gong Surna må ha gått her. Det er tydeleg, om ikkje sterk, påverknad av saltvann i nedre delar av lokaliteten.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten omfattar ein større meandersving, samt ein mindre "blindtarm" av denne inn mot vegen. Det er restar av brakkvassenger/bakre fuktenger langs kantane av bekken/meanderen.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielle artar (tidspunktet på året var ikkje det beste eigna).

Trugsmål: Lokaliteten ligg innafor eit ganske intensivt utnytta kulturlandskap. Den verkar fysiske relativt intakt, men har helst fått tilførd ein del næring opp gjennom tida.

Framande artar:

Lok. nr. 541 Surnadalsøra: Tangen aust forts.

Verdisetting: Verdi som viktig (B) er satt under litt tvil, men slike delvis intakte meandre er svært sjeldsynte i Møre og Romsdal.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil stort sett vere å la lokaliteten få ligge i fred. Ein bør unngå ureining av vatnet og kantsonane og sjølvsagt ikkje dumpe lausmassar eller anna avfall her. Ein bør ikkje pløye ut i fuktengene. Beite vil vere positivt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Jordbruksdrift og Forurensing

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Undervannsenseng

Utforming: Havgras/tjønnaks-undervannsenseng

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

04.11.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 26.10.2007, samt saman med Ingvar Stenberg og Finn Oldervik 04.11.2007 (delar av resultatane er seinare publisert, sjå Gaarder 2008). I tillegg har Aune (2005) omtala lokaliteten (lokalitet 423 hos ham). Lokaliteten ligg midt i utløpet av Surna, like før elva renn ut i fjorden. Det omfattar ei vegetasjonskledd øy med ein avsnørt (av vegen) elveløp på nordsida. Grenser mot fastmark er skarp i nord og også ganske skarp mot djupare vatn i elva i sør.

Naturgrunnlag: Miljøet er tydeleg brakt og opplagt sterkt påverka av stadige skifter i

Lok. nr. 542 Surnadalsøra: Omfløddøra forts.

saltvassmengda etter flo og fjøre. Det er mest grus og dels småstein på øra, medan det avsnørte løpet på innsida har meir finkorna lausmassar, i form av mudder på austsida av veggen.

Naturtypar og utforming: Sjølve Omfløddøra har mest ordinær fuktengvegetasjon prega av manglande hevd. Det er svakt utvekla saltenger i kanten av øya i vest, og der også tendensar til undervasseng, medan det er velutvikla undervassenger på innsida av øya i aust.

Artsmangfald: Berre ordinære artar som strandrug vart funne på sjølve øya. I vest var det sparsamt med saltarve i kanten av øya, samt så vidt dvergsivaks (NT) i ein pøl nær vestspissen. I aust var det derimot eit velutvikla belte av pusleplanter på innsiden av øya, med både dvergsivaks (NT), firling (EN), evjebrodd, sylblad og nordleg evjebloom. Dette partiet utgjør det mest artsrike og velutvikla pusleplantesamfunnet som er kjent i Møre og Romsdal.

Trugsmål: Nokon direkte trugsmål er ikkje kjent, men det kan lett skje uheldige inngrep her, inkludert markskader som følgje av bruk av motorkjøretøy

Framande artar: Det veks ein del rynkerose ute på Omfløddøra.

Vegetasjon: Nål-/dvergsivaks-utf (U2h)

Vasshår-firling-evjebrodd-utf (U2i)

Verdisetting: Aune (2005) gav lokaliteten under tvil verdi lokalt viktig (C), men var da ikkje kjent med førekomsten av pusleplanter her. Sidan det er det mest velutvikla og artsrike pusleplantesamfunnet som er kjent i fylket, inkludert førekomster av fleire sjeldsynte og truga artar (truleg einaste vekseplass for nordleg evjebloom, dvergsivaks er elles berre kjent i eit lite bestand på sørsida av elva same stad, og også firling har berre eit fåtall lokalitetar i fylket, der denne helst er den rikaste), så er det klart av verdien i staden må setjast til svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Lokaliteten bør stort sett få ligge i fred. Unntaket er fjerning av rynkerose, som er ei svartelista plante som kan gjere stor skade på strandenger. Ekstensivt beite ville ha vore positivt, men er truleg mindre aktuelt. Bruk av motorkjøretøy bør ikkje forekomme ute på øya eller på mudderbankane her.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Fremmede/innførte artar og Masseuttak/utfylling

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|----------------|
| Saltsmåarve | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Sylblad | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Firling | EN | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Nordlig evjebloom | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Evjebrodd | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Dvergsivaks | NT | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Dvergsivaks | NT | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |


Observatør(er)

Finn Oldervik, Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Gaarder, G. 2008. Pusleplantesamfunn på Nordvestlandet. Blyttia 66: 179-190.



Naturtype: Undervannseng

Utforming: Havgras/tjønnaks-undervannseng

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

04.11.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur saman med Ingvar Stenberg og Finn Oldervik 04.11.2007 (delar av resultatane er seinare publisert, sjå Gaarder 2008). Lokaliteten ligg på sørsida av Surna, like før elva renn ut i fjorden. Det omfattar ei lita evje som grenser skarpt til veg i aust og dels sør, samt elva i nordvest.

Naturgrunnlag: Miljøet er tydeleg brakt og opplagt sterkt påverka av stadige skifter i saltvassmengda etter flo og fjøre. Det er mest finkorna mudder og sand her.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har tendensar til undervassenger.

Artsmangfald: Miljøet er ikkje særleg artsrikt, men har interesse fordi dvergsivaks (NT) veks sparsamt her.

Trugsmål: Nokon direkte trugsmål er ikkje kjent, men det kan lett skje uheldige inngrep her, sidan lokaliteten er svært liten og ligg inneklemt mellom veger.

Framande artar:

Vegetasjon: Nål-/dvergsivaks-utf (U2h)

Lok. nr. 543 Surnadalsøra: Omfløddøra sør forts.

Verdisetting: Lokaliteten er såpass liten, påverka og ikkje spesielt velutvikla at den berre får verdi lokalt viktig (C), sjølv om ein regionalt svært sjeldsynt art veks her.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få vere i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Masseuttak/utfylling og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Dvergsivaks | NT | | | 04.11.2007 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Finn Oldervik, Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur

Gaarder, G. 2008. Pusleplantesamfunn på Nordvestlandet. Blyttia 66: 179-190.



Naturtype: Undervannseng

Utforming: Havgras/tjønnaks-undervannseng

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

04.11.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur saman med Ingvar Stenberg og Finn Oldervik 04.11.2007 (delar av resultata er seinare publisert, sjå Gaarder 2008). Lokaliteten ligg på sørsida av Surna, litt før elva renn ut i fjorden. Det omfattar ein tange i elva der den vinkler frå å renne mot nordvest til mot sørvest. Lokaliteten grenser ganske skarpt mot dyrka mark på innsida, og mot djupare vatn i elva på utsida.

Naturgrunnlag: Miljøet er noko brakt og opplagt sterkt påverka av stadige skifter i vasstanden etter flo og fjøre. Det er mest finkorna grus og sand her, samt litt mudder.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har små tendensar til undervassenger. I tillegg litt fuktenger uten særleg saltvassartar.

Artsmangfald: Miljøet er ikkje særleg artsrikt, men har interesse fordi firling (EN) veks sparsamt her. Det er potensial også for andre pusleplantar.

Trugsmål: Truleg er naturverdiane avhengig av att miljøet ikkje gror att, men har berre lagvaksen vegetasjon.

Lok. nr. 544 Surnadalsøra: Midtgardsøran forts.

Framande artar:

Vegetasjon: Vasshår-firling-evjebrodd-utf (U2i)

Verdisetting: Lokaliteten får under noko tvil verdi svært viktig (A), sidan ein sterkt truga art veks her. Det er samtidig eit sjeldsynt og truga miljø. Lokaliteten er likevel liten og førekomsten av arten også svært sparsam, slik at også verdi viktig (B) kunne ha vore aktuell.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er at det ikkje vert gjort nokon form for fysiske inngrep her, og heller ikkje gjødsla. Samtidig er det ein klar fordel om det er ein del beite av husdyr.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Gjengroing og Masseuttak/utfylling

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------|----|------------|----------|------------|-----------|----------------|
| Firling | EN | | | 04.11.2007 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Finn Oldervik, Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur

Gaarder, G. 2008. Pusleplantefunn på Nordvestlandet. Blyttia 66: 179-190.



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospesholt

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Gammel barskog | Gammel furuskog | 20% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospesholt | 30% |
| Rik edellauvskog | Rikt hasselkratt | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

19.05.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 19.05.2007. Lokaliteten ligg på nordsida av Todalsfjorden, søraust for Gjengstøa. Det er vanskeleg å få god oversikt i det bratte terrenget, men lokaliteten grenser mot ein bratt hammar på oversida, samt at ei kraftline danner aktuell grense i nedkant. Det er truleg noko fattigere og/eller meir påverka skog i nordvest og søraust, men her er grensene usikre.

Naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt sørvestvendt li. Det er noko rasmark innafør lokaliteten, dels med grover steiner. Berggrunnen er truleg mest av granitt, men det finst også noko glimmerskifer i nærområdet.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har element både av gammal ospeskog, rike hasselkratt og

Lok. nr. 545 Gjengstøa aust forts.

gammal furuskog. Det er mykje lågurtskog, men også noko fattigare skog, samt litt fattig, glissent skogkledt ur.

Artsmangfald: Furu og bjørk er vanlegaste treslag, men det er også ein god del osp og hassel, samt innslag av andre boreale lauvtreslag. I feltsjiktet veks lokalt edellauvskogsartar som myske og skogsvingel. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla, og sølvnever finst sparsamt. I tillegg vart hasselrurlav (NT) funne. I austre del veks så vidt alm (NT). Det er potensial for ulike kravfulle og raudlista artar knytt til gammal lauvskog, gammal furuskog og rike hasselkratt her.

Trugsmål: Det er einaste skogsdrift som kan vere eit trugsmål for delar av lokaliteten.

Framande artar:

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får samla sett verdi viktig (B), sidan den er middels stor, har ulike interessante element (som grove tre og daudt trevirke), samt førekomst av einskilde kravfulle og raudlista artar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå urørt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Skogsvingel | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Kystfjelllav | | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |
| Thelotrema succicum | NT | | | 19.05.2007 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

26.10.2007 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 26.10.2007. Lokaliteten ligg rett sør for Ranes, i der kløfta som Ranesbekken går gjennom kjem ut. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot hogstflater og ungskog i nedre delar, og mot granplantefelt i nordvest, meir diffust mot ikkje like interessant kløftmiljø mot sør og sørvest.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Ranesbekken danner ei ganske trong, nordaustvendt kløft med innslag av mindre bergveggar.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten er nærast to-delt. Ytst er det restar av ein ganske storvaksen oreskog på litt grove lausmassar i ei liside. Innafor er det ei meir typisk bekkekløft med blandingsskog. Bekken renn jamnt på grov stein det meste av strekninga.

Artsmangfald: Det er mest gråor i ytre delar. Inne i kløfta er det meir bjørk, men også gråor, selje og nokre almetre (NT). Feltsjiktet er frodig og høgstaudeprega. Eit par regionalt sjeldsynte, austlege artar veks her sparsamt, da både storrap og maigull vart funne. Lungenever-samfunnet er middels godt utvekla på lauvtree, men berre vanlege artar vart funne. På ein gråorgadd vaks

Lok. nr. 546 Ranesebekken - nedre del forts.

langnål (NT) og på ein lauvtrellåg vedalgekølle (NT).

Trugsmål: Det er primært skogsdrift og spreining av gran som kan vere eit trugsmål for lokaliteten.

Framande artar:

Vegetasjon: Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Gråor-heggeskog (C3)

Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig (B), sidan det er ein ganske liten, men tydeleg skikkeleg fuktig og brukbart utvikla kløft/gråroskog, med førekomst av fleire sjeldsynte og dels raudlista artar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Gran kan med fordel fjernast både i og inntil lokaliteten. Ein bør unngå snauhogst i nærområdet.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 26.10.2007 | | Feltundersøkelser |
| Maigull | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Storrapp | | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Vedalgekølle | NT | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |
| Langnål | NT | | | 26.10.2007 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg i nedre delar av Vinddøldalen, i ei bratt, austvendt lisode. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fattigare og meir påverka skog mot nord (hogstflate der) og sør, mot vegen i vest og elva i aust.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lia har truleg mest forvittringsjord. Ingen fuktig kjem ned her.

Naturtypar og utforming: Dette er ein nokså typisk, men for øvrig ordinær og liten gråor-

almeskog.

Artsmangfald: Lokaliteten er ikkje særleg rik. Forutan alm (NT) er det sparsamt med andre boreale lauvtre i tresjiktet. I feltsjiktet er det mest ordinære høgstaudeartar, med berre litt myske og junkerbregne. Narrepiggsopp (NT) vart funne på ei alm. Sparsamt utvikla lungenever-samfunn.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål (vedhogst da helst). Det same gjeld dumping av masser o.l. frå vegen ovafor.

Framande artar: Gran finst sparsamt.

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten er såpass liten og ordinær at det under litt tvil berre vert sett verdi lokalt viktig (C) her.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|---------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Narrepiggsopp | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

21.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 21.10.2008 (men også Ingvar Stenberg var med en tur 25.02.2007). Lokaliteten ligg i nedre delar av Vinddøldalen, i ei bratt, vestvendt liseide. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fattigare og meir påverka skog mot nord, mot traktorveg i aust, mot elva og vest og mot granplantefelt (hovudsakleg) i sør.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lia har truleg mest forvittringsjord. Eit par fuktig kjem ned.

Naturtypar og utforming: I parti er det brukbart velutvikla gråor-almeskog, men det er også ein del meir ordinær høgstaudeskog her.

Artsmangfald: I tresjiktet er det lokalt litt alm (NT), men med boreale treslag som rogn, selje, bjørk, gråor og dels osp. Også hassel finst det noko av. Feltsjiktet er ikkje særleg godt undersøkt, men omfattar ein del høgstaudeartar, samt m.a. litt myske og junkerbregne. På ei grov styva alm veks både almelav (NT), blådoggnål (VU) og dverggullnål. Også gubbeskjegg (NT) er funne.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål.

Framande artar: Det er planta så vidt litt gran også innafor lokaliteten.

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Verdisetting: Dette er ein noko ruskete lokalitet, som følgje av noko hogst og granplanting. Ut frå innslaget av gammal alm med tilhøyrande raudlisteartar, er det likevel ganske klart at verdien er minst viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Bortsett frå å fjerne det som måtte finnast av gran, er det beste å berre la området få ligge i fred. Det er nå så lenge sidan at styvinga tok slutt, at det truleg har liten meining i å ta opp at dette. Det er viktig å sørge for å halde nede hjortestammen, slik at det ikkje vert beiteskader på almetrea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.02.2007 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gubbeskjegg | NT | | | 25.02.2007 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 25.02.2007 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 25.02.2007 | | Feltundersøkelser |
| Blådoggnål | VU | | | 25.02.2007 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 30% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 20% |
| Gammel lauvskog | | 40% |

Tilstand

Feltsjekk

21.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 21.10.2008 (men også Ingvar Stenberg var med en tur 25.02.2007). Lokaliteten ligg i nedre delar av Vinddøldalen, i ei sørvendt li nedanfor der Gammelsæterdalen kjem ut i hovuddalen. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot

traktorveg i nord (samt granplanting på oversida av den), stort sett mot granplantefelt i vest, mot elva i sør, og litt meir diffust mot fattigare og ikkje spesielt gamal skog i aust.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Eit lite søkk med eit fuktsig ligg på nedsida av vegen, og det er også fuktsig som går ned mot elva i vestre del av lokaliteten.

Naturtypar og utforming: Miljøet er noko vekslende. Spreidde almetre finst (men ikkje så mange). Lokalt nokre hasselkratt. Det er mindre bestand av gråor i vestre del. Elles ein del ganske gammal lauvskog, dels med stor osp. Også innslag av litt furu.

Artsmangfald: Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men junkerbregne, skogstorr og myske finst, samt meir vanlege artar som skogrørkvein, skogsvinerot, myskegras. Mannasøtgras i det sumpprega partiet. Verdien er særleg knytt til den gamle lauvskogen. På gamle almetre veks både almelav (NT), blådoggnål (VU) og bleikdoggnål (NT), helst også andre kravfulle skorpelav. På gråorgadd er langnål (NT) funne. På læger av alm er det gjort eit par funn av fakkeltvebladmose (VU) samt stammesigd (VU) ein stad. For sistnemnde art er dette, saman med tilliggande førekomst sør for Gammelseterdalen, einaste kjente lokalitet nord for Sogn og Fjordane. Også pusledraugmose veks på læger her. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla, med m.a. lungenever og vanleg blåfiltlav.

Trugsmål: Skogsdrift er eit mogeleg trugsmål.

Framande artar: Det er planta litt gran innafor lokaliteten lokalt.

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Gråor-heggeskog (C3)

Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A). Ikkje minst er grunnen førekomsten av fleire truga og sjeldsynte råtevedmoser, men også innslaget av gamle og dels grove, daude tre tilseier ein høg verdi.

Hensyn og skjøtsel: Bortsett frå å fjerne det som måtte finnast av gran, er det beste å berre la området få ligge i fred. Det er nå så lenge sidan at styvinga tok slutt, at det truleg har liten meining i å ta opp at dette. Det er viktig å sørge for å halde nede hjortestammen, slik at det ikkje vert beiteskader på almetrea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 21.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Almelav | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |


Lok. nr. 549 Vinddøla: Gammelsæterdalen vest forts.

| | | | |
|-------------------|----|------------|-------------------|
| Almelav | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Blådoggnål | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Blådoggnål | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Stammesigd | VU | 21.10.2008 | Vitenskapelige |
| Pusledraugmose | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Vitenskapelige |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

21.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 21.10.2008 (men også Ingvar Stenberg var med en tur 25.02.2007). Lokaliteten ligg i nedre delar av Vinddøldalen, i ein liten sidedal mot aust som heiter Gammelsæterdalen. Lokaliteten er litt diffust avgrensa mot fattigare skog i nord, mot noko meir påverka skog i vest, meir påverka skog i aust, og mot noko fattigare skog også i sør (dels overgang der mot ny naturtype).

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Ein liten bekk renn roleg gjennom dalen. Det er fleire små bergveggar i den nordvendte lia.

Naturtypar og utforming: Dette er ein frodig og fuktig dal med mest lauvskog av storbregne- og høgstaude type i den nordvendte lia og nede i dalbotna. Den sørvendte sida blir raskt meir tørr med lauvblanda furuskog (blåbær-, småbregne- og dels lågurtprega skog). Naturtype kan diskuterast, men det vart funne mest praktisk å rekne det som ei slags bekkekløft.

Artsmangfald: Sørsida har mykje rogn, men også ein del bjørk og noko selje. Langs bekken veks gråor og på nordsida er det mest furu, noko osp og litt andre boreale treslag. Feltsjiktet er frodig, men ingen spesielt sjeldsynte artar er så langt funne her (litt myske og junkerbregne finst, samt sjølvsagt noko strutseveng). På lauvtra er lungenever-samfunnet godt utvikla, sjølv om det hittil berre er funne meir vanlege artar. Det er også ein rik flora av skorpelav på lauvtra, og dette inkluderer m.a. innslag av langnål (NT) og vinflekklav på bjørkestubber og *Arthonia arthonioides* på bjørkegadd. Det er godt potensial for fleire fuktkevande lav og moser her. På gråorlåg veks vedalgekølle (NT), samt at pusledraugmose er funne på læger.

Trugsmål: Skogsdrift er eit mogeleg trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Storbregneskog (C1)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Verdisetting: Lokaliteten er uvanleg fuktig og samtidig frodig. Berre nokre få kravfulle og raudlista artar er så langt funne, men det er potensial for fleire. Dette er ein ganske sjeldsynt naturtype i regionen og verdien vert sett til viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred. Skulle gran spreie seg hit bør den fjernast umiddelbart.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Arthonia arthonioides | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vinflekklav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | | NT | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Pusledraugmose | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|------------------------|-------|
| Gammel lauvskog | Gammel bjørkesuksesjon | 50% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospenholt | 20% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 10% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

21.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 21.10.2008 (men også Ingvar Stenberg var

Lok. nr. 551 Vinddøla: Gammelsæterdalen sør forts.

med en tur 25.02.2007). Lokaliteten ligg nede i Vinddøldalen, i ei sørvendt li ovafor der Gammelsæterdalen kjem ut i hovuddalen. Lokaliteten er dels skarpt avgrensa mot granplantefelt i nord, mot elva i sør, og litt meir diffust mot fattigare skog i aust og vest.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Berre svakt utvikla fuktsig finst, og det er berre nokre små bergveggar.

Naturtypar og utforming: For det meste er det snakk om ein relativt gammal boreal lauvskog, der parti er dominert av bjørk og parti har stort innslag av treslag. Svakt utvikla gråor-almeskog finst det også litt av. Furu finst, men dannar ikkje bestand.

Artsmangfald: Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men junkerbregne, skogstorr og myske finst, samt artar som hundekveke, myskegras, tyrihjelmsrot og skogsvinerot. Verdien er særleg knytt til den gamle lauvskogen. På ei gammal alm vart det funne både almelav (NT), bleikdoggnål og blådoggnål (VU). På gråorgadd er langnål (NT) funne. På læger av alm, rogn, selje og osp er det gjort fleire funn av fakkeltvebladmose (VU) og eit par funn av stammesigd (VU). For sistnemnde art er dette, saman med tilliggande førekomst vest for Gammelseterdalen, einaste kjente lokalitet nord for Sogn og Fjordane. Også råteflak og pusledraugmose er funne på læger her, og dette er ein av dei best utvikla råtemosemiljøa som er kjent i regionen. Vedalgekølle (NT) veks også på læger her, samt ospekjuke og Skeletocutis lenis (NT) (sistnemnde på furulåg). På gamle bjørketre finst fleire kravfulle og dels raudlista knappenåslav, inkludert kystdoggnål (NT), kvithodenål (NT) og dvergullnål. Elles vart dvergspett (VU) sett under turen, og dette er ein god lokalitet for fleire spetteartar. Lungenever er ganske vanleg på trea, ellers dei fleste vanlege artane i samfunnet, samt litt sølvnever og puteglye.

Trugsmål: Skogsdrift er eit mogeleg trugsmål. Gnagskader etter hjort vart funne på nokre almetre.

Framande artar:

Vegetasjon: Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Gråor-heggeskog (C3)

Storbregneskog (C1)

Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A). Ikkje minst er grunnen førekomsten av fleire truga og sjeldsynte råtevedmoser, men også innslaget av gamle og dels grove, daude tre tilseier ein høg verdi.

Hensyn og skjøtsel: Bortsett frå å fjerne det som måtte finnast av gran, er det beste å berre la området få ligge i fred. Det er nå så lenge sidan at styvinga tok slutt, at det truleg har liten meining i å ta opp at dette. Det er viktig å sørge for å halde nede hjortestammen, slik at det ikkje vert beiteskader på almetrea.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Dvergspett | VU | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Junkerbregne | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Ospekjuke | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |


Lok. nr. 551 Vinndøla: Gammelsæterdalen sør forts.

| | | | |
|--------------------|----|------------|-------------------|
| Skeletocutis lenis | NT | 25.02.2007 | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Hvithodenål | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | 25.02.2007 | Feltundersøkelser |
| Blådoggnål | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | 25.02.2007 | Feltundersøkelser |
| Kystdoggnål | NT | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Stammesigd | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Stammesigd | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rôteflak | | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 21.10.2008 | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Liskog/ravine

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg i Vinddøldalen, i ei nordvendt lisode. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot vegen i sør (dels også fattigare skog i overkant) og elva i nord, litt meir varierende mot fattigare skog i aust og vest.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Det er ein del lausmassar i denne lia og tydelegvis generelt fuktig mark. Dels rasmarspreg opp mot vegen og ned mot elva. Fleire små berghamrar.

Naturtypar og utforming: Lia har ein nesten overraskande homogen gråorskog, jevnt med rogn,

men berre sparsamt innslag av andre lauvtreslag. Nokre stader er det opne høgstaudeenger.

Artsmangfald: Forutan gråor og rogn, finst det også sparsamt med bjørk, hegg, selje (nokre grove tre), osp og småvaksen alm (NT) opp mot vegen. Feltsjiktet er frodig med mykje bregner, men få varmekjære artar. Berre så vidt myske vart funne, elles meir typiske høgstaudeer som tyrihjel, skogsvinerot, storklokke, turt, skogrørkvein, skogstjerneblom og sjølvsgt ein del strutseveng. På gamle lauvtre veks det hist og her kravfulle knappenålslav som rustdoggnål (NT), kystdoggnål (NT), kvithodenål (NT), langnål (NT), dverggullnål og vortenål. Vinflekklav på eit par tre, samt også gammelgranlav. På morkne læger er det gjort einskilde funn av fakkeltvebladmose (VU), pusledraugmose og råteflak. Lungenever-samfunnet er vanleg om enn ikkje særleg artsrikt, men både sølvnever og puteglye finst. Eit gammelt hol etter kvitryggspett (NT) vart også funne.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogeleg trugsmål (vedhogst da helst). Det same gjeld dumping av masser o.l. frå vegen ovafor.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Dette er ein av dei største gråor-heggeskogene i lisider i regionen, samtidig som den er vekseplass for fleire nokså kravfulle gammelskogstilknytt artar. Verdien vert difor sett til svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred. Skulle gran spreie seg hit bør den fjernast umiddelbart.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brun blæreglye | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystvrenge | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfiltlav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vinflekklav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vortenål | | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Hvithodenål | NT | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Langnål | NT | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Gammelgranlav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rustdoggnål | NT | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Rustdoggnål | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystdoggnål | NT | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Pusledraugmose | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Råteflak | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |

Lok. nr. 552 Vinddøla: Vinddølfloin nord forts.

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospesholt

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|-------------------|-------|
| Gammel barskog | Gammel furuskog | 30% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospesholt | 70% |

Tilstand

Feltsjekk

21.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 21.10.2008. Lokaliteten ligg eit stykke oppe i Vinddøldalen, der ein liten sidedal (Bolldalen) kjem ned frå aust. Lokaliteten er rimelig klart avgrensa mot fattigare og/eller meir småvaksen skog i vest og mot fattigare og meir vereksponert skog i aust.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Det er berre eit lite bekkesig som kjem ned Bolldalen. Nordre del av lokaliteten har nokre bratte bergveggar med finkorna og fuktig rasmark nedanfor (dels skogkledd). Knausen her er tydeleg noko verutsatt.

Naturtypar og utforming: Det er mest blåbærskog og dels småbregneskog oppe på knausen, medan det er meir høgstaudeprega skog inn under berget i nord, samt innslag av halvrike bergveggar. Naturtype er noko diskutabel, men dei største verdiane ser ut til å vere tilknytta gammal osp.

Artsmangfald: På knausen er det noko osp i blanding med furu, samt meir småvaksen bjørk. I rasmarka i nord er det ulike boreale lauvtre. Feltsjiktet er ikkje utprega rikt, men m.a. bergfrue, raudsildre og gulsildre veks i berga i nord, og funn av liljekonvall og enghumleblom i lisode indikerar også litt rikare berggrunn. Også skogstorr, myske og junkerbregne veks her. På furulæger vart truleg *Oligoporus laetiritius* funne og vedalgekølle (NT) veks på fleire ospelæger, saman med bispelue. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla på ospetrea, og skorpefiltlav (VU) veks sparsamt her.

Trugsmål: Lokaliteten ligg tungt tilgjengeleg og er truleg lite truga.

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Sidan det er snakk om ein ganske gammal osp-furuskog med fleire kravfulle og raudlista artar får den verdi viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred. Skulle gran spreie seg hit bør den fjernast umiddelbart.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Ingen kjente og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|------------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogstarr | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| <i>Oligoporus lateritius</i> | VU | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skorpefiltlav | VU | | | 21.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Lungenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Stor fløyelslav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Pusledraugmose | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

| | | |
|-----------------|------------------------|-----|
| Gammel lauvskog | Gammel bjørkesuksesjon | 60% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 30% |
| Gammel barskog | Gammel furuskog | 10% |

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Supplement frå Ist etter undersøking 03.06.2008. Lokaliteten ligg oppe i Vinddøldalen, i ei bratt vestvendt lisode. Lokaliteten er stort sett avgrensa av dei to bekkene i nord og sør, fattigare berg mot aust,

samt ein bratt kant ned mot elva.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Innnafor lokaliteten er det innslag av mindre rasmarker, dels skogskledt, samt eit par små bekkedar.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har mindre innslag både av rik gråorskog (lite bestand inntil nordre bekk), ospeholt, rik rasmarksprega blandingslauvskog og gamle furutre. Det er gjennomgåande mest frodig skog av høgstaude-type her, dels med varmekjært preg. Nokre få og små almetre (NT) finst.

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag, men det er også noko osp, litt furu, samt rogn, selje og gråor. Forutan typiske høgstaudeartar veks det også litt varmekjære urter som myske, junkerbregne og vårerteknapp i lia. I bekkesig lokalt gulsildre. Kanskje mest interessante funn var likevel huldregras (NT), som det finst litt av i oreskogen. Dette er andre kjente lokalitet i kommunen og den tredje for fylket. I tillegg veks det sparsamt med fakkeltvebladrose (VU) på ospelåg her, samt eit par funn av vedalgekølle (NT) og pusledraugrose. Lungenever-samfunnet var middels godt utvikla, med bl.a. noe sølvnever og puteglye. Ingvar Stenberg har tidlegare (m.a. 03.06.2008) registrert lokaliteten som ein hekkeplass for tretåspett (NT), kvitryggspett (NT) og hørt bøksongar (NT) her. Han har også funne artar som taggbregne i området.

Trugsmål: Lokaliteten ligg tungt tilgjengeleg og er truleg lite truga.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Verdisetting: Sjølv om lokaliteten er ganske liten og ikkje svært spesiell, så inneheld den likevel eit par regionalt sjeldsynte og nasjonalt raudlista artar. Verdien vert difor sett til svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Ingen kjente og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------|----|---------------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Hvitryggspett | NT | Hekke- /yngleområde | 3 | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Tretåspett | NT | Hekke- /yngleområde | 2 | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bøksanger | NT | Hekke- /yngleområde | 2 | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Junkerbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Taggbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gulsildre | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Huldregras | NT | | | 18.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Vedalgekølle | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brun blæreglye | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |


Lok. nr. 554 Vinddøla: Vinddøfløin aust forts.

| | | | |
|-------------------|----|------------|-------------------|
| Kystfjiltlav | | 18.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Pusledraugmose | | 18.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | 18.10.2008 | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Supplement frå Ist etter undersøking 03.06.2008. Lokaliteten ligg i øvre del av Vinddøldalen, i ei litt skiftande vestvendt lisode. Lokaliteten er for det meste skarpt avgrensa mot meir lauvfattig skog på alle kantar.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lokaliteten ligg dels oppe på ein liten rygg og dels i liseda i nedkant av ryggen.

Naturtypar og utforming: Det er helst snakk om ein eldre lauvsuksesjon, der særleg høgt innslag

Lok. nr. 555 Vinddøla: Kobben vest forts.

av selje er merkbart. Vegetasjonstypen er for det meste høgstaudeskog, men også noko små- og storbregneskog.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielt sjeldsynte artar her, men det er ein god del av lungenever-samfunnet på trea, og dette inkluderer også noko sølvnever. Bjørk er nok vanlegaste treslag, men det er i tillegg mykje selje, samt litt rogn. Grå vokssopp vaks på engresten i overkant av lokaliteten. Ingvar Stenberg har teke planteliste (03.06.2008) frå lokaliteten, med artar som m.a. vanleg nattfiol.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål (vedhogst da helst).

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Storbregneskog (C1)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), men det er sjeldsynt med såpass mange gamle og dels grove seljetre som det ein finn her.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred. Lokaliteten ligg inntil ei gammal slåtteeing (på oversida), som det kunne vore positivt om ein tok opp att tradisjonell hevd på.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og



Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Trollbær | | | | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fjellfiol | | | | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Nattfiol | | | | 03.06.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grå vokssopp | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming:

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|------------------------|-------------------|-------|
| Bekkekløft og bergvegg | Bekkekløft | 50% |
| Gammel lauvskog | Gammelt ospenholt | 50% |

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg oppe i Folldalen, der vegen innover i dalen flatar meir ut. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare skog mot vegen, meir diffust mot ikkje like rik skog nede i lia.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon.

Lok. nr. 556 Folldalen: Skjorolia aust forts.

Lokaliteten ligg dels i ei bratt sørskråning og dels i eit noko slakare, svakt sørvendt terreng.

Naturtypar og utforming: Miljøet er to-delt. Oppe på kanten er det ein eldre ospesuksesjon i blåbærskog. Nede i lia er det frodig høgstaudevegetasjon, dels i form av gråor-almeskog.

Artsmangfald: Det er samla sett brukbar treslagsblanding, med mest osp og furu oppe på kanten.

Osp finst også nede i lia, men der er det meir alm (NT), hegg, rogn, selje mv. Feltsjiktet er frodig, og omfattar også noko varmekjære artar som myske, junkerbregne, lodneperikum og vårerteknapp, samt mindre kravfulle artar som skogsvinerot, storklokke og kratthumleblom. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla, men ingen spesielt sjeldsynte artar er funne. Derimot veks det sparsamt med flatragg (NT) på ospetre (også sett på alm). Denne arten er i fylket berre kjent frå Folldalen og Gråura i Sunndalen.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål (vedhogst da helst).

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Lokaliteten får verdi viktig (B). Den er middels godt utvikla både som gammal ospeskog eller gråor-almeskog, men har samtidig innslag av einskilde regionalt sjeldsynte artar.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Taggbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Storklokke | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Puteglye | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vanlig blåfjelllav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfjelllav | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospeholt

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 21.10.2008. Lokaliteten ligg oppe i Folldalen, på sørsida av elva der terrenget byrjar å flate ut. Lokaliteten er avgrensa mot myr og skog utan særleg ospeinnslag på alle kantar (litt gran i vest).

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon (men det gjeld i liten grad her). Lokaliteten ligg dels i ei bratt sørskråning og dels i eit noko slakare, svakt sørvendt terreng.

Naturtypar og utforming: Det er snakk om eit ganske homogent ospeholt (10-20 tre) med berre

Lok. nr. 557 Folldalen: Folla sørside forts.

middels rikt feltsjikt (småbregne- og/eller blåbærskog, dels fuktskogspreg). Det er fattigmyr på austsida.

Artsmangfold: Lokaliteten er ikkje særleg artsrik. Lungenever-samfunnet er ganske dårleg utvikla, men med artar som lungenever, grynfiltlav og Megalaria grossa. Derimot veks det litt flatragg (NT) på ospetrea, og dette er ein regionalt sjeldsynt art som berre er kjent frå Folldalen og Gråura i Sunndal her i fylket. Også ein uvanleg knappenåslav - Phaeocalicium populneum vart funne på osp her.

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål (vedhogst da helst).

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Verdien er under tvil sett så høgt som viktig (B). Dette fordi det tross alt er innslag av ein regionalt sjeldsynt og nasjonalt raudlista art her, og lokaliteten er samtidig ganske intakt.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiene vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Lungenever | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Flatragg | NT | | | 21.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Stor fløyelslav | | | | 21.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Phaeocalicium populneum | | | | 21.10.2008 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

18.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 18.10.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg oppe i Folldalen, rett ovafor ein skarp sving i elva, der den skjer seg ned i eit trangt gjuv. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare skog og ein skogsveg i nord, mot elva i sør og litt meir diffust mot bergflåg o.l. i aust og vest.

Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lokaliteten ligg i ei bratt sørskråning.

Naturtypar og utforming: For det meste er det frodig, gammal almeskog i lokaliteten, dels

overgang mot rik boreal lauvskog.

Artsmangfald: I tresjiktet er alm (NT) dominerande over mykje av lokaliteten, men det er også noko osperik skog. Elles meir vanlege boreale treslag, samt så vidt litt hassel. Feltsjiktet har dominans av ulike høgstaudeartar. Det varmekjære innslaget er svakt, men m.a. junkerbregne og myske finst. I tillegg vart den regionalt sjeldsynte, austlege arten storrappl funne sparsamt. På eit par ospelæger vaks vedalgekølle (NT). På gamle almetre fant vi i tillegg sparsamt med almelav (NT), bleikdoggnål (NT) og narrepiggsopp (NT).

Trugsmål: Skogsdrift kan utgjere eit mogleg trugsmål (vedhogst da helst).

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig (B). Sidan det er snakk om uvanleg storvaksen, og truleg relativt lite påverka (utan spor etter styving) almeskog får den under litt tvil også verdi som svært viktig (A) her. Potensialet for kravfulle og raudlista artar er ganske godt.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Storrappl | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Narrepiggsopp | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Almelav | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bleikdoggnål | NT | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Pusledraugmose | | | | 18.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: (D04) Frisk fattigeng

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Naturbeitemark

(D04) Frisk baserik eng

50%

Tilstand

God

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 23.10.2008. Lokaliteten ligg i øvre del av Bøverdalen nedafor garden Brattset. Den er ganske skarpt avgrensa mot skogsmark i sør og aust, litt meir diffust mot mindre artsrik beitemark i nord og vest. Også litt artsfattig eng er av arronderingsmessige grunner inkludert i lokaliteten (ca 50%). Det meste interessante arealet ligg på ein låg rygg mot skogkanten og er på ca 30x50 meter.

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Lokaliteten ligg truleg på ein litt større lausmasserygg, i ei sørvendt helling.

Naturtypar og utforming: For det meste er det ein ganske typisk litt tørr variant av gulaks-engkveineng her, i søkk med eit meir friskt preg.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik, men omfattar typiske artar som gulaks, tepperot og smalkjempe (vanleg). Det var litt seint på året for å fange godt opp beitemarkssopp (kan ha vore litt frost før), men 4 artar vart funne, inkludert raudlistearten musserongvokssopp (NT).

Trugsmål: Gjødsling eller opphør av bruk er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Verdisetting: Under litt tvil får lokaliteten verdi viktig (B), men den er tross alt i ganske god hevd og har eit par kravfulle artar, inkludert ein raudlisteart.

Hensyn og skjøtsel: Framleis bruk som husdyrbeite, med ei god nedbeiting som ikkje medfører trakkskader er det beste. I tillegg bør ein ikkje tilføre noko gjødsel.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Gjengroing og Gjødsling


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Musserongvokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Seig vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Éngvokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Elfenbenshette | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammelt ospeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 23.10.2008. Lokaliteten ligg i øvre del av Bøverdalen nedafor garden Brattset. Den er ganske skarpt avgrensa mot dyrka mark i nordvest, mot yngre og fattigere skog i nordaust og mot elvenære parti i sør.

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Det er nok ein del lausmassar i denne lia, og relativt mykje frisk mark.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har eldre lauvskog, der osp, bjørk og rogn er viktige treslag. Også alm (NT) finst. Vegetasjonen er gjennomgåande frodig, med truleg mest

Lok. nr. 560 Brattset - gammel lauvskog forts.

høgstaudeskog.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik, og ingen sjeldsynte artar vart funne. Myske finst, samt meir vanlege høgstaudeartar. Lungenever-samfunnet er berre svakt utvikla på lauvtree, med vanlege artar. Det er eit potensial for kravfulle og interessante artar av skorpelav, moser og sopp på læger og gamle lauvtre, og kystdoggnål (NT) vart funne ved basis av ein ospegadd. Svakt utvikla lungenever-samfunn på ospetree, med lungenever og vrenge-artar. Området er også omtala av Gaarder (1993), som fann dverggullnål på to tre her.

Trugsmål: Skogsdrift (vedhogst) er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Verdisetting: Lokaliteten har ein grei verdi som viktig (B), sidan det er ein rimeleg velutvikla gammel lauvskog med innslag av grove gamle tre og læger. Ein raudlisteart er så langt funne, men det er potensial for fleire slike.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Kystdoggnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 23.10.2008, men nedre delar av området er tidlegare omtalt av Gaarder (1993) samt at heile kløfta innafor Brattset har vore avgrensa som verdifull naturtype av Aune (2005), med grunnlag m.a. i Moen (1984). Lokaliteten omfattar eit langt parti med meir eller mindre samanhengande flaummarksskog og eit stykkje aust for Øygard. Lokaliteten grenser litt diffust mot anna skogsmark på kantane, samt gradvis slutt på større parti med flaummarksskog i aust og vest.

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Det er mest grus og småstein av lausmassar

Lok. nr. 561 Brattset - Øygaard - flaummarksskog forts.

innafor området, av og til litt sand. Eit par bekker kjem ned, særleg frå nord. Det finst nokre flaumløp, men berre dårleg utvekla kroksjøer og dammer på strekninga.

Naturtypar og utforming: Dette er ein ganske typisk flaummarksskog med dominans av gråor på litt grove lausmassar. Det er også små bestand av gråor-almeskog i søre halvdel av lokaliteten i den sørvendte lia.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik, og berre typiske artar som strutseving, skogstjerneblom, sølvbunke, tyrihjelms og skogsvinerot vart funne. Forutan gråor er det litt hegg, bjørk og rogn i skogen. Alm (NT) veks på denne strekninga knapt nede ved elva, men står hist og her nede i den sørvendte lisida. Lungenever-samfunnet finst av og til ganske rikeleg på lauvtree, men nesten berre vanlege artar som lungenever, kystårenever, glattvrenge og grynvreng er funne, samt eit funn av sølvnever. På oregadd finst spreidd med langnål (NT), og også dverggullnål og kvithodenål (NT) (nedanfor utløpet av Storbekken jf Gaarder 1993) er funne. I tillegg meir trivielle artar som barkragg og hengestry på tree, og på læger noko sagtvibladmose.

Trugsmål: Skogsdrift (vedhogst) er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Lokaliteten er ikkje særleg artsrik, men den er stor og relativt intakt, med innslag av einskilde kravfulle artar. Samla sett får den difor verdi svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Sølvnever | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Langnål | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystdoggnål | NT | | | 12.11.1993 | | Litteratur |

Observatør(er)


Geir Gaarder.

Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.

Moen, O. (red.) 1984. Samla plan for vassdrag. Møre og Romsdal fylke. Vassdragsrapport. 458 Bævra, 01 Svorka kraftverk, Surnadal kommune. [Møre og Romsdal fylkeskommune], Molde. Fleire pag., 10 kartvedl.



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|---------------------------|------------------------|-------|
| Bekkekløft og bergvegg | Bekkekløft | 50% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 20% |
| Bjørkeskog med høgstauder | Ren høgstaudeutforming | 30% |

Tilstand

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 23.10.2008, men nedre delar av området er tidlegare så vidt omtalt av Gaarder (1993). Lokaliteten omfattar eit skarp lita (dels to-delt) kløft rett sørvest for Øygard, danna av Storbekken. Kløfta er skarpt avgrensa mot kanten i aust og nord,

Lok. nr. 562 Øygaard sør forts.

medan det er trekt inn noko eldre, rik bjørkeskog på vestsida, og mot sør går grensa mot flaummarksskogen langs elva.

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Lokaliteten har ein del åpen rasmarek med stein, grus og sand. I tillegg nokre bergveggar. Det er fossefall i bekken, men desse verkar ikkje spesielt interessante.

Naturtypar og utforming: Miljøet er eigentleg noko for åpent til å vere ei typisk bekkekløft, men under tvil er denne nemninga likevel nytta. Det er også innslag av litt almeskog her i nedre delar, samt halvrik bjørkeskog på vestsida. Ryggen i midten har også osp og furu.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik, det finst som sagt litt alm (NT). Elles vart det så vidt funne litt beitemarkssopp i bjørkeskogen, inkludert skarlagen vokssopp og mønjevokssopp. Gubbeskjegg (NT) finst også.

Trugsmål: Skogsdrift (vedhogst) er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Storbregneskog (C1)

Verdisetting: Verdien må sejest å vere noko usikker, men under litt tvil er den her satt til viktig (B). Dette fordi det er eit nokså særprega miljø, samtidig som det finst noko edellauskog her og litt eldre, rik bjørkeskog.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Mønjevokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skarlagenvokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gubbeskjegg | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Beiteskog

Utforming: Beiteskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Svak

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 23.10.2008. Lokaliteten ligg rett på austsida av ein liten bekk som kjem ned aust for Øygard. Den vert avgrensa av ei oppdyrka eng i nordaust, ein traktorveg i nord, bekkekløfta i vest, samt meir brattlendt skog ned mot elva i sør.

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Lokaliteten omfattar nokre svakt utvikla rygger i ei ganske jamn, sørvendt liseide. Truleg er det noko lausmassar dei fleste stader.

Naturtypar og utforming: Naturtype er fastlagt med grunnlag i soppfunn, sjølv om det nok ikkje har vore særleg beite her i lengre tid. Det er for det meste småbregne- og blåbærbjørkeskog.

Artsmangfald: Lokaliteten har truleg ein ganske ordinær karplanteflora med mest bjørk i tresjiktet, samt sparsamt med furu. Den er primært interessant da det veks spreidd med beitemarkssopp her. Tre artar vokssopp vart funne på turen, der skarlagen vokssopp var vanleg, samt at det vart gjort ein handfull registreringar av raud honningvokssopp (NT), ein sjeldsynt art i skogsmiljø.

Trugsmål: Skogsdrift er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Verdisetting: Sjølv om lokaliteten ikkje vert særleg beita nå, er skogstrukturen ganske intakt og kravfulle og dels raudlista artar førekjem. Verdien vert difor sett til viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Noko beite, og vesentleg meir enn i dag, er opplagt positivt, men det er uklart kor viktig beitinga er for arts mangfaldet. Uttak av einskilde tre går nok også bra, medan flatehogst opplagt er negativt. Treslagsskifte til gran vil sannsynlegvis øydelegge verdiane.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Gjengroing og Skogbruksdrift


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Seig vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skarlagenvokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|------------------------|-------------------|-------|
| Bekkekløft og bergvegg | Bekkekløft | 80% |
| Stor elveør | | 5% |
| Gråor-heggeskog | Flommarksskog | 10% |
| Rik edellauvskog | Gråor-almeskog | 5% |

Tilstand

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er primært ut frå eigen tur 23.10.2008, samt pers. medd. frå Ingvar

Stenber og Finn Oldervik, men heile kløfta innafor Brattset har vore avgrensa som verdifull naturtype av Aune (2005), med grunnlag m.a. i Moen (1984). Lokaliteten omfattar omlag heile kløfta som Bøvra dannar ovafor Øygaard, med unntak av flaummarkskogen i nedre delar, som er avgrensa som eigen lokalitet. I nedre delar er berre den sørlege delen av skrentane inkludert, da det er noko jamnare og mindre bekkekløftprega li på sørsida. Lengre oppe er det ganske skarpe grenser mot det flatare terrenget rundt kløfta. Eit par små, skarpe sidekløfter frå nord er berre delvis inkludert i lokaliteten (i staden lagt inn i ein beiteskog som er skilt ut på nordsida).

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret. Det er fleire åpne grusører i elva og litt flaummarksskog. Rasmark med grus og småstein er vanleg på nordsida av elva, dels også bergveggar i øvre delar. Det er litt skogkledd rasmark på sørsida, samt også der meir bergveggar i øvre delar. Hovudelva renn ganske jamnt og roleg heile vegen (litt meir stri øvst).

Naturtypar og utforming: Med dei relativt avgrensa høgdeskilnadene til hovudelva er dette meir eit lite elvegjuv enn ei typisk, stor bekkekløft. Fleire grusører, små flaummarksskoger og mindre bestand av almeskog bidreg til naturvariasjonen. Det er noko høgstaudeskog i kløfta, samt også meir bregnerik skog og dels blåbær- og småbregnemark (dels er det glissent skogkledd til heilt åpent med desse vegetasjonstypene også). I tillegg ein god del åpen rasmark og grusører med pionervegetasjon (lav og moser mest).

Artsmangfald: Aune (2005) oppgjev med grunnlag i Moen (1984) førekomst av fleire fjellplantar i kløfta, som raudsildre, gulsildre, fjellveronika og dverggråurt. Ingvar Stenberg (pers. medd.) har funne reinrose i skrenter her. Elles artar som myske og skogsvinerot i frodig skog. Av treslag er nok bjørk vanlegast i lisidene og gråor på elvesletta. I tillegg fleire bestand av alm (NT) i sørvendt li, samt innslag av rogn, hegg og selje og så vidt litt hassel i nedre delar, og lokalt nokre grove ospetre i øvre delar. Også spreidd med gamle furutre i den sørvendte lia. Under eiga kartlegging vart det lokalt funne beitemarkssopp i ein skrent eit stykkje oppe i dalen, inkludert raud honningvokssopp (NT), samt skarlagen vokssopp, mønjevokssopp og skjør vokssopp. Lungenever-samfunnet finst hist og her på alm og andre rikbarkstre, men primært vanlege artar. I tillegg så vidt litt sølvnever. Det er potensial for fleire kravfulle artar i kløfta.

Trugsmål: Skogsdrift (vedhogst) er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Storbregneskog (C1)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Det er ikkje funne så mange sjeldsynte og kravfulle artar i kløfta hittil, men den er såpass stor og med eit intakt preg, at det er vanskeleg å setje noko anna enn svært viktig (A) som verdi på ho.

Hensyn og skjøtsel: Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Nedbygging og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Reinrose | | | | 01.01.2005 | | Vitenskapelige |
| Skjør vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Mønjevokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Lok. nr. 564 Bøverdalen øverst forts.

| | | | |
|----------------------|----|------------|-------------------|
| Skarlagenvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Vitenskapelige |
| Sølvnever | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |


Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtyper) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Moen, O. (red.) 1984. Samla plan for vassdrag. Møre og Romsdal fylke. Vassdragsrapport. 458 Bævra, 01 Svorka kraftverk, Surnadal kommune. [Møre og Romsdal fylkeskommune], Molde. Fleire pag., 10 kartvedl.



Naturtype: Beiteskog

Utforming: Beiteskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Svak

Feltsjekk

23.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 23.10.2008. Lokaliteten omfattar eit langstrakt belte på kanten av kløfta ned mot Bøvra og med myr på oversida. Grensa er for såvidt nokså skarp mot kløftekanten, men interessante artar finst nok også litt nede i lisdene. Grensa mot myrpartia kan også vere litt diffus (skog og myr opptre i mosaikk fleire stader, og det kan vere rasjonelt å inkludere små flekkar også med rikmyr i lokaliteten).

Naturgrunnlag: Det er primært granitt i dalføret, men kanskje kan det vere lokale innslag av litt rikare berggrunn. Det er snakk om nedre delar av ei lang li, slik at det er fleire små bekker og

fuktsig som kjem ned her. Nokre av bekkene danner små skarpe kløfter ned mot hovudelva.

Naturtypar og utforming: Naturtype er fastlagt med grunnlag i soppfunn, sjølv om det nok ikkje har vore særleg beite her i lengre tid. Det er for det meste småbregne- og blåbærbjørkeskog, lokalt også litt rikare storbregne- til høgstaudeskog. Myrene er mest av fattig til intermediær fastmattetype, men også lokalt tendensar til middelsrik myr.

Artsmangfald: Karplantefloraen i feltsjiktet er ordinær, med blåtopp, skogrørkvein og lyng. Av og til lågurtartar som skogfiol i lisida. Bjørk er dominerande i tresjiktet, med bare spreidde furutre og andre boreale lauvtre. I innhol bjørk vart det ein stad funne kystdoggnål (NT) og på ei nedfallen slåtteløve veks det gråstobeger (VU). Det klart mest interessante her er ein uvanleg god førekomst av beitemarkssopp innafor slekta fagervokssopper (Hygrocybe). I alt 10 artar vart funne og i til dels store mengder, særleg for artar som skarlagenvokssopp og raud honningvokssopp (NT), men det vart også gjort fleire funn av m.a. skifervokssopp (NT). Så mykje raud honningvokssopp er tidlegare ikkje kjent fra skogsmiljø her til lands. Ein plass vart det også funne ein sjeldsynt slørsopp - *Cortinarius balteatocumatilis*. Mye blåtopp og rome på myrene, men også innslag av jåblom og breiull på den rikaste myra.

Trugsmål: Skogsdrift er mest aktuelle trugsmål, men det mogleg at også attgroing er negativt her.

Framande artar:

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Storbregneskog (C1)

Fattig fastmattemyr (K3)

Intermediær fastmattemyr (L2)

Middelsrik fastmattemyr (M2)

Verdisetting: Lokaliteten vurderes å ha ein klar verdi som svært viktig (A). Dette fordi det er høge konsentrasjonar av kravfulle og dels raudlista beitemarkssopp i lokaliteten, noko som er svært sjeldsynt i slik bjørkeskog. Også einskilde andre artsfunn er med på å styrke verdisettinga.

Hensyn og skjøtsel: Noko beite, og vesentleg meir enn i dag, er opplagt positivt, men det er uklart kor viktig beitinga er for arts mangfaldet. Uttak av einskilde tre går nok også bra, medan flatehogst opplagt er negativt. Treslagsskifte til gran vil sannsynlegvis øydelegge verdiane.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Cortinarius balteatocumatilis | | | | 23.10.2008 | | Vitenskapelige |
| Kantarellvokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skjør vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Mønjevokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Mønjevokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skifervokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skifervokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skifervokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skifervokssopp | NT | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Seig vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Seig vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Seig vokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Éngvokssopp | | | | 23.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Lok. nr. 565 Vardfjellet sør forts.

| | | | |
|----------------------|----|------------|-------------------|
| Grønn vokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Skarlagenvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Skarlagenvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Skarlagenvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Honningvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Honningvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Honningvokssopp | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Rød honningsvokssopp | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Elfenbenshette | | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |
| Gråsobeger | VU | 06.11.2005 | Vitenskapelige |
| Kystdoggnål | NT | 23.10.2008 | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

12.11.1993 (siste)

Beskrivelse

Beliggenhet/avgrensing: Skildringa er gjort på grunnlag av Gaarder (1993). Lokaliteten ligg rett på oversida av riksveg 65, langs nederste del av Bævra. Avgrensinga er primært på grunnlag av Gaarder (1993) kombinert med bruk av flyfoto. Den er truleg ganske god og mot dyrka mark i sør og nordvest, mot vegen/slutten på flaummarka i vest, dels mot veg i nordaust og dels mot annan lokalitet i aust.

Naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på lausmassar og inkluderer avsnørte elveløp og grusører, samt ein del skog.

Naturtyper og utforminger: Det meste er gråor-heggeskog, dels typisk fuktig utforming, dels tørrare som under naturlege høve truleg vil gå over til furudominert skog med tida. Eit stort sett attgrodd, avsnørt elveløp går i kanten av lokaliteten mot dyrka mark på sørsida. Også der er det dels gråor-heggeskog, men også litt sumpvegetasjon tilknytt eit par små dammar som truleg vanlegvis har vatn. Heilt ute ved elva er det ein del grusør, med dårleg utvekla vegetasjon. Tendensar til gråmoseør vart registrert ein stad. På nordsida av elva er det også ein liten kanal.

Lok. nr. 566 Bæverfjord forts.

Artsmangfold: Ingen spesielle artar er så langt registrert her.

Trusler: Lokaliteten er truga av inngrep og forsøpling. I tillegg er elva regulert.

Fremmede arter:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Verdivurdering er noko vanskeleg m.a. fordi lokaliteten ikkje har vore sjekka på 15 år. Den er ganske stor, men samtidig ein god del prega av inngrep. Inntil vidare vert verdien her satt til viktig (B), sidan den som sagt er stor og har innslag av ein del interessante flaummarkstypar som avsnørte flaumløp og relativt store grusører langs elva.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Ekstensivt beite kan riktig nok vere positivt. Masseuttak, forsøpling, elveforbygging og skogsdrift er eksempel på inngrep som ein bør unngå.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Masseuttak/utfylling og Skogbruksdrift

Artsliste for lokaliteten


| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|---------------------------------------|--|-------|
| Gråor-heggeskog | Flommarksskog | 75% |
| Kroksjøer, flomdammer og meandrerende | Gamle, mindre flompåvirkede kroksjøer og | 5% |
| Stor elvør | | 20% |

Tilstand

Feltsjekk

12.11.1993 (siste)

Beskrivelse

Beliggenhet/avgrensing: Skildringa er gjort på grunnlag av Gaarder (1993). Lokaliteten ligg langs Bævra rundt ein kilometer ovafor utløpet og riksveg 65. Avgrensinga er primært på grunnlag av Gaarder (1993) kombinert med bruk av flyfoto. Den er truleg ganske god og mot dyrka mark i sør, mot vegen i nordvest, mot kraftline i nord og mot annan lokalitet i sørvest.

Naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på lausmassar og inkluderer ein kroksjø, litt grusører, samt ein del skog.

Naturtyper og utforminger: Lokaliteten er dominert av ein relativt stor, samanhengande gråor-heggeskog. Inn mot vegen litt i tillegg ein liten kroksjø med flytebladsamfunn og elvesnelle-flaskestarrsump. Ute på grusørerne finst mindre parti med lav-moseør. Eit parti med

Lok. nr. 567 Henrikholmen forts.

blåbærfuruskog står ut mot elva i øvre del.

Artsmangfold: Av treslag er det forutan gråor, hegg, furu og bjørk, også litt alm (NT) inn mot veggen. På gråor er det gjort eit par funn av langnål (NT), samt lungenever og skrubbenever.

Trusler: Lokaliteten er nok særleg truga av vedhogst. I tillegg er elva regulert.

Fremmede arter:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Elvesnelle-starr-sump (O3)

Flyteblad-vegetasjon (P2)

Verdisetting: Lokaliteten er ganske stor og inneheld ulike typer verdifulle miljø, samt at eit par raudlisteartar er funne. Verdien verkar å vere minst viktig (B).

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Ekstensivt beite kan riktig nok vere positivt. Masseuttak, forsøpling, elveforbygging og skogsdrift er eksempel på inngrep som ein bør unngå.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|----------------|
| Alm | NT | | | 12.11.2009 | | Litteratur |
| Lungenever | | | | 12.11.2009 | | Litteratur |
| Skrubbenever | | | | 12.11.2009 | | Litteratur |
| Langnål | NT | | | 12.11.2009 | | Vitenskapelige |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

12.11.1993 (siste)

Beskrivelse

Beliggenhet/avgrensing: Skildringa er gjort på grunnlag av Gaarder (1993). Lokaliteten ligg langs Bævra rundt to kilometer ovafor utløpet og riksveg 65. Avgrensinga er primært på grunnlag av Gaarder (1993) kombinert med bruk av flyfoto. Den er truleg ganske god og mot dyrka mark i søraust, mot vegen i nordvest, samt mot forbygd elv i nordaust og dels annan lokalitet i sørvest.

Naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på lausmassar og inkluderer nokre gamle elveløp.

Naturtyper og utforminger: Lokaliteten er dominert av gråor-heggeskog. Det er også nokre gamle elveløp/bekkefar gjennom skogen, men desse er for grunne til å danne andre vegetasjonssamfunn. Det er likevel ein liten dam på nordsida. Der er det også litt sumpvegetasjon. Langs elva er det eit par stader små partii med kratt- og engsmafunn, dels med tørrengpreg. Inn mot lisida går skogen over i meir tørre, ordinære skogtypar, som blåbærskog, småbregneskog, samt høgstaudeskog.

Artsmangfold: Berre ein gammal almekall (NT) ovafor vegen på nordsida er nemnt av interessante artar.

Trusler: Lokaliteten er nok særleg truga av vedhogst. I tillegg er elva regulert.

Fremmede arter:

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Sidan lokaliteten verkar ganske sterkt påverka og hittil er utan funn av spesielt interessante artar, får den her så langt berre verdi lokalt viktig (C). Betre undersøkingar kan kanskje gi ein høgare verdi.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Ekstensivt beite vil vere positivt. Masseuttak, forsøpling, elveforbygging og skogsdrift er eksempel på inngrep som ein bør unngå.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og Masseuttak/utfylling

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|
|-----|----|------------|----------|------|-----------|-------|

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.



Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Flommarksskog

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|------------------------|-------|
| Gråor-heggeskog | Flommarksskog | 60% |
| Gammel lauvskog | Gammel bjørkesuksesjon | 30% |
| Stor elvør | | 10% |

Tilstand

Feltsjekk

12.11.1993 (siste)

Beskrivelse

Beliggenhet/avgrensing: Skildringa er gjort på grunnlag av Gaarder (1993). Lokaliteten ligg nedanfor Furuhaug i øvre delar av Bøverdalen. Avgrensinga er primært på grunnlag av Gaarder (1993) kombinert med bruk av flyfoto. Den er truleg dels brukbar mot ungskog og dyrka mark i nord, mot opphør av større flaummarksmiljø i aust og vest, men nokså diffus og usikker mot mindre interessant lauvskog i sør.

Naturgrunnlag: Lokaliteten er to-delt og omfattar dels elveløpet med tilhøyrande flaummarksmiljø, dels ei nordvendt lise med lauvskog

Naturtyper og utforminger: Flaummarksmiljøa er dominert av gråor-heggeskog.

Vegetasjonstypar i lia på sørsida er ikkje nærare registrert, men ut frå treslaga er det truleg ganske

frodig skog.

Artsmangfold: Viktige treslag i lia på sørsida er bjørk, rogn og selje, samt innslag av alm (NT) og osp. I flaummarksskogen er det mest gråor, men også noko rogn. Av kravfulle artar vart det funne langnål (NT) på ei bjørk ved Litlbekken. I omtrent samme område vart det også funne dverggullnål på osp. Det var eit brukbart utvikla lungenever-samfunn på lauvtre i den nordvendte lia, inkludert noko sølvnever. På ei grov gammal selje voks vortenål. Der vart også svovelkjuke funne på ei daud selje, ein regionalt sjeldsynt art (og som da helst veks på gamle almetre).

Trusler: Lokaliteten er nok særleg truga av vedhogst. I tillegg er elva regulert.

Fremmede arter: Det er planta noko gran i lisida.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig (B). Den er relativt stor, har funn av fleire kravfulle og dels raudlista artar og innslag av verdifulle element som gamle lauvtre (særleg lia i sør).

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. M.a. bør ein unngå skogsdrift (med unntak av hogst av gran).

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|----------------|
| Alm | NT | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Svovelkjuke | | | | 12.11.1993 | | Vitenskapelige |
| Vanlig blåfiltlav | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Sølvnever | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Lungenever | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Skrubbenever | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Kystfiltlav | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Dverggullnål | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Vortenål | | | | 12.11.1993 | | Litteratur |
| Langnål | NT | | | 12.11.1993 | | Litteratur |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Floraundersøkelser langs Bævra mellom Bæverfjord og Brattset, Surnadal i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, notat 1993:2. 23 s.



Naturtype: Kalkskog

Utforming: Kalkbjørkeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalsfjorden nordaust for Møkkelgjerdet. Den er dels avgrensa ganske skarpt mot granplantefelt og ungskog i vest, meir usikker mot kraftline og traktorveg i sør og aust, samt mot fattigare skog i nord.

Naturgrunnlag: Det går nokre band med kalksteinsmarmor gjennom lia her, inkludert på denne lokaliteten. Det er innslag av små kalksteinsberg her (dels der ein har prøvd seg på steinbrot og dels meir naturlege karstmiljø). Lia er litt småkupert og ligg sørvendt.

Naturtypar og utforming: Området har lauvrik lågurtskog med varmekjære trekk. I tillegg små kalkrike berg.

Artsmangfald: Vanlege treslag er bjørk, hassel og furu. I tillegg finst alm (NT) sparsamt. I feltsjiktet lokalt noko taggbregne, myske og lodneperikum, samt bergskrinneblom, kransmynte og vårerteknapp. På kalkrik berg veks moser som holeblygmose, storklokkemose, kalkkammose og hinnetrollmose. Det er potensial for kravfulle marklevande sopp knytt til rike hasselkratt.

Trugsmål: Skogsdrift, inkludert treslagsskifte til gran er eit aktuelt trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Kalklavurtskog / Kalkskog (Rødlistebetegnelse) (B2)

Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), da det er rimeleg godt utvikla kalkskogstrekk her, og dette er ein av dei få delvis intakte restane av slik skog i området. Det er potensial for kalkkrevjande, raudlista marklevande sopp.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. M.a. bør ein unngå skogsdrift (med unntak av hogst av gran). Ekstensivt utmarksbeite vil vere ein fordel.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Taggbregne | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bergskrinneblom | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vårerteknapp | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kransmynte | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kammose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hinnetrollmose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Storklokkemose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Holeblygmose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Rikmyr

Utforming: Rik skog- og krattbevokst myr

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalsfjorden nordaust for Møkkelgjerdet. Grensene er mot fastmark på alle kanter (traktorveg i aust), men noko av den fuktige skogkanten i nord bør inkluderast i lokaliteten.

Naturgrunnlag: Det går nokre band med kalksteinsmarmor gjennom lia her, kanskje i nærleiken av denne lokaliteten (elles er det glimmerskifer). Myra hellar svakt mot sør.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har intermediær til middels rik fastmattemyr (bare

Lok. nr. 571 Møkkelgjerdet nordaust forts.

fragment av mjukmattemyr).

Artsmangfald: Det vart registrert eit knippe med typiske rikmyrsplanter som jåblom, gulstarr, engstarr, breiull og brunklomose.

Trugsmål: Grøfting tilknytt skogsdrift vil nok vere mest aktuelle trugsmål (og neppe særleg aktuelt).

Framande artar:

Vegetasjon: Intermediær fastmattemyr (L2)

Middelsrik fastmattemyr (M2)

Verdisetting: Lokaliteten er ganske liten og så langt utan funn av spesielt kravfulle artar. Verdien vert difor sett til lokalt viktig (C).

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Ved skogsdrift i nærleiken er det særleg viktig å unngå kjøring på myra når den ikkje er både snødekt og frossen. Det bør heller ikkje leggest att hogstavfall på myra.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Jåblom | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myrsauløk | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hvitmaure | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gulstarr | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Engstarr | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kornstarr | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Bredmyrull | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myrstjernemose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Kalkskog

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalsfjorden nord for Møkkelgjerdet. Lokaliteten ligg som eit ganske smalt band med fattigare vegetasjon på begge sider. I vest forsvinn den i ei ordinær myr og i aust mot hogstflate.

Naturgrunnlag: Det går nokre band med kalksteinsmarmor gjennom lia her, dels innafør avgrensa lokalitet. Det er nokre mindre bergskrenter her og søkket er litt fuktig, med ein liten bekk.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har rik lågurtskog med varmekjære innslag. Den kalkrike berggrunnen fører til at kalkskog er nytta som naturtypepeining, men den kan vanskeleg førast til etablerte kalkskogstyper, og har ein del varmekjære innslag.

Artsmangfald: Av treslag er det mest boreale lauvtre her (gråor, bjørk, selje mv.), men også nokre almetre (NT) og ganske mykje hassel. I feltsjiktet m.a. taggbregne. lodneperikum og myske. Grønburkne i bergskrent. På gammal alm veks bleik kraterlav (VU) og blådoggnål (VU), og på fuktig lauvtrellåg vart pusledraugmose og sagtvibladmose funne.

Trugsmål: Skogsdrift er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Kalklavurtskog / Kalkskog (Rødlistebetegnelse) (B2)

Verdisetting: Lokaliteten er ikkje særleg stor, men den kalkrike berggrunnen, eit par funn av sårbare artar og potensial for fleire kravfulle artar fører til at den samla sett får verdi svært viktig (A).

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Noko ekstensivt beite kan vere positivt.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Grønburkne | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Taggbregne | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Hassel | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kratthumleblom | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lodneperikum | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kransmynte | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Myske | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gyalecta flotowii | VU | | | 09.11.2008 | | Vitenskapelige |
| Blådoggnål | VU | | | 09.11.2008 | | Vitenskapelige |
| Pusledraugmose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Kalkskog

Utforming: Tørr kalkfuruskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalsfjorden nord for Møkkelgjerdet. Lokaliteten ligg som eit ganske smalt band med fattigare vegetasjon på begge sider. Den forsvinn i fattigare skog og myr i aust, og midlertidig under fattigare mark også i vest.

Naturgrunnlag: Det går nokre band (20-30 meter breie) med kalksteinsmarmor gjennom lia her, og det gjeld tydeleg også innafør avgrensa lokalitet. Lokaliteten omfattar ei sørvendt lita skråning og ryggen.

Lok. nr. 573 Gartlia: Sjøflotthaugen sør forts.

Naturtypar og utforming: Det er snakk om ein nokså tørr, grunnlendt furuskog, dels friskare innslag på toppen.

Artsmangfald: Furu er dominerande treslag og det er lite lauvtre her. I feltsjiktet veks m.a. ein del raudflangre og litt taggbregne. Det er potensial for kravfulle og raudlista marklevande sopp knytt til kalkskog her.

Trugsmål: Skogsdrift er mest aktuelle trugsmål.

Framande artar:

Vegetasjon: Xerofil furu-utf / Tørr kalkfuruskog (Rødlistebetegnelse) (B2a)

Verdisetting: Sidan det er snakk om ein ganske velutvikla kalkfuruskog som ligg på Vestlandet, får den verdien svært viktig (A), sjølv om den er liten og hittil utan funn av raudlisteartar.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og

Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Taggbregne | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Rødflangre | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Rikt strandberg

Utforming:

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalsfjorden rett på vestsida av kalkbrotet på Glærum. Den er ganske skarpt avgrensa mot sjøen i sør, vegen i nord, samt opphør av strandberg i aust og vest.

Naturgrunnlag: Det går nokre band med kalksteinsmarmor gjennom lia her, men det gjeld nok berre i mindre grad innafor denne lokaliteten. Det er likevel litt rik berggrunn helst også her, kanskje grønstein. Det er for det meste grunnlendt mark med ein del berg i dagen, og grov rullesteinstrand i sjøkanten.

Naturtypar og utforming: Lokaliteten har litt lågurtskog, samt nokre halvrike bergskrenter ut mot sjøen.

Artsmangfald: Furu er dominerande treslag, men det finst også litt hassel, bjørk, osp og selje her, samt så vidt alm (NT). Ingen spesielt sjeldsynte artar vart funne i feltsjiktet, men m.a. gjeldkarve og liljekonvall veks her. Av sopp vart grå jordmusserong funne, ein noko kravfull art. I tillegg så vidt labbmose på ein bergskrent, som også er kalkkrevjande.

Trugsmål: Lokaliteten kan nok vere litt truga av ulike tilfeldige inngrep, forsøpling m.v. som følgje av nærleiken til bygdevegen.

Framande artar:

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil berre verdi lokalt viktig (C). Grunnen er at den er noko påverka av inngrep, ikkje særleg stor og hittil utan spesielt sjeldsynte og kravfulle artar. Noe kalkrike berg mot sjøen er likevel såpass sjeldsynte i regionen at verdien kanskje burde ha vore sett høgare.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida. Unntaket er fjerning av avfall som har vore dumpa ned frå vegen.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Masseuttak/utfylling og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Svartburkne | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Småsmelle | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gjeldkarve | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skogsalat | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Liljekonvall | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Labbmose | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

09.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 09.11.2008, saman med Ingvar Stenberg. Lokaliteten ligg langs Røsåa, inntil golfbanen på Mo ved Kvanne. Sentrale delar av lokaliteten har vorte registrert som MiS-figur (nr 83), men vi har valt å utvide den litt, for å fange opp heile kløfta til den går over mot flatare og oppdyrka (samt uthogd) parti nedkant og opp til ei bru for ein traktorveg i øvre delar (da det også er noko eldre oreskog heilt opp til denne). Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa på alle kanter, mot andre naturtypar.

Naturgrunnlag: Det er tydeleg ganske finkorna lausmassar i dette landskapet, og bekken har difor

her gravd seg ned og danna ei lita ravine.

Naturtypar og utforming: Det er gråor-heggeskog langs bekken innafor avgrensa lokalitet.

Artsmangfald: Gråor er dominerande treslag, sjølv om det også finst sparsamt med andre boreale artar. Nokre få, mindre almetre øvst. Karplantefloraen i feltsjiktet er stadvis ganske frodig, men utan spesielt sjeldsynte artar. Unntaket er ei ensleg slakkstorr-plante som vart funne litt ovanfor midten av lokaliteten, ein sekundærførekost frå dei rike bestandane lenger opp (sjå annan lokalitet vest for Motrøa). Elles mykje sølvbunke, samt litt skogstjerneblom og innslag av m.a. mannasøtgras. Mest interessant var likevel fleire funn av den sårbare råtevedmosen fakkeltvebladmose (VU) på morkne orelæger i bekken (knytt til tømmervaser i elva). Elles ikkje så mykje råtevedmoser. I tillegg funn av vedalgekølle (NT) på morken lauvtrelæg. På lauvtre også sparsamt med artar frå lungenever-samfunnet, som lungenever og brun blæreglye, samt skorpelaven vinflekklav ein stad. Barkragg finst det litt av på gråor.

Trugsmål: Lokaliteten kan vere truga av vedhogst samt forsøpling (om ikkje anna golfballer på avvege).

Framande artar: Platanlønn finst sparsamt og er nok under spreing. Også sjølvsådd gran vart funne.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog (C3)

Verdisetting: Lokaliteten får ein ganske klar verdi som svært viktig (A). Dette fordi det er ein liten bestand av ein sårbar art her. Også eit par andre kravfulle og dels raudlista artar finst, og ravineskoger med innslag av gammelskogsartar er svært sjeldsynte i regionen.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-------------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Alm | NT | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Slakkstarr | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vedalgekølle | NT | | | 09.11.2008 | | Vitenskapelige |
| Vedalgekølle | NT | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Brun blæreglye | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Kystårenever | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Vinflekklav | | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Fakkeltvebladmose | VU | | | 09.11.2008 | | Vitenskapelige |
| Fakkeltvebladmose | VU | | | 09.11.2008 | | Vitenskapelige |
| Fakkeltvebladmose | VU | | | 09.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder, Ingvar Stenberg.

Litteratur



Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Naturtyper-mosaikk

Utforming-mosaikk

Andel

Tilstand

Feltsjekk

25.10.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 25.10.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av Surnadalen, vel 2 km vest for samløpet med Folla. Mindre parti av lokaliteten har truleg vorte registrert som MiS-figur (nr 111, kanskje også 14), men MiS-figurane i dette området (som er ganske mange og store) har eit sterkt fokus på gammal bjørkeskog (som det ikkje vart observert spesielle verdiar i den 25.10), medan ein her har valt å sjå på den meir varmekjære lauvskogen som ligg i den brattaste lia heilt ned mot riksvegen. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fattigare skog i sør, mot slutt på brattlia i vest, mot vegen i nord, og nokså utydeleg og usikkert mot gradvis

fattigare skog i aust.

Naturgrunnlag: Det er glimmerskifer/biotittskifer i området. Lokaliteten ligg på rasmark med noko stein og litt bergveggar øvst. Miljøet er ganske fuktig, men få vassig.

Naturtypar og utforming: Sjølv om alm (NT) berre finst sparsamt er dette ein ganske klar gråor-almeskog.

Artsmangfald: Gråor er dominerande treslag, og elles er det eit par almetre, samt boreale treslag som rogn, heggog selje. I feltsjiktet veks ulike høgstauder, inkludert ein svakt varmekjær art som junkerbregne. Elles artar som skogsvinerot og skogstjerneblom, samt litt maigull.

Trugsmål: Lokaliteten er nok primært truga av vedhogst.

Framande artar:

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdisetting: Det er snakk om ein ganske liten og ikkje spesielt godt utvikla lokalitet. Verdien vert difor berre sett til lokalt viktig (C).

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og


Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|--------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Junkerbregne | | | | 25.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Alm | NT | | | 25.10.2008 | | Feltundersøkelser |
| Maigull | | | | 25.10.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Gammel bjørkesuksesjon

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|--------------------|------------------------|-------|
| Gammel lauvskog | Gammel bjørkesuksesjon | 80% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 15% |
| Gammel barskog | Gammel furuskog | 5% |

Tilstand

Feltsjekk

02.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 02.11.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av Surnadalesfjorden nesten ute ved Torvika. Mykje av lokaliteten er fanga opp gjennom MiS-undersøkingar (primært MiS-figur 58), men det er noko avvik. Her er lokaliteten forlenga litt mot

vest, da den mest frodige og daud-vedrike skogen ligg i eit søkk heilt i vest. I tillegg er det, under litt tvil, valt å ikkje gå lenger ned i lia (noko MiS-figuren derimot gjer), da det vert noko mindre frodig og ikkje vart funne spesielt kravfulle artar der (men t.d. vanlege artar i lungenever-samfunnet finst og det er potensial for meir). Lokaliteten er etter dette avgrensa av stort sett fattigare skog på alle kantar (mot sør, aust, vest og dels nord), og avgrensinga er generelt litt utydeleg.

Naturgrunnlag: Det er glimmerskifer i området. Lokaliteten ligg dels på ei hylle i terrenget, dels i ei brattare lisode ovom hylla, samt inkluderer eit noko fuktig søkk med innslag av mindre bergvegger i vest.

Naturtypar og utforming: Området har mykje høgstaudeskog i vest, litt fattigare skog med småbregnemark og dels blåbærskog i aust. Overgang mot bakkemyr av intermediaer karakter i søraust (med artar som kornstorr og fjelltistel).

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag. I tillegg m.a. litt furu, noko rogn, sparsamt med selje og hegg, samt lokalt noko gråor. I feltsjiktet i vest høgstauder som tyrihjel, skogstjerneblom, vendelrot, bringebær og sumphaukeskjegg. På ein bjørkestubbe vart dverggullnål funne. I tillegg eit par funn av ubestemte vedboande sopp. Lungenever-samfunnet finst spreidd, men er ikkje spesielt godt utvikla. Av råtevedmoser eit par funn av raudmuslingmose og nokre vanlege flikmoser. Eit par hol etter spetter i ein høgstubbe.

Trugsmål: Lokaliteten er nok primært truga av hogst.

Framande artar:

Vegetasjon: Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Storbregneskog (C1)

Verdisetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), men det er tross alt ein del eldre og ganske frodig lauvskog her med innslag av noko daudt trevirke. Nokre signalartar på gammal skog vart også funne og det er potensial for raudlisteartar.

Hensyn og skjøtsel: Det viktigste omsynet vil nok vere å la området få ligge mest mogeleg i fred i framtida.

Vernestatus

Ingen vernestatus

Kjente trusler

Skogbruksdrift og



Artsliste for lokaliteten

| Art | RL | Områdetype | Viltvekt | Dato | Tidsserie | Kilde |
|-----------------|----|------------|----------|------------|-----------|-------------------|
| Puteglye | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Lungenever | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Skrubbenever | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Grynfiltlav | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Dverggullnål | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Gammelgranlav | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |
| Raudmuslingmose | | | | 02.11.2008 | | Feltundersøkelser |

Observatør(er)

Geir Gaarder.

Litteratur



Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

| Naturtyper-mosaikk | Utforming-mosaikk | Andel |
|------------------------|------------------------|-------|
| Bekkekløft og bergvegg | Bekkekløft | 40% |
| Gråor-heggeskog | Liskog/ravine | 30% |
| Gammel lausveg | Gammel bjørkesuksesjon | 30% |

Tilstand

Feltsjekk

02.11.2008 (siste)

Beskrivelse

Lokalisering: Skildringa er ut frå eigen tur 02.11.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av Surnadalesfjorden nesten ute ved Torvika. Mykje av lokaliteten er fanga opp gjennom MiS-undersøkingar (MiS-figur 55), men det er litt avvik. Her er lokaliteten forlenga litt i øvre delen, da

den mest frodige skogen ligg oppe i brattlia og søkket her. I tillegg er bekken inkludert, da denne utgjør ein sentral del av miljøvariasjonen innafor lokaliteten. På den andre sidan er det, under tvil, ikkje valt å gå så langt mot vest som MiS-figuren gjer, da skogen vert gradvis litt mindre frodig i den retninga. Lokaliteten er etter dette avgrensa ganske klart mot meir påverka skog i nord (dels granplantefelt), tydeleg fattigare skog i aust, litt meir utydeleg mot fattigare skog i sør og mot gradvis fattigare skog i vest (eigentleg ein svakt kileform mot vest, der den rike skogen blir gradvis smalare).

Naturgrunnlag: Det er glimmerskifer i området. Lokaliteten ligg i ei bratt nordvendt li og inkluderer ein bekk som strømme stritt ned. Inntil bekken er det innslag av bergveggar, til dels ganske store (dvs over 5 meter høge) og litt overhengande.

Naturtypar og utforming: Det er ein del eldre høgstaudeskog her, men også innslag av litt fattigare skog, særleg i nedre delar og rundt bekken. I tillegg noko gråor-heggeskog i lia.

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag. I tillegg m.a. sparsamt med furu, samt noko selje, gråor, hegg og rogn. I feltsjiktet vanlege artar av høgstauder som sløke, turt, tyrihjel, krattmjølke og skogstjerneblom. Så vidt myske helt nedst. Lungenever-samfunnet er svakt utvikla og ingen spesielle artar vart funne (puteglye var mest kravfulle art). Litt råtevedmoser, men ingen raudlisteartar. Nokre suboseaniske moser tilknytt småkløfter inntil bekken, inkludert dronningmose og heimose.

